

Haust

Av Per Sivle

Kvar vart det taa alle dei Fuglar,
som song,
i Sumar so vænt millom Greino?
Sidan eg hørde deim
ender og Gong;
og so vart det Stilla i eino.
-Han tagnar fuglen, mot hausten.

Kvar vart det taa alle dei Blomar,
som stod
og nikkad i Ljos og Ange?
Eg ser yver bøen,
men er inkje god
faa Auga paa ein av dei mange.
-Han visnar blomen, mot Hausten.



Motiv frå Holsnøy i Meland, Nordhordland.

Med meir um desse sakene:

**Høgteknologi i heimegrendi
Asylstraum og identitet
Politisåret 22. juli
Polititroppane i Sverige**

I dette nummeret:

Megan Leo	Nattsiglarar - kvardagsliv og mystikk frå Nord-Noreg	s. 2
Stig Andresen	Franz Kafka til nye tonar	s. 2
Olav Torheim	Når naudi er størst, er hjelpi nærast	s. 3
Olav Torheim	Møt Wenche I. Sola, målkvinna og grasrotaktivist	s. 4
Olav Torheim	Noreg: Ein språkleg utkant i Norden og Europa	s. 6
Olav Torheim	Det nasjonale argumentet er det beste argumentet	s. 7
Olav Torheim	Høgteknologi i heimegrendi: Intervju med Microman	s. 8
Stig Andresen	Sufjan Stevens syng ei melankolsk livsrune	s. 10
Ornella Winter	Brainwash - handlingsretta hardkjerne-rock	s. 11
Torheim/Leo	BFOB: Metallmusikkfestival i Finland	s. 12
Martin Eggum	Hellbillies	s. 13
Martin Sellner	“Refugees welcome”: Kom krisa, kom!	s. 14
Hans Gehler	Kva er verdfullt - og kva er verdlaust? Tankar um framtid	s. 17
Hans Gehler	Intervju med Thomas Sattelberg og Haus Montag	s. 18
Olav Torheim	Tidskriftet Document.no: Usamanhangande um islamisme	s. 19
Christian Veland	Fotball og identitet	s. 22
Olav Torheim	Statsgrensene brest, men kva med dei mentale barrierane?	s. 23
Olav Torheim	Politisåret 22. juli: Ein fårleg fiksjon	s. 24
Olav Torheim	Er amatørboksing ein trygg eller fårleg sport?	s. 26
Lars Bjarne Marøy	Norske polititroppar i Sverige	s. 30
Vil Vera Anonym	Og slik går no Dagan... Og Tidi...	s. 36

Nattsiglarar - Kvardagsliv og mystikk frå Nord-Noreg

Av Megan Leo

“Nattseilere” er ein norsk mini-serie frå 1986, av regissør Tor M. Tørstad. Filmen vart spela inn i Nord-Noreg, og sjølandskapet og dei stemningsbilæti som dette skaper er noko av det som gjer denne serien so spesiell. Endå um serien kom ut i 1986, so er det framleis råd å sjå honom på NRK Nett-TV.

Ei ukjend gjenta (Vera Holte) i 14 års alder vert funni attmed havet, det er ein arm fiskar-bonde på Senja som finn henne. Han trur fyrst ho er eit dyr, og han freistar å skyta henne. Snart ser han at ho er ein menneske, og ber henne med seg heim. Der er det ein slags trollmann som bruker alle slags middel å få henne attende til livet. Endå so iskald og daut ho såg ut til å vera, so lukkast han med å få liv i henne.

Ordet um denne ukjende gjenta spreider seg til alle landsens kantar, og alle slags menneske vert forvitne etter henne. Det kjem jamvel ein russisk handelsmann på vitjing og hevdar at han er far hennar, endå um dette ikkje stemmer. Sjølv kann ho ikkje gjera greida for kven ho er, men ho avviser på det sterkaste at russaren er far hennar.

Den arme fiskarbonden vil gjerne ha henne verande hjå seg, men den lokale vær-eigaren trugar med tvangsauksjon dersom han ikkje fær henne som tenestegjenta hjå seg. So underleg



vert stoda at den unge “Piken fra havet” freistar å koma seg burt. Det er landstrykaren “Borr i Bekmørkna” (Helge Jordal) som skal hjelpe henne med dette. So mykje meir enn dette kann eg ikkje fortelja frå handlingi, sidan mykje av spaningi elles vert burte...

Manuset for “Nattseilere” vart skrive av journalist, forfattar og lokalhistorikar Ivar Enoksen, som sjølv er frå Senja. For dette manuset fekk han Amandaprisen.

Musikken som vert nytta i serien er skrive av Geir Bøhren, den same mannen som komponerte “Svalbard-tema” for filmen Orions Belte (1985) - og som dessutan laga film-musikken til “Is-slottet” (1987). Ein kjenner på litt av den same stemningi, den “gamaldagse”

keyboard-musikken hev noko iskaldt yver seg - og det svarar godt til dei nordnorske menneski sin kamp for tilværet - anten det er ute til havs i stormen eller høgt uppe i fjellhamrane for å sikra seg nokre fleire grastustar til vårknipa neste år.

Det er sers spanande å få eit lite innblikk i livet åt fatigfolk i Nord-Noreg slik det var tidlegare, få høyre på tradisjonell Senja-dialekt - som er slåande lik det som ein reknar for normalisert nynorsk - og tenkja seg korleis det hadde vore å liva i denne tidi.

Det er dessutan interessant å tenkja på den koplengi som filmen lagar til Finland. I norrøn tid vart finnane rekna for å ha yvernaturlege evnor. Her kann ein til dømes nemna den ovvene Snøfrid Svåsedotter som trollbatt Harald Hårfagre jamvel etter at ho var død (fyrst då liket revna brast trollbindingi og kongen kom til sans og samling att). I “Nattseilere” er Vera litt av ei umvendt Snøfrid: Ho er ei gjenta som vert funni død, men som vaknar til live att og må finna sin eigen veg vidare. På denne vegen møter ho både trugsmål og freistnader, men den indre dragnaden og dei indre sinnbilæti som brotstykkjevis kjem attende i minnet hennar, dei hjelper henne på rett veg.

Franz Kafka til nye tonar

Av Stig Andresen

Kafka feat. Røyksopp

Den Nationale Scene i Bergen

31.5.2015, klokka 19:30

Regi: Anders Mordal

Tekstilpassing: Harald Eia, Nadina Bouhlou og Thorbjørn Harr

Musikk: Svein Berge og Thorbjørn Brundtland (Røyksopp)

Scenografi/kostyme: Dagny Drage Kleiva

Ljosdesign: Torkel Skjærven

Skodespelarar: Thorbjørn Harr og Jan Gunnar Røise

Det var ikkje godt å vita på fyrehand korleis denne kvelden kom til å verta. Harald Eia med fylgje, tvo kjende norske skodespelarar, Kafka som humorist og jamvel Røyksopp i éi og same fyrestelling? Ei samanstilling med fallhøg, mildast tala.

Meldaren vart råka av sott same dagen og tenkte i grunnen å halda seg til sengs, men let det stå til. Det kom han ikkje til å trega på: Ein fullsett og synlegt nyfiken sal hadde sett seg då teppet gjekk upp - og det var ein ny og ukjend meteoritt som kom susande inn på scena, tone-sett med nyskriven musikk frå Tromsø-duoen Røyksopp. Ein skyna snøgt at her skulde ein få vera med på noko einestående.

Kafka hadde humor

Den tsjekkisk-jødiske forfattaren Franz Kafka tarv ikkje noko innføring hjå eit lesande publikum, den surrealistisk-dystre romanen Prosessen er fast inventar i mange heimar. I dagleg-tala høyrrer ein gjerne um “kafka-prosessar”, og nemningi “kafkaesk” vert ofte nytta um surrealistiske og dystre tilhøve. At flestalle knyter honom og forfattarskapen honom til eitkvart dystert er soleides ikkje so rart, men Kafka hev fleire sidor enn berre den dystre. Det er ikkje den dystre, men den humoristiske, som dei som stod attum kveldens teaterstykkje ynskte å framhevja. For det hev seg slik at Kafka hev skriva ei rad novellor og dagbøker som syner ein herre med stor humoristisk sans.

Det slær ein tidlegt kor mange band det finst millom Kafka og vår heimlege Hamsun når det kjem til humoristisk stil - serskilt i dei stutte novellone. Kafka var som kjent sers gild i Hamsun, og det kann ein nok drista seg til å segja at ein ser. Surrealistiske tilhøve og ikkje minst skjelsk humor merkte alle dei utdragi me fekk sjå framførde på scena.

Ei vyrdeleg framføring

Det var so mykje ein lyt draga fram her som var godt. Det løgne er at mange av dei framfotte i

teatersalen anten var komne for å få med seg musikken til Røyksopp eller for å få med seg dramatiseringi av Kafka. Det var soleides tvo ulike slags publikum som på kvar sin måte fekk innsyn i noko som trulegt var heilt nytt for dei, og vonlegt gav det meirsmak.

Røyksopp-musikken var skriven serskilt for denne festspelframsyningi, men vonlegt vert han med tidi gjeven ut på ei plata. Både region, ljósbruken og scenografien var meisterlegt gjennomført (at døri på scena ved eit uhell datt ut, tilførde berre enno meir absurd humor). Skodespelarane Harr og Røise utgjorde eit sjeldsynt par, og salen kunde til tider ikkje anna enn å hiksta av lått yver dei intense sceneprestasjonane. «Brytekampen» med Harr fanga i ein dagleg og vedvarande brjotekamp med ein ukjend granne - og «Naboen» med Røise i absurd økonomisk tevling med ein annan granne - var ikkje mindre enn briljante. Aldri fyrr hev meldaren skratta so mykje på ei teaterframføring. Vonleg kjem det ikkje til å verta siste gong dette vert framført, for her var ein vitne til både surrealistisk humor og musikk på det aller høgste nivået.

**Hugsa bladpengane!
Giro er stifta inn i bladet.**

Når naudi er størst, er hjelpi nærast

Av Olav Torheim

Alt som 17-åring vart eg konfrontert med at "Målkampen er ein tapt kamp, det innser du vel du med"? Etter å ha tenkt litt yver spursmålet, so kom eg til at det meste av det eg var uppteken av i grunnen var "tapte kampar" - anten det skulde vera EU-kamp eller naturvern. Det gjorde meg ikkje modlaus, tvert imot.

Det var no likevel betre å gjera noko - framfor å berre gå og kjenna på sinnet yver at Noreg kvar dag vert flutt endå lengre i ei stemneleid som baud meg imot. Um det so berre var ein mikroskopisk sjanse for å vinna fram, so var vel det betre enn å vera 100 prosent viss på at ein var ein av dei som dreiv med strauten.

Her kjem me til skilnaden millom oss og dei vinstreliberale: Dei aller fleste av dei er yvertydde um at dei skal vinna fram. Dei er på lag med framtidi, med utviklingi, med dei historiske lovene. Um ein undrast kvifor so mange AKP-ml'arar kunde glida rett inn i topp stillingar i offentleg byråkrati, utdaningsinstitusjonar og privat næringsliv, so finn ein nok svaret der: Det var fyrst og fremst det tradisjonelle samfundet som mange av dei var imot, ikkje den globale kapitalismen.

For oss som hev arbeidd for å halda uppe tradisjonell kultur, so hev det vore motsett. Me hev vore mottraums, "envers et contre tous". På fransk talar ein um gjera ein "gest", på tysk um "ein Zeichen zu setzen".

Dei 300 som kjempa ved Termopylane, trudde dei at dei skulde vinna? Endå dei alle døydde til slutt, so var det siste slaget ein åndeleg triumf. Dei gjekk yver i saga og gav kraft til alle som sidan hev vilja kjempa vidare.

Slutt på den langsame nedgangsbolken

Sume drøyer seg kanskje attende til 50- og 60-talet, og tenkjer at alt var so mykje betre då. Men det var nett då at nynorsken vart reinska ut or Nord-Noreg og Trøndelag. Alt det som me uppliver i dag, det såg me tendensane til den gongen med. Rene Guenon skreiv boki um krise i den moderne verdi alt i 1928.

Dei som var målfolk i etterkrigstidi hev upplivd målkamp frå skanse til skanse. Nynorsken hev tapt langsamt nok til at folk kann lata vera å bry seg.

Likeins innvandring: Professor Harald Trefall vart hetsa og hæda av di han ottast etniske nordmennar skulde verta minoritet i eige land um ei 100 års tid. Kven brydde seg vel um det? "Om 100 år er allting glemmt".

Den ovstore asyltilstrøymingi nett no, ho endrar alt dette. I haust slår UDI fast at dei treng 100.000 asylplassar - halve Island i ein jafs! Noreg stend framfor dramatiske demografiske endringar, dei fleste av oss kjem til å få uppliva det. Den langsame utskiftingi av dei nordiske folki, den langsame dialekt døden, den "vellukka integrasjonen" som gjer alle til kulturause konsumentar - han hev gjenge av hengslane og det kjem til å enda i ein smell.

Me skal vera glade at me fær uppliva det. Um ikkje det som hender no fær folk til å atter slå ring um eigen kultur og identitet, då kann ingenting gjera det. Dei neste ti åri kjem

til å verta avgjerande. Martin Sellner skriv meir um dette i stykkjet "Refugees Welcome".

Kva med nynorsken?

Alt på slutten av 90-talet var mållaget byrja tala um ein halv million nynorskbrukarar i Noreg. 15 år seinare nyttar dei same talet. I millomtid heiv folketalet vokse frå 4 til 5 millionar. Ein million menneske meir i Noreg, men nynorsken hev ikkje profitert det minste frå dette. Tvert um, som me etterviste i fyrre nummer, so er masseinnvandringi med på å driva fram den sentraliseringi i Noreg som gjer at nynorsken taper.

Når mållaget er so positive til framandkulturell innvandring, kvifor er ikkje nynorsk for utlendingar noko som dei prioriterar? Utlendingar som ynskjer læra nynorsk fortvilar yver skorten på læringsressursar. Det er ikkje nok med Bergenstesten på nynorsk, det trengst øvingsuppgåvor og øvingsmateriell med. Kvifor finst det til dømes ikkje ein nynorsk nettportal med læremidlar på nynorsk? Kvifor ingen Duolingo på nynorsk? Dette er grunnleggjande infrastruktur alle språk treng! Kva nyttar Mållaget fulltidsstillingane til?

I gamle dagar var målrørsla ei livande folkerørsla - og det sat einast tvo personar i fulltidsstilling i Oslo. No er det 10 personar på skrivarstova i Oslo, medan det lokale grunnplansengasjementet hev dauda burt. Wenche I. Sola kann fortelja oss frå ei tid då det var meir futt og fres i målrørsla.

Kvar kann me bita oss faste?

Når det meste raknar, kvar kann ein skapa lummar av serhått som stend att?

Me hev tidlegare til dømes vore innum økologiske produkt på nynorsk. Men jamvel industri- og teknologiutvikling kann vera fyremunlegt å driva med på norsk mål. I Bergen laut den store elektronikkverksemdi Nera leggja inn årane, dei var ikkje tevflefore nok, men på Tynes kann ein driva med nynorsk elektronikkutvikling og levera løysingar til heile verdi. Me hev intervjuja gründaren Kolbjørn Tvedt i dette nummeret.

Det gjeld dessutan å skapa seg frirom der det er våre verdiar som gjeld. Slik slepp me å vera i minoritet yveralt og alltid. Me hev tala med Thomas Sattelberg frå det tjodlynde ungdomshuset Haus Montag i Pirna i Tyskland.

1940-45: Norske karar var ikkje feigingar

I media vert det allvegen tala um "flyktingane" og det vert synt fram bilæte av kvinnor og born som flyktar frå krig og naud. Fakta er at mindre enn 30 prosent av asylsøklarane som kjem er frå Syria, den største gruppa av asylsøklarar som kjem yver russegrensa på Storskog er frå Afghanistan. 80 prosent av asylsøklarane er dessutan unge menn i sin beste alder, ikkje kvinnor og born. I den grad dei flyktar frå noko, so er det flukt frå obligatorisk militærtjenesta (Eritrea og Syria). Noreg pliktar ikkje gje upphelde til desertørar.

I den tåredrypende og kjensleladde

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 99156428

Skype: fivreltd5

Netstad:

<http://maalmannen.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

asyldebatten vert det stødt referert til det faktum at nordmennar flykta til Sverige under krigen, og at me difor hev plikt til å hjelpa på same måten som svenskane hjelpte oss. Til det er å svara at Sverige var eit granneland som geografisk, etnisk og kulturelt stend oss nært - og som det difor var naturlegt å reisa til. Nordmennene reiste ikkje vidare tvers igjennom Europa og Afrika for å søkja asyl i Etiopia!

Men ikkje berre det: I Sverige vart kvinnor og born internerte i egne læger der dei laut arbeida for maten. Og mennene? Dei vart slusa inn i motstandsarbeidet åt Utefronten. Som med polititroppane som Lars Bjarne Marøy tek grundig fyre seg i dette nummeret.

Helder ikkje skal me gløyma at det var heile 6000 nordmennar som melde seg til frontkjempartenesta på den andre sida i krigen. Mest like mange som det var franske friviljuge til Division Charlemagne. Frå vesle Noreg melde det seg also nesten like mange som det gjorde i eit anna land med 20 gonger so mange menneske. Dei fleste norske friviljuge reiste til Austfronten då det alt var klårt at Tyskland kom til å tapa - og at einast død og undergang venta dei. For mange var motivasjonen å få vera med å kjempa mot kommunismen som dei såg på som det største trugsmålet mot Europa. På bae sidor risikerte nordmennar livet i eit spel dei berre var småe brikkor i.

I dagsens avpolitiserde, liberale samfund kann styresmaktene nytta seg av langt "mjukare" metodar for å få viljen sin. Frontlone gjeng ikkje lenger yver ei slagmark, det er derimot alle dei småe vali me gjer i kvardagen som gjer skilnaden. Språkleg og kulturell medvitngjering er difor viktugare enn nokosinne, og her skal Målmannen framleis yta sitt!

Intervju med Wenche I. Sola

Målkvinna og grasrotaktivist

Målrørsla er meir enn berre Noregs Mållag. Nett som Noregs Mållag er meir enn berre skrivevarstova i Oslo. Kvifor kann me hevda det? Av di ei rørsla er so mykje meir enn berre ein organisasjon. I ei rørsla finn ein mange ulike personar og initiativ – folk med mange ulike interesser og sensibilitetar – men som saman freistar draga samfundet i den same stemneleidi. Ei rørsla treng ikkje berre leidarar, ho treng lokalt grasrotengasjement og ho treng ei retning å gå i. Like viktugt som fulltidsstillingar og institusjonar er det med folk som markerar seg som nynorskbrukarar i kvardagen. Folk som syter for at nynorsken i målrørsla hev ein handfast implantasjon i nærmiljøet – ikkje minst i randsonone der nynorsken er under press. Wenche I. Sola er ei av desse, og me hev møtt henne til ein prat.



Wenche I. Sola på stand for mållaget under Soladagane og Tanangerdagane 2006-2007.

1. Fyrst, fortel litt um deg sjølv. Korleis vart du målkvinna og korleis fann du vegen inn i målrørsla?

Språket mitt – nynorsken og Sola-dialekten – har støtt vore viktig for meg å taka vare på. Eg hadde nynorsk både i barne- og ungdomsskulen. Då eg gjekk på handelsskulen og gymnasen, var undervisninga på bokmål, men eg heldt meg sjølv med nynorske lærebøker.

I vaksen alder melde eg meg inn i Rogaland Mållag, der eg byrja som observatør i styret, og i 1980 var eg med og skipa Sola Mållag der eg vart den fyrste leiaren. Me var eit svært aktivt lag, med faste styremøte 2 gonger per månad i perioden 1980-1990. Dessutan var det etter måten mange gode og aktive nemnder i laget, slik som skulemålsnemnd, stadnamnsnemnd, kyrkjemålsnemnd, barnehagenemnd, studieringar og kurs.

I starten på Sola Mållag gjekk eg mellom anna på dørene for å sankta nye medlemmer. Og ein kveld eg ringde på døra til ein familie, så fortalde eg at eg kom på vegner av Sola Mållag for å sankta medlemmer. Han som opna døra hadde ikkje høyrte om noko mållag før, og eg vart beden inn og vist fram til sikringskapet. Han trudde at eg skulle mæla straumen!

Dessutan var det Sola Mållag som skipa til og dreiv Måltrosten Barne- og Ungdomslag. Der me hadde ein aktiv leikarring med 120 – 130 ungar, 2 gonger i veka og dessutan ein kveld med aktivitetar der ungane laga ulike ting. Dette ungdomslaget vart drive i 4 år, men det var diverre umogleg å finna nye personar til å ta over her då eg slutta av som leiar.

Eg hadde deretter pause frå målarbeidet i mange år, men i 2005/2006 var det tala om å leggja ned Sola Mållag. Det fekk meg på banen att. Eg tok på meg leiarombodet i to år for å byggja laget opp att med fleire aktivitetar og blåsa inn litt frisk vind i segla att. Samstundes

vart eg vald til leiar for Skulemålsnemnda i Rogaland Mållag, og der sat eg fram til 2010. I perioden 2008-2010 var eg dessutan nestleiar i Rogaland Mållag, og freista skapa meir liv i fylkeslaget med.

Tanken min var at eg skulle ta nokre år til i Sola Mållag og Rogaland Mållag, sidan eg framleis hadde mykje energi som eg kunne putta inn i målarbeid. Men eg merka at mykje hadde endra seg også her, og folk var mykje meir usamde no enn det som var stoda tidlegare. Dette var inga god kjensla.

2. 1980-talet var ei tid med mykje aktivt grasrotarbeid i målrørsla på Vestlandet. Korleis var arbeidsvilkåra i Rogaland Mållag på denne tidi – og korleis var samarbeidet med Noregs Mållag sentralt?

Det kan eg seia litt om, sidan eg også var med i styret i Rogaland Mållag, og var leiar i Skulemålsnemnda i Rogaland Mållag på 1980- og 1990-talet. Det var godt arbeidsmiljø i Rogaland Mållag og me fekk utretta mykje.

Åsmund Lien var skulemålskrivar i Noregs Mållag og ein ihuga og drivande god målmann, som var ofta i Rogaland. Eg hadde mykje kontakt med han og lærde mykje av han. Han var alltid der for oss når me måtte trenga han. Åsmund levde og anda for nynorsk og la ned eit enormt arbeid for målrørsla. Eg har i ettertid aldri opplevd nokon skulemålskrivarar i Noregs Mållag eller andre som la ned eit slikt drivande arbeid for målsaka slik han gjorde for så mange mållag kringom i landet. Han sparde aldri seg sjølv og skal ha mykje ros for innsatsen sin.

Utanom den alt nemnde Åsmund Lien, så vil eg særleg nemna Roger Lockertsen, som var dagleg leiar. Vidare skulemålskrivar Steinar Ås og dei landsmøtevalde leiarane Martha Østerås Falck og Liv Ingebrigtsen. Dei var flinke til å stå på og støtta godt opp om oss lokalt og i

fylkeslaga. Dei sette seg alle godt inn i målstoda i Rogaland og møtte også opp på viktige møte i Rogaland.

Lokallaga fekk til mykje i Rogaland, og Noregs Mållag hadde godt oversyn over stoda og handla snøgt og var på banen når det var naudsynt. Det som også var viktig her, det var at dei kjende godt dei tillitsvalde i lokallaga. Me hadde ikkje data, mobil og denslags på den tida. Men telefonen verka godt, og det var tett personleg kontakt når dette var naudsynt.

3. Nynorsken er under press i Rogaland, og som du alt hev nemnt so hev skulemålsarbeid vore ein prioritet for deg og for Sola Mållag. Kann du fortelja meir um det arbeidet som de gjorde på dette umkvervet?

I svært mange år var eg sjølv aktivt med i skulemålsarbeid og gjekk på dørene og snakka med alle foreldra som hadde born som skulle byrja på skulen. Me laga då til invitasjonsskriv som vart sendt i posten til alle foreldra. I dette skrivet gjekk det fram kva slags føremoner det har å velja nynorsk til ungane. Me la også laupetlar i postkassa. I tillegg til at me informerte om at me ville koma og vitja dei i heimane utover vinteren. Eg kan minnast at eg kvar einaste vinter hadde naglabete på føtene, fordi det var så kaldt då me gjekk frå hus til hus. Endå så godt eg kledde meg, så vart eg kald i heile kroppen.

Mange gonger gjekk eg også åleina og banka på dørene. Her råka eg mange hyggjelege folk og det vart mange diskusjonar om kvifor dei burde velja nynorsk. Mange foreldre sette namnet sitt på lista, der det gjekk fram at dei ville ha nynorsk for ungane sine som fyrste opplæringsmål. Andre ville tenkje meir på dette, og ville at me skulle koma attende seinare. Medan andre sa nei. Me baud også inn til informasjonsmøte der me fortalde om kvifor det var smart å velje nynorsk. I Sola var det i alt 7 bar-

neskular, slik at det var ein del heimar å vitja.

4. Kor godt greidde de i Sola Mållag å involvera foreldri sjølve i dette arbeidet?

Det hende at somme foreldre vegra seg for å gå på dørene, slik at me hjelpte til med dette. Men foreldra var alltid med på planleggjing og utførde alltid ein del av arbeidet her. Nokre foreldre ringde også til kvarandre i staden for å gå på dørene. Slik at me nytta mange ulike former for kontakt. Det aller nyttigaste var å gå på dørene og få underskrift, så snøgt som mogleg.

Attåt dette så jobba me aktivt på dei andre fire barneskulane med å auka talet på nynorsklevingar og freista få flest mogleg til å velja nynorsk. Me la ned eit stort arbeid her over svært mange år.

Det var ikkje berre nynorskfolk som var aktive her. Bokmålsfolk prøvde også å øydeleggja her, dessutan hende det at dei gjekk på dei som hadde sett seg på lista for nynorsk, for å få dei til å heller velja bokmål.

5. I parallellklassearbeidet er det fyrst og fremst foreldri som ein må få med seg. I skulemålsrøystingar fær det heile ein litt større dimensjon yver seg, der det gjeld um å mobilisera heile lokalsamfundet. Korleis gjekk de fram her?

Det var fleire store skulemålsrøystingar i Sola Kommune og kampviljen var stor til å vinna desse. Me hadde lagt opp til gode taktikkar og strategiske planar. Det var prenta opp og delt ut flygeblad i postkassar. Me hadde gode intervju i Sola Bygdablad.

Me gjekk aktivt på dørene til folk. Me heldt informasjonsmøte. Me hadde møte med politikarar i alle politiske parti. Me var også med på gruppemøte i politiske parti, der me fekk lov til dette. Me fylgde aktivt opp alle politikarar som var valde, og dessutan varafolka, slik at me fekk oversyn over kva dei ville røyste og korleis dei elles kom til å te seg dersom det vart fleirtal for nynorsk, uavgjort, jamt laup, eller lite fleirtal for bokmål. Me oppmoda alle i bygdene til å røysta.

6. Mange stader er det likt til at målfolk nøgjer seg med å gå mann av huse for å røysta når foreldre krev bokmål for ungane sine. Men dette er ein kamp som fyrr eller sidan er tapt dersom målfolket ikkje maktar å implantera seg i lokalmiljøet. Skulemålsarbeid er viktugt, men ikkje nok: Målet må gjerast synlegt i kvardagen. Nynorsken kann ikkje berre skrivast, han må høyrast – og han må syngjast. Kva hev vore Sola Mållag sin strategi på dette umkvervet?

Som nemnt so starta Sola Mållag opp med eit barne og ungdomslag, der me dreiv med leikarring og andre aktiviteter. Her starta me opp med om lag 120 – 130 born.

Me reiste også på leikarringstemne – som Noregs Ungdomslag skipa til – og organiserte turar med med borna. Men no driv ikkje Sola Mållag lenger med denne leikarringen, og ingen

tok over etter meg her.

Sola Mållag har også i svært mange år delt ut Norsk Barneblad, Tuss og Troll, Smørbutikk og bokpakkar – mellom anna til alle barneskulane i Sola, og dei har også delt ut bokpakkar til barnehagane i Sola Kommune. Dette har vore svært populært både på skular og i barnehagane.

I 1982/1983 vart eg vald til å vera leiar for Barnehagenemnda i Rogaland Mållag. Me laga då gode opplegg og planar for alle barnehagar i Rogaland.

Me laga også til mange kulturkveldar og bokkveldar med sal av nynorske bøker til born og vaksne. På den fyrste kulturkvelden me laga til i Sola Mållag, så møtte det opp over 900 personar som stod i kø til kulturkvelden og barnetimen.

Sola Mållag har også tradisjon for å skipa til turmarsjar for folk i alle aldrar. Tur i skog og mark er noko som dei fleste er glade i, det er dessutan noko me målfolk kan spela vidare på med di det er opplevingar der natur og kultur kan møtast i det heimlege og stadbundne.

7. Sola Mållag var i 1990 tilskipar for landsmøtet i Noregs Mållag. På denne tida var Noregs Mållag ei mykje større og sterkare folkerørsla enn det ho er i dag – og landsmøtet i Noreg Mållag hadde på mange måtar karakter av eit slags “landsstemne” for medvitne norsksdomsfolk. Kann du fortelja meir frå denne tilskipingi?

Ja, Sola Mållag laga til landsmøte for Noregs Mållag på Sola i 1990. Opplegget for dette landsmøtet la Sola Mållag fram for Noregs Mållag alt to år i førevegen. På mållagsårsmøtet i 1988 hadde me laga til ei flott mappa som alle landsmøteutsendingane fekk kvart sitt eksemplar av. Sola Kommune var svært positiv til landsmøtet og gav ei raud rosa på kvart overnattingsrom med ei velkomme-helsing. Dessutan kom Sola Mållag med andre gåver til landsmøtet.

Me skipa mange nemnder som jobba i to år fram til landsmøtet. Til dømes kulturkveldnemnd, matnemnd, vegnemnd, kyrkjemennd, økonominemnd, innkvarteringsnemnd og turnemnd. Nemndene arbeidde aktivt med dette i to år fram mot landsmøtet. Sjølv var eg landsmøtegeneral og leiar i hovudnemnda til landsmøtet, og dessutan deltokar i alle undernemnder.

Sola Mållag stod også for all matserving under landsmøtet. Me slapp å leiga inn folk, slik ein ofte er nøydd til i dag, diverre.

Noko av grunnen til at eg nemner landsmøtet me laga til er det at Noregs Mållag har lagt om stilen på svært mykje no for tida. Til dømes er det slutt på det at lokallaga skal laga til landsmøtet sjølve. Noko eg tykkjer er svært negativt. Denne oppgåva lagar ofta ny giv i mållaga og laga kan også tena seg ein og del pengar på dette, slik at ein har pengar til å driva målarbeid. I tillegg til at landsmøta som lokallaga

laga til var mykje betre enn det som styret i Noregs Mållag greier å få til i våre dagar.

8. Det er spanande å høyra deg fortelja frå ei tid då målrørsla enno var på hogget. Kva hev du å segja um stoda i Noregs Mållag i dag? Og kva slags framvegar ser du fyre deg for målrørsla i dag?

Det var ein stor nedtur å oppleve kva slags organisasjon Noregs Mållag hadde vorte då eg kom attende i 2006. Det gjeld både måten dei tilsette og sjølve leiinga i hadde utvikla seg på, og, ja, heile organisasjonskulturen i Noregs Mållag. Mykje verka så framandgjordt, avstanden mellom sentralleiing og lokallekk var mykje større – og viljen til å gjera noko eller ta kontakt i høve til det som var signalisert inn til sentrallekken var minimal. Eg opplevde også at Noregs Mållag ikkje var særleg interesserte i oss lokale målfolk, i dei lokalt tillitsvalde og det som hende på lokalt plan. Det var ikkje nokon stor giv eller glød att.

Eg undra meg også kvifor ein ikkje har teke vare på all den gode visdomen som var i Noregs Mållag før. Til dømes om korleis ein best mogleg skal driva målarbeid, korleis ein skal arbeida for eit aktivt skulemålsarbeid, korleis ein skal ha ein aktiv og nyttig og god kontakt med lokallaga. Her er mykje hardt opparbeidd kompetanse vorte skusla bort.

Eg hadde også nokre gonger kjensla av å verta motarbeidd av mållagsleiinga. Og eg kjende meg ikkje att i den målrørsla eg hadde arbeidd aktivt for og vore med i så mange år tidlegare. Eg freista etter måten mange gonger å informera om korleis det stod til med «skrifta på veggjen» og kor skralt det stod til på ymse område og kva tiltak NM burde setja i verk – utan at ein tok dette noko særleg på alvor. Det kjenner seg mange gonger så fånyttas å gjera noko slag når responsen er så dårleg.

Det var trist å oppleve det som skjedde i Norsk Målungdom med triksing av medlemsspengar og medlemmer. Likeins den måten Liv Ingebrigtsen vart tvinga til å avslutta leiarperioden sin på i Noregs Mållag. Og elles anna som fylgde i kjølvatnet her. Eg har også problem med å forstå at personar har problem med å seie orsak til Liv Ingebrigtsen for måten ho vart handsama på. Noregs Mållag har tapt mykje på dette og har dessutan mist mange gode målfolk, til dømes i Rogaland.

Nynorskfolk burde vera flinkare å stø opp om kvarandre, i staden for å bryta kvarandre ned – nynorskfolk kan diverre vera gode til slikt. Dersom ein hadde lagt til rettes for å stø kvarandre og saka, så hadde nynorsken også stått mykje sterkare enn han gjer. Folk må syna at dei bryr seg i praksis og at dei også er med å støtta somme tiltak. Ros er mykje betre enn ris.

Dette er ei nedstytt utgåva av eit lengre intervju som kann lesast i sin heilskap på nettstaden maalmannen.no.

Noreg - ein språkleg utkant i Norden og Europa?

Av Olav Torheim

Det hev med jamne millomrom kome politiske utspel frå Høgre og FrP med krav um å gjera nynorsk valfritt i skulen. Argumentasjonen hev som regel stødt vore den same, nynorsk er eit språk som dei fleste "ikkje hev bruk for" i kvardagen – og som ein difor bør få sleppa. At nokon kann meina at ein nasjon ikkje hev bruk for sitt eige språk skulde normalt vera uppsiktsvekkjande i seg sjølv, men slik er det altså ikkje i den norske ålmenta av i dag. Ei ålmenta som er parkert i utkanten, både i europeisk og nordisk perspektiv.

Fyrst kom dei for å ta nynorsken, men det stoggar visst ikkje der. For ikkje so lenge sidan kom Kristeleg Folkeparti med framlegg um å gjera framandspråk nummer 2 til valfag i skulen ("KrF vil gjøre tysk, fransk og spansk til valfag i skolen", Dagen 21. mai 2015). Det heiter å gjera språk som tysk, fransk og spansk til valfrie emne. Argumentasjonen er ikkje ulik den som er vorten nytta mot sidemålet: Dei som hev problem skal rett og slett berre få sleppa. Tysk og fransk er likevel ikkje språk som serlegt mange hev bruk for i kvardagen...

Stengde dører mot Europa

Dei som segjer at tysk og fransk er språk som folk flest ikkje hev bruk for i kvardagen, dei hev visselegt eit poeng. Di færre personar det er som meistrar eit språk, di færre høve vert det til å bruka det. Dagens ungdom veit nok meir um kva som hender på MTV og Netflix enn kva som gjeng fyre seg i det sentrale Europa, både kunnskapen og interessa for desse landi er so godt som null. Det gjeld ikkje berre ungdomen, det gjeld heile den norske ålmenta.

Dette problemet uppliver me alle som hev vore utanfor Noregs ei grens ei tid: So godt som ingen å snakka med når ein kjem «heim att» – og då tenkjer eg ikkje berre på det reint språklege. Kva med å reflektera litt yver korleis ein skal hevja nivået, framfor å kapitulera totalt slik partipolitikarar yver heile det borgerlege spekteret no tek til ords for?

Me nordbuarane er so heppne at me hev vårt eige klassiske språk: Norrønt. For 1000 år sidan vart det skrivne verdslitteratur i serklasse på dette målet. Likevel er interessa for dette målet i dag so godt som null. Hadde nokon i Italia kome og påstått at latin var uviktig? Eller hadde nokon i India vilja hevda noko tilsvarande um sanskrit? Visselegt ikkje. Slik var det helder ikkje her i gamle dagar. Me hadde landsgymnas på Voss der norrønt var



eitt av språki som ein var nøydd til å læra seg. Kva hev hendt sidan den gongen?

Sanningi er at språkstoda i Noreg hev gjort oss til ein utkant i Europa...

Noreg er eit lite språksamfund, det er berre fem millionar av oss, og marknaden for å umsetja bøker og gjeva ut blad og tidskrift er soleides sers avgrensa, jamført med dei store språksamfundi. Tysk er derimot morsmålet til meir enn 90 millionar menneske, medan fransk på si sida er morsmålet til 77 millionar menneske. Attåt dette kjem 140 millionar som hev fransk til sitt andrespråk.

Tyskland hev Der Spiegel, Die Zeit, Frankfurter Allgemeine, Junge Freiheit... Frankrike hev Le Monde, Figaro, Liberation, Rivarol... Noreg hev Dagbladet, VG og... eh, Morgenbladet og Dag og Tid?

Når Die Zeit skal melda ei ny bok um eit politisk eller historisk emne, so finn dei fram til ein kompetent bokmeldar som gjerne sjølv hev ein doktorgrad i eit tilgrensande emne. Når Dagbladet skal melda ei bok, so er det gjerne ein av deira eigne journalistar som sjølv skal synsa um innhaldet i boki og gjev henne eit terningkast. Verst av alt vert det når ein journalist skal synsa um det som ein annan journalist alt hev synsa um...

Stengde dører mot Norden

Sa eg utkant i Europa? Me hev gjort oss sjølv til ein utkant jamvel i Norden. Og det takk vere det einaste språket som det ser ut til å vera semja um at me hev "bruk for": Bokmålet. Fram til 1907 so var det ingen skilnad millom riksmål og dansk. Bøker som kom ut i Danmark vart lesne både i Danmark og Noreg – me var eitt og same språkhopehavet. Men med kvart som den norske målreisingi vann fram og byrja pusta det danske målet i nakken, so fekk me ein reaksjon der ein freista gjera

det danske målet "norsk" med di ein vilde tilmåta ortografien etter "dannet dagligtale" – det var den norske yverklassen sin freistnad på å tala dansk, med norsk aksent, til dømes med harde, norske konsonantar i staden for dei blaute danske.

Resultatet av dette var at me fekk ein barriere millom bokmål/riksmål og dansk. Folk slutta å lesa bøker på dansk. Dansk litteratur lyt i dag umsetjast dersom nordmenn skal lesa honom. Den danske ålmenta er i dag avstengd frå den norske.

Berlingske Tidende, Weekendavisen, Jyllandsposten... Korleis hadde nordmenn sett på karikaturstriden i 2006 dersom dei sjølv hadde lese dei danske avisone? Korleis hadde det offentlege norske ordskiftet vore dersom publikum hadde havt innblikk og høve til å jamføra med det danske?

Noreg låg under Danmark i 400 år. I dei fleste tidlegare koloniland so er det slik at ein anten hev halde fram å nytta kolonimålet eller ein hev atterreist sitt eige, gamle mål. I Noreg hev me ikkje gjort nokon av delane: Me hev moderert og flikka på det danske målet og gjort det til eit upphøgt, sernorsk normal-talemål for ein elite. Slik hev me greidd det kunststykket å kutta bandi både til vår eigen nedervde tradisjon og til umverdi.

Resultatet ser me i dag: Viktuge ordskifte og hendingar ute i Europa når aldri fram til det norske folket. Det me fær rapportert i norske media er filtrert og sensurert av sjølvutnemnde "ekspertpanel".

Kven skal opna dørene?

Martin Luther vilde lata folk få Bibelen på sitt eige mål og soleides få høve til å lesa og tenkja sjølv. Nett det gjorde honom so færlig...

Det som er sikkert er at det trong ikkje um å vera slik som det er i dag. Me kunde framleis ha lært oss dansk og havt tilgang til den danske ålmenta. Me kunde ha lært oss klassisk norsk, høgnorsk, og knytt språklege band både vestetter til Island og Færøyane – og ikkje minst til det største nordiske språksamfundet av alle, det svenske, med mest 10 millionar menneske. Det norske målet kunde verta bindelekk.

Dialekt, nynorsk, tysk og fransk mål – alt dette er ein rikdom. Vil me stengja dørene til denne rikdomen eller vil me opna dei? Målmannen vil gjera sitt til å halda desse dørene opne.

Det nasjonale argumentet er det beste argumentet

Av Olav Torheim

Leidar i Riksmålsforbundet, Trond Vernegg, hev eit innlegg på prent i Dagbladet den 7. juli 2015 der han hevdar bokmål og nynorsk baa er like mykje norske. «Selv om språkhistorie er interessant, befinner vi oss i 2015. Riksmål er ikke dansk,» skriv han.

Um artikkelforfattaren sitt poeng hadde vore at både bokmål og nynorsk er språk som hev fenge hevd og tradisjon i Noreg, og som er komne for å verta verande, so er det sikkert mange som kunde ha sagt seg samde. Kor som er, det stoggar ikkje der for Vernegg:

«Vi vil at målformen for statsansatte innen et fylke ikke skal avgjøres ut fra hvilken målform flertallet av kommuner i fylket velger, men ut fra målformen for flertallet av innbyggere»...

Noreg vert stødt meir sentralisert, og folketallet i storbyar som Bergen berre aukar på. Ei av drivkreftene for denne storbyekspansjonen er framfor alt ei massiv innvandring til Noreg, der flestalle endar som bokmålsbrukarar i dei store byane. Um målformi i eit fylke skulde vurderast ut frå kva slags mål det er fleirtalet av menneski i fylket nyttar, og ikkje ut frå fleirtalet av kommunane i fylket, so hadde det snart vore farvel til Hordaland som nynorskfylke på det sentrale Vestlandet. Ein vilde sitja att med Sogn og Fjordane, som det i samband med den varsla kommune- og fylkesreformi hev vorte teke til ords for å leggja ned.

Bokmålet er røtt i dansk mål

Trond Vernegg polemiserar imot dei som hevdar at bokmålet er “dansk”, men kven er dei som meiner dette? Det som derimot er ei kjensgjerning er at nynorsk og bokmål målber tvo vidt ulike tradisjonar: Nynorsken, skriftfest av Ivar Aasen, er tufta på norske målføre som stend i ei ubroti lina attende til gamalnorsk – ein kallar det nynorsk for å skilja det frå gamalnorsk og millomnorsk som er dei tvo tidlegare stadia som norsk talemål hev vore igjenom. Bokmålet er derimot tufta på Knud Knudsen sitt prosjekt med varsam tillemping av dansk mål til det ein kalla for «dannet dagligtale» – norsk uttala av dansk skrift. Knudsen sitt prosjekt vart faktisk møtt med sterk motstand frå riksmålshald, det var fyrst då nynorsken tok til å pusta det danske målet i nakken at prosjektet med å reformera dansken fekk vind i segli: Fram til den fyrste rettskrivingsreformi i 1907 var det ingen skilnad millom riksmål og dansk i det heile, og

danske bøker vart ikkje umsette. Dansk-norsk, kann ein med rette kalla riksmålet for.

Dei som er i tvil um kvar dagsens bokmål hev det historiske tyngdepunktet sitt, kann til dømes blada litt i «Våre arveord» av Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman. Eit lite mindretal av bokmålsordi vert forklåra med at dei hev upphav i norrønt, medan flestalle oppslagsordi elles vert forklåra med at dei er «lån» frå «gammaldansk». Må ein ikkje til slutt spyrja seg um det snarare er dei fåe norskrotte ordi som er lånte inn i eit språk som udiskutabelt hev røtene sine i dansk?


Språkvalet er eit verdival

«Du skriver like norsk som meg. Jeg skriver like norsk som deg. [...] Ditt språk er like mye verdt som mitt. Mitt språk er like mye verdt som ditt.» Her er det openbert at Vernegg blandar i hop lik verdi med lik nasjonalkarakter. Kven er dei som meiner at norsk mål er meir verdt enn det danske – eller meir verdt enn engelsk eller kinesisk for den saks skuld? Me treng alle dei ulike språki, og då må nokon faktisk bruka dei. Det språket som nordmenn fyrst og fremst hev skyldnad til å taka vare på er vårt eige nedervde norske språk. Riksmålsforbundet arbeider derimot for å halda bokmålet nærast moglegt til det danske utgangspunktet.

Vernegg inviterar til underkasting

Det Vernegg tek til ords for er å marginalisera nynorsken ut frå eit reint liberaldemokratisk perspektiv der nynorskfolk alltid er i mindretal og difor aldri skal ha noko dei skulde ha sagt. Diskusjonen um bokmål/nynorsk skal also flytjast burt frå kvalitative vurderingar og argument um kva slags språk som ut frå historiske, sosiologiske, ideologiske og politiske grunnar er det mest høvelege å nytta i Noreg – og yver til ei reint kvantitativ konstatering av at bokmålet vert nytta av flest og difor hev krav på å få ekspandera på kostnad av nynorsken.

Det er ikkje ein invitasjon til å gjera slutt på målstriden som Vernegg kjem med, det er eit krav um at målstriden skal førast vidare på riksmålsfolk sine premisser. Nynorskfolk skal få kjenna på presset frå bokmålet av di me er i minoritet, jamvel langt inn i våre eigne kjerneområde på Vestlandet, og samstundes skal bokmålsfolk ha seg fråbedne å høyra at dei nyttar seg av eit mål som hev upphavet sitt i dansk. Ein vil also ha bukti og baa endane, medan motparten skal tegja.



Dersom jeg skal si min personlige mening, saa er den norske maaleisning berettiget. Det sprog vi taler og skriver er jo dansk. Det gaar ikke an at nægte det. Det blev jo indført av danske embedsmænd. Disse herrer burde jo selv ha lært norsk. Men istedet begynte deres undergivne at tale dansk som de, fordi man trodde dansken var saa meget finere. Dette gjorde meget til at svække den norske nationalitetsfølelse, og det er saa rimelig at den nationale vækkelse vil gjøre ende paa den tanke, at dansk er saameget finere end norsk.

(Kong HAAKON)
Norsk Barneblad 1933

Mindretalspråk må vera eksklusive

Nynorsken var i si tid nær ved å slå igjenom som eit fullgodt språk for heile landet. Skulemålsprosenten auka jamt gjenom heile millomkrigstidi, og toppa seg med 34 prosent i 1943/1944. I dag er det ikkje til å koma i frå at nynorsken er eit mindretalsmål. Nett difor treng nynorsken kvalitetar som oppveg dei ettermunene det inneber å vera ein språkleg minoritet. Dei historiske og nasjonale argumenti er dei beste argumenti me hev for at nynorsken hev tilværeretten i Noreg. Det var det som var grunnen til at nynorsken vart til den gongen dansk mål rådde grunnen i Noreg, og det er ikkje vorte noko dårlegare argument i våre dagar. Tvert imot, i mange sektorar og næringar er det i dag engelsk mål som rår – um dei i det heile vert verande i Noreg og ikkje flaggar ut til lågkostland i Asia. Kvifor ikkje nytta ekte norsk på dei umkvervi der det framleis er høve til å nytta norskt mål?

Lat oss stridast med blanke våpen

Bokmålsfolk er i fleirtal, men å ha fleirtal er ikkje det same som å ha rett. Vernegg sitt innlegg er ei påminning um at målstriden ikkje er forbi, endå um mange sovande målfolk let til å tru det. Det at nynorsken er eit rotekte norskt mål er det beste argumentet me hev i møte med bokmålsveldet. Når Vernegg vil bjuda upp til dans, so er det upp til oss å velja skor...

Høgteknologi i heimegrendi: Intervju med Microman

Av Olav Torheim



Nokre av produkti som Microman frå gammalt av hev levert løysingar til.

Medan globaliseringi hev ført mykje norsk industri og teknologi ut or landet, so hev Kolbjørn Tvedt og verksemd i hans, Microman, gjenge den andre vegen. Han flutte heimatt til Lundegrend på Tysnes i Sunnhordland, og der utviklar han nisje-elektronikk for fiskeindustrien – med heilnorskt mål til arbeidsspråk. Me hev teke ein prat med Kolbjørn Tvedt, og det er ei suksesshistorie um nynorsk næringsutvikling som han kann fortelja oss.

1. Fortel oss litt um Microman. Korleis uppstod verksemd i, kva slags produkt er det som de utviklar – og korleis hadde det seg at de vart lokaliserte på Tysnes?

Microman A/S starta opp i 1986 som ei aksjeverksemd. Den gongen var det særskilt prosessstyring med PLC-einingar for føring av fisk som var hovudproduktet. PLC-einingane var ferdige system, utvikla av større fabrikantar i utlandet – der vår oppgave var å sy saman program til kundane våre. Sidan me alt på syttitalet hadde fått med oss utviklinga innan mikroprosessorar og analogteknikk frå arbeid i ABB Austevoll og Stord Data, so vart det til at me utvikla spesielle elektronikk-einingar til føring av fisk og andre spesielle oppdrag. Mellom anna mikroprosessorstyrde kort for simulering av analoge signal til jetmotorar som skulle benketestast i hangar – der signala simulerte fart, høgd og andre viktige inndata. Utetter på nittitalet vart PLC-einingane bytte ut med eigenutvikla elektronikkssystem, alt etter ynskje frå kundane våre.

Verksemda har vore lita i tal på personar som har hatt sitt arbeid der: Alt frå tre personar til no berre meg sjølv. Det heile starta med at eg etter mange år borte frå heimstaden min ynskte å flytja attende til staden eg vaks opp og der eg hadde familie. Eg skjønna vel ikkje då som relativt ung mann at dette kunne verta tøft i lengda, – både med skort på oppdrag og lite fagmiljø. Men faktisk har det gått bra

når eg no ser det i eit attendeperspektiv.

2. De er ei høgteknologiverksemd som held til i Lundegrend på Tysnes, ikkje langt undan Vevatne der det etter det Tacitus fortel vart utført seremoniar til ære for gudinna Nerthus (Johannes Heggland si tolking av den antikke historikaren). Kva slags tankar hev de gjort dykk um å vera på slike eldgamle historiske trakter og samstundes utvikla høgteknologi for framtid?

Eg er relativt bra interessert i saga og kulturen kring det du nemner her, men Tacitus og Nerthus har ikkje vore i tankane mine i høve mikroteknikk og transistorar. Eg har lese det meste av Heggland og har stor vyrdnad for det han fekk til som historikar og forfattar.

Vevatne har eg sterke relasjonar til, sidan eg drikk det kvar dag frå springen min, og sidan eg har utvikla all elektronikk til vassverket der. Eg ser det slik at menneske gjennom tidene har tenkt mest på notid og litt på ei framtid, – fortida var den ho var, men i naudsynt ballast for planlegging av framtida. Slik er det med oss her òg, å sitja på historisk grunn kan nok ha ein positiv påverknad i so måte.

3. Dei fleste som greider å driva med elektronikkutvikling i Noreg hev funne seg ein “nisje” som gjev dei ein fyremundsynes konkurrentar i utlandet, som geografisk nærleik til kundane dei utviklar produkt for. Til dømes er det mange firma som arbeider med elektronikk som skal nyttast til installasjonar i Nordsjøen. Til liks med oljeutvinning på havbotnen so hev Noreg vore eit pionerland når det kjem til fiskeoppdrett, og her hev de greidd å posisjonera dykk med elektronikk for mateautomatar og vaksinerings. Trur de at de greider å halda på denne posisjonen eller vert det vandslegare med kvart som oppdrettsnæringi hev spreidd seg ut til andre land som til dømes Chile?

Som du nemnar her er nisjeproduktet einaste me kan satsa på i Noreg i dag, det

heiter produkt som er mynta på næringar som har kapital og vil ha skreddarsydd løysingar til verksemda si. Me har alltid vore underleverandør til produkta me har utvikla og har difor hatt lite kontakt med sal og marknadsføring i so måte. Men når det er sagt, so har me alltid fått beinveges og omveges attendemeldingar frå brukarane vore, – som atter har ført til justeringar av produkt og programvare. At me har nærleik er av vital nytte, me har mesta vakse opp med oppdrett ikring oss – samstundes som det har vore nærleik til industrien på Stord, Austevoll, Bergen og inne i Hardangerfjorden. Eg trur me i framtida alltid kjem til å ha ein føremon av dette, og er ikkje særskilt redde for tevlarar i dette høvet. Me produserer framleis styringar til Lumic AS sine vaksineringsmaskiner og er no inne i ein større oppgradering av utstyret der lengda på fisken automatisk styrar stikkpunkt og sortering. For å hengja med er det nok viktig å alltid vera føre var enn etter snar. Er ein etter er ein alt vorten for sein.

Du nemnar Chile, der har me levert mykje utstyr gjennom tidene. Akkurat i desse dagar har me utvikla ei PLC-styring for Thermolicer, ei maskin for å avlusa laks og aure, ei maskin som no vert testa ut i Chile og her heime.

4. Å driva produksjon i Noreg er ikkje lett, med dagsens kostnadsnivå. Å laga standardprodukt er so godt som umoglegt, sidan ein kann få den same jobben gjord mykje billigare i Asia. For dei som lagar elektronikkprodukt i Noreg er det difor viktugt å ha “det vesle ekstra” som kann gjera deira produkt til noko meir enn berre eit standardprodukt. Tykkjer de at det å nytta seg av nynorsk hev hjelpt dykk med det same?

Sokalla standardprodukt i masseproduksjon er umogleg å framstella i dagens Noreg, vil eg meine. Det heiter, me kan ikkje tevla med land som har mykje mindre kostnader i høve arbeid enn oss sjølve. Men denne problematikken er også ein dynamisk prosess, noko som atter på sikt endrar kostnadane i andre land og tider kan koma tilbake til det det ein gong var. Alto, Noreg må førebu seg på tida etter olja.

Som det er sagt over her, so må me for tida satsa på nisjeprodukt og nytta godt av nærleiken til marknaden, slik sett ser eg lyst på framtida for oss sjølve og andre i bransjen.

Språket har for oss i firmaet alltid vore


nynorsk, noko som stort sett høver godt på Vestlandet. Me bruker nynorsk der det høver best, men svarar på korrespondanse med det målføret kunden vil bruka, – anten det no er bokmål eller engelsk. Me har faktisk fått fleire positive tilbakemeldingar om akkurat dette ved å bruka nynorsk, noko me set stor pris på sjølvsagt.

5. Bokmål vert ofte rekna som det “nøytrale” og “trygge” valet for folk i næringslivet – noko av grunnen til at nynorsk vert lite nytta i næringslivet er gjerne at ein er redd for å verta knytt upp til alle dei andre fyrstellingane um kva det vil segja å vera nynorskbrukarar. Samstundes hev mange verksemdar lukkast med å nytta nynorsk til å skapa ein eigen identitet kring eigi verksemd og egne produkt. Økologisk mat på nynorsk er ferske dømme, som med Isrosa og Homlagarden i Hardanger. Korleis hev dette vore for dykk, hev det å nytta nynorsk vore eit pluss eller eit minus i dykkar næringsverksemd?

Eg meiner nynorsk høver like godt til mikroprosessorar som om det var til gamalost og hardangerbunader. I mine krinsar, det er mellom kollegaer som arbeider langs kysten med høgt teknologi, so er det faktisk ‘inne’ å skriva på nynorsk. Dei fleste eg korresponderer med bruker nynorsk og er byrge av det. Me har ikkje problem å uttrykkja oss om det eine eller andre grunna nynorsken, slik sett vil eg heller seia det motsette, – det er meir naturleg for oss på alle måtar. Om det er identitetsskapande veit eg ikkje, men eg trur det vert lagt merke til og er ikkje noko til hinder for verksemda vår.

6. I våre kommunesamanslåingstider vert det tala mykje um å byggja upp “robuste einingar” med store fagmiljø som kann levera effektive tenestor. Samstundes syner etterrøkjingar at det er i dei småe kommunane at tenestone fungerer best. Med betre samferdsel og internett-tilgang skulde ein tru det vart lettare å halda uppe desentraliserte strukturar, og ikkje vandslegare. Um me skal draga ein parallell til næringslivet, korleis er det for dykk å vera ei teknologibedrift på vesle Tysnes? Kjenner de dykk litt fagleg “einsame” i kvardagen eller er det snarare slik at det å vera ute i distriktet og samstundes på aksan Bergen-Stavanger gjev dykk eit betre utgangspunkt enn um ein var innestengd i ein storby?

Tysnes var tidleg ute med fiber-nettverk, og slik den elektroniske infrastrukturen er i dag kan teknologiverk-



Nytt produkt: Det runde kortet er bruka i eit instrument som mæler bylgjehøgdi, temperatur, ljøs og straum i sjøen. Det er sett i hop av ytemonterte krinsar (Foto: Kolbjørn Tvedt).


semder vera kor som helst. Dette er kanskje ikkje stoda der verksemdene produserer varer i volum og vekt, – der transport er viktig. Men «bits and byte» er som skapt for desentralisert verksemdsaktivitet. Arbeidskollega og godt miljø er visseleg viktig i forskning og utvikling, slik sett plar eg alltid seia til dei unge som skal byrja for seg sjølv i heimekommunar eller mindre stadar, – at dei fyrst må få nokre års røynsla i større verksemdar der dei kan knyte kontaktar og få god kompetanse.

Dette med kommunesamanslåing og liknande har vel mest å seia for sjølv den kommunale drifta på godt og vondt, og heller lite å seia for dei einskilde verksemdene, vil eg tru.

Å driva verksemd på landsbygda eller i byen har sine ulemper og kvalitetar i bae læger, til dømes må eg personleg ta meg ein skogstur når eit teknologisk problem må løysast, – det er min medisin. Dette er nok nokso individuelt for dei fleste, vil eg tru. So min konklusjon er at so lenge me har telefon, breidband og bil so kan landsbygda fungera godt for teknologiverksemdar, – eller kanskje endå betre?

7. Eit siste spursmål som helst er for dei spesielt interesserte, men som eg, elektronikkingeniøren, sjølv er serskilt nyfiken på: Er det nokon serskild grunn til at de nyttar dykk av Motorola-prosessorar i produkti dykk? No um dagen finst so mykje å velja millom, som til dømes mikrokontrollarar frå Atmel og Microchip eller ymse slags SoC-løysingar med ARM-kjerne, og so burtetter. Hev de nokon serskild preferanse for Freescale sine gamle Motorola-produkt eller er det meir historiske grunnar til at de held dykk til denne?

Kvifor eg brukte og brukar Motorola-mikrokontrollarar, det er i grunnen lett å svara på. Du nemner historiske grunnar, noko som er heilt rett. Eg er, og var ikkje, nokon ungdom lengre – då eg ved



Innovasjonen gjeng vidare: Her er me på laboratoriet og ser eit PLC-prosesserprogram til ein avlusar for laks som Microman held på å utvikla no for tida (Foto: Kolbjørn Tvedt).

tusenårsskiftet måtte ta ei avgjerd om byta prosessor. Eg hadde frå slutten av 80-talet av brukt Motorola 6805 i mesta ti år, men då me entra det nye tusenåret so gjekk den aktuelle prosessoren brått ut or produksjon. Skulle ein då kjøpt få utvikla noko, og samstundes halda produksjon og økonomi på eit respektabelt nivå, så måtte eg handla kjøpt. Det å byta prosessor til eit anna fabrikk var då uaktuelt for meg grunna tida det kom til å ta å setja seg inn i ein ny type, – og samstundes måtte ein vera trygg på at den nye prosessoren var på lager i åra frametter. Leverandøren lova tryggleik for alt dette i og med at Volvo den gongen brukte same prosessoren i bilane sine (Det er eit generelt problem for krinskortutviklarar at ein ikkje veit kor lenge visse integrerte krinsar er tilgjengelege på marknaden. At ein integrert krins vert nytta i ein bil er normalt ein trygg garanti for at han trengst i store volum yver lang tid, red.). Både i oppbygning og i brukarfilosofi so var den nye HC12-serien mykje lik dei eldre prosessorane, og eg kunne jamvel bruka nokre av dei eldre subrutinane eg hadde frå 6805-serien.

Framigjennom og opp til dags dato so gjekk me – som tidlegare nemnt – meir og meir over til å bruka ferdige elektronikkar av typen PLC (PLS). Det skriv seg frå det faktum at me måtte kunna lova reservedelar for framtida. So valet av Motorola-komponentar i dette høvet var nok av historiske grunnar, og det at oppbygning av kjerne og program var litt likt med dei eldre typane prosessorar frå Motorola. Hadde eg vore yngre og hatt kapasitet og økonomi til det, so ville eg nok heller ha kika litt meir på mikrokontrollarar frå andre leverandørar – som til dømes dei du nemner i spørsmålet ditt.

Sufjan Stevens syng ei melankolsk livsruna

Av Stig Andresen

*Sufjan Stevens,
«Carrie & Lowell»,
Asthmatic Kitty, 2015*

Ut anum det uvanlege fyrenamnet so hadde eg i grunnen aldri høyrte korkje på elder um denne nordamerikanske multi-artisten, Sufjan Stevens. På 17. mai vart namnet hans lagt fram i festlegt lag som «noko du kjem til å lika». Den 18. mai låg ein sliten kar på sofaen og lydte til mektige saker frå Stevens...

Det fyrste ein lyt hava klårt fyre seg er at dette er hovudsakleg tekstdriven musikk. Musikalsk er det sers vent å lyda til, måvita – med Stevens si øyrevenlege røyst og hans småe arrangement med gitaren attum. Kor som er, dette er musikk ein set seg til i godstolen og berre lyder til. Stevens er kjend som ein musikal med eit sers mangslunge livslup attum seg (han hev millom anna gjeve ut heile album tileigna amerikanske delstatar – «Michigan» frå 2003 og «Illinois» frå året etter, elektronisk inspirerte album og jamvel ymse slags kristeleg musikk). Han endrar stødt musikalsk innhald og sjanger, endå um den særskilde lågmælte røysti hans er eit kjennemerke. So kom det som platemeldar etter platemeldar hev framhevja som truleg høgdepunktet i livslupet hans og ei av dei sterkaste platone i år generelt – «Carrie & Lowell».

Ein tøff barndom og ei fråverande mor

Plata er skrivi med utgangspunkt i at mor til Stevens døydde i 2012. Sufjan sat rett attmed henne på dødslægjet. Sjølv tite-len på plata ber namnet til mor og stykfar hans som bae spela store rollor i livet hans, um enn på ulike sett. Mori var bipolar, schizofren og leid av rusmisbruk heile livet. Ho let borni, Sufjan og broren Marzuki, vera heime åleine etter måten mange gonger i dei tidlege åri deira: «when I was three, three maybe four, she left us at that video store» som han syng i «Should have known better». Der mori svikta slik, tok stykfare Lowell yver og var ei klippra i livet til borni.

Noko av det mest hugvekkjande med Stevens er at han er ein truande mann som ikkje løyner dette i ein bransje der helst anten skal vera «kristen artist» (og med andre ord halda seg til den avgrensade nisjen) elder ein skal vera «som alle andre» (altså «progressiv ateist»). Opn-



ingssporet «Death with dignity» (Død med verde) råkar ein rett i magegolvet, og denne kjensla heldt seg plata ut: «I forgive you, mother, I can hear you. And I long to be near you. But every road leads to an end. Yes, every road leads to an end. [Y]ou'll never see us again.» Alt er ikkje like sterkt materiale, måvita, men eit meir personlegt album hev denne platemeldaren ikkje vore ute for. Dette er noko so sjeldan som ei plata ein kann setja på og njota til fullo frå byrjing til slutt.

Eit rotut liv vert tonesett

Plata held det gåande i spor etter spor med knallsterke låtar som «Should have known better», «All of me wants all of you» og «Drawn to the blood». Låti som beinveges dreiar seg mest um mori er «Fourth of July» der Stevens syng um mori som døyv denne dagen i sjukesengi – av magekreften som hev eti henne upp. Det er nesten for vart og for personleg for oss andre som sit og lyder til dette mest intime augeblikket i Sufjan og Carrie sine liv, då låti tek form av ein samtale deim i millom: «Did you get enough love, my little dove. Why do you cry? And I'm sorry I left, but it was for the best. Though it never felt right[...]».

Plata vert runda av med ei slags vag forløyning, men samstundes er det her – på slutten – at dei myrkaste låtane på plata kjem: «The only thing» og «No shade in the shadow of the cross». Her

fortel Stevens um korleis han var nær å taka sitt eige liv med sjølvdestruktiv åtferd då det heile var på det verste, men korleis naturen og hans gudstru redda honom:

«The only reason why I continue at all, faith in reason, I wasted my life playing dumb. Signs and wonders: sea lion caves in the dark. Blind faith, God's grace, nothing else left to impart».

Domen

Dette er ikkje musikk som kjem til å tekkjast alle, og ein lyt truleg vera i ei viss stemning for å verkeleg njota plata til fullo. Um du er gild i piano, gitar, tekstdriven musikk og poesi som gjev rom for ettertanke, so burde denne vera eit sjølv sagt kjøp. Eg tek meg stødt i å tenkja på strofor frå songane, og det kann ikkje segjast å vera kvardagskost i vår musikalske samtid med sin tanketome musikk og ålment låge kulturnivå. Sufjan Stevens hev med denne plata spela inn noko som kjem til å standa som eit melankolsk ettermæle til mor og (styk)far hans – lengje etter at me alle er kvorvne burt.

**Hugs å melda frå um
ny tilskrift dersom du
hev flutt sidan sist!**

Brainwash: Handlingsretta hardkjerne- rock

Av Ornella Winter

Brainwash frå Tyskland er ei musikkgruppa som hev vore aktiv i meir enn ei ti års tid no. Dei høyrer med til vetererane i den nasjonalsinna hardkjerne- rocken, og det samstundes som dei aldri hev slutta å fornya seg sjølve. Kvar ny plata hev vore betre og meir profesjonelt produsert enn den fyrre. Faktisk vil eg gå so langt som å segja at dei er vortne sjølve flaggskipet for nyskapande, nasjonalsinna hardkjerne- rock. Musikk med meining kann ein i alle fall trygt kalla det.

Den fyrste fullengdaren deira, “Moment of Truth”, kom ut i 2006. Alt på dette albumet stikk Brainwash seg tydeleg ut frå andre hardkjernegrupper – med ein sereigen, sint og “groovy” hardkjerne- rock som til tider minnar litt um Rage Against the Machine:

“Freedom is the call – Now I’m striking back! The end of the suppression! Revenge for the fallen brothers!”

Berre det innleidande titelsporet åleine er verdt heile platekjøpet, men her gjeng det vidare frå det eine høgdepunktet til hitt. Til dømes “Brainwash Brotherhood” eller “We still believe”. Kjappe taktskifte og endelause veksingar millom trashige riff, aggressiv koring og sentimentalt gitarsolo spel – alt med ei retteleg kald og steril instrumentering – gjer lydarup- plevingi til ein einaste stor emosjonal berg-og-dalbane. Her rekk ein aldri å keida seg, men sliten kann ein til slutt verta...

Den siste fullengdaren deira, “Time to Act”, kom i 2013. Både musikalsk og politisk kann ein sjå at gruppa hev kome seg eit godt stykkje vidare...

“The moment of truth is over. Now is the time to act”, lyder det i introen. Og det skal vera visst: Når ein vaknar upp og skynar at ein er vorten halden for narr heile livet sitt, so er det på sin plass å gje utlaup for sinnet sitt (“Moment of Truth”) – men når tidi er komi for å handla, so treng ein å halda hovudet kaldt. “Time to Act” målber nett denne freistnaden på å styra den musikalske og politiske energien i ei byggjande stemneleid.

Medan “Moment of Truth” er ei plata som ein einast kann lyda til i småe dosar um gongen, so er “Time to Act” ei plata ein kann lyda til i timesvis. Det er hardt



so det held, men utblåsningane vert heile vegen kompenserte med meir melodiose innslag der tempoet er roa ned eit hakk eller tvo. Og medan “Moment of Truth” var sett saman av ei rad melodiar som gjekk i same tralten, so er “Time to Act” mykje meir mangslunge. Kvar låt er noko for seg sjølv, og det er nett dette som gjer at ein aldri gjeng leid. Eg tek i resten av dette stykkjet fyre meg nokre av dei låtane eg tykte mest um:

“Death before dishonor” er ei låt som vert drivi fram både av aggressiv riffing og leikande gitarspel. Saman med den klagande vokalen so byggjer ein upp litt av den same stemningi som ein sumtid finn hjå andre melodiose hardkjerne- gruppor som til dømes britiske “More than life” eller “Carcer City”.

“Glorious Soldiers” er ei låt som er litt meir i same gata som gode, gamle “Moment of Truth”. Det byrjar med eit seigt riff som byggjer seg upp med fly- alarm og sirenor: Her er det ålvor! Den pure aggresjonen fører oss attende til ei tid der mennene var rettelege menn, og der den europeiske soga vart avgjort i ein storm av stål...

“Raise Your Fist” er ei låt der det råde og upolerte sinnet i det innleidande partiet løyser seg upp i ein flaum av milde kjenslor i refrenget. Ikkje gjev upp, syn deim at du kann, er bodskapen. Ikkje so vandslegt å slutta seg til!

“You make me sick” er på den andre sida eit einaste langt raseriutbrot mot folk veit kva som skjer, men som stend på sidelina og ikkje gjer noko av di dei er redde for karriere eller sosial status... I denne låti glid me musikalsk sett yver i

ein slags melodisk daudmetall som minnar litt um svenske In Flames.

“Mayhemic Silence” er den siste og dystraste av alle låtane. Vokalisten hev lagt um til ei tyngre og meir malmfull røyst – og fær med det fram endå ei ny og uventa sida ved seg sjølv. Dette er ein metallballade som innleidingsvis kunde minna litt um noko som Metallica kunde ha gjort på slutten av 1990-talet – eller kannhenda er det Paradise Lost? Kor som er, ein ikkje skal venta so lenge fyre hardkjerneinnslagi atter vert tydelege nok. Teksti er av det meir ambivalente slaget, og det er kanskje grunnen til at det er den einaste som dei ikkje hev sett på prent i heftet sitt...

Det er lett å vera pessimistisk når ein ser det som hender i Noreg, i Europa og i verdi i dag: Kommunesamanslåingar, sentralisering, masseinnvandring, flyktningstraumar, krigar, globalisering. Skal ein resignera eller ein freista å gjera noko – og kvar hen skal ein byrja i so fall? Bodskapen som vert boren fram i “Time to Act” er at det er er moglegt å gjera noko. Ein kann knyta neven og slå attende mot eit rotande system som gjer oss alle til passive og medvitslause konsum-menneske. Det er framleis saker ein kann kjempa for: Familien sin, venene sine, folket sitt. Um flestalle andre ynskjer å sova vidare, so kann ein i minsto frigjera sitt eige sinn, ein kann finna likesinna og skapa eit alternativ. Det er upp til oss å forma framtidi.

“Tradition is not the worship of ashes, but the preservation of fire...”

BFOB: Metallmusikkfestival i Finland

Av Olav Torheim og Megan Leo

Den finske metallmusikkfestivalen "Black Flames of Blasphemy" (BFOB) hev det siste tiåret samla mykje av undergrunnen innanfor svartmetallmusikken. Gjetordet um festivalen hev jamvel nådd fram til Målmannen-redaksjonen, og sidan det frettest at festivalen dette året skulde vera den aller siste i sitt slag, so nytta me høvet til å møta fram. Det kom me ikkje til å trega på.

Festivalen tok til på kvelden, fredag den 13. (!) november. Det fyrste som slo oss då me kom inn på festival-lokalet var at publikum såg ut til å vera i snitt ti år eldre enn det som pla vera normalt på sovorne festivalar. Det tok ikkje lang tid fyre me skyna at dette var ein festival for dei som hadde vore inne i musikken ei tid. Det eine kjende andletet frå musikkscenen etter det andre dukka opp. Det er ikkje som i Noreg, at mange artistar einast vil ut for å "lufta seg" når dei sjølve skal stå på scenen. Tvert imot so var det likt til at "flestalle" frå eit visst kringvære innanfor svartmetallen hadde nytta høvet til å møta fram og råka likesinna.

Fredagskvelden var dei ei rad ulike grupper som stod på scenen. Det mest interessante bandet, frå vår sida sett, var det tyske Mayhemic Truth, som spelar ein slags Bathory-liknande, melodisk svartmetall. Dette er ei gruppa som var aktiv midt på 90-talet, og der medlemene seinare hev vore aktive i gruppa Morri-gan. No er dei atter ein gong attende under namnet Mayhemic Truth, og med det fekk konsertpublikumet eit attersyn med låtmaterialet frå dei gode, gamle



Mysticum frå Noreg avslutta festivalen ved midnatt laurdagskvelden.

dagane.

Av andre grupper som kunde nemnast frå fredagsprogrammet, so hev ein gruppa Xibalba frå Mexico, som er ein slags indiansk metallmusikk. Er det nokon som kler kroppsmåling, so er det vel nett indianarar, og trommeslagaren hadde jamvel teke på seg ein hovdingkrans med fjører!

Laurdagen var det finske Satanic Warmaster som opna festivalkvelden. Dei køyrde i gang med klassikaren "The Vampiric Tyrant", og deretter kom dei hine melodiane frå 2005-albumet "Karelian Satanist Madness" som perlor på ei snor - inkludert den umtykte og illgjetne "My Dreams of 8". Stemningi vart dimed på kokepunktet alt etter at det fyrste bandet hadde spela, og det var vanskelegt for dei etterfylgjande gruppone å toppa det.

Kruna på verket var då ved mid-

nattstid, då norske Mysticum entra scenen: Tri skikkelege norske karar, vel-trente og med nystrigla, kortklypt hår. For dei som ikkje kjenner til Mysticum, so kann ein fortelja at det er ei av dei eldste norske svartmetallgruppone. Serskilt for denne gruppa er at dei både lagar og spelar inn musikken sin på data, so det er ein slags "svart" synthesizermusikk der serskilt trummemaskinen gjev musikken ein slags maskin-aktig klang. Som kompensasjon for vantande trummeslagar hadde dei tri norske karane og fenomenalt ljøs-show, der bilæte frå ymse slags militærparadar komplementerte det maskin-aktige ljodbilætet.

Festivalen vart sparka i gang den same fredagskvelden som islamistiske terroristar gjekk til aksjon i Paris med masse-mord på hundradtals menneske. Jamvel um dette ikkje direkte sette sitt preg på festivalen i Finland, so kunde ein notera seg at mang ein festivaldeltakar hadde valt å møta fram på laurdagen med t-skjortor som tydelegt markerte ståstaden deira. Det er verdt å merka seg at ein ikkje fekk den same angsbiteriske reaksjonen frå arrangørane som det ein normalt vilde ha fenge i til dømes Tyskland. I Finland hev det aldri vorte upplese og vedteke at svartmetall skal vera politisk korrekt, og godt er no det!



Svartmetall utan kompromiss: Satanic Warmaster opna konserten laurdagskvelden.

**Sank ein tingar til
høgnorskbladet
Målmannen!**

Hellbillies - populærmusikk mot straumen

Av Martin Eggum

Noregs kanskje største country-musikkgruppa, med foten godt planta i distrikti, nærare kartlagt Ål i Hallingdal. Dei spelar for fulle konsertar året rundt og ser ut til å vera stødt like umtykte både millom gamal og ung, um dei so spelar til dans på Rockefeller i Oslo eller i samfundshuset på Voss. Endå um populærmusikken i desse tider vert yverfløymd med urbant prega ferdig-musikk, so hev grupper som Hellbillies og andre distriktsvenlege artistar ein tendens til å klamra seg fast.

Kvifor det, er vel spursmålet som de nyfikne lesaren må stella seg. Eg trur teksti på låti "By og Land" (frå albumet "Urban Twang", 2001) kann gjeva oss ein aldri so liten leidetråd:

*"Me sat og såg på fjernsyn
her ein kveld eg å'n Per.*

*Det gjeld å passa nøye på
kå dei som styre gjer.*

Der ute i verdi

æ're mykji rart som skjer

*Og me følgji med so godt me kunn,
ja båe eg ån Per."*

Bestefar og bestemor som såg Dagsrevyen på TV, forvitne etter det som hende ute i verdi, men samstundes på trygg fysisk og mentalt fråstand. "Nei, duverden ko'rei stelle te sa'n Per. Men du veit, me få're alder her." Er det noko med det trauste og trygge nordmenn likevel vil ha?

Ikkje alt nyttig er nytt

Eller som Ivar Aasen sa det, "Ikkje alt godt er gammalt, og ikkje alt nyttig er nytt". Den norske countrymusikken er i seg sjølv eit døme på at ein kann ta til seg impulsar frå utlandet og nytta seg av desse på sine eigne premissar. Musikken åt Hellbillies målber ingen uvilje mot alt nytt, men snarare ein motvilje til å lata seg yverkøyra.

Eit anna døme på korleis denne motviljen kjem til uttrykk, det finn ein i songen "Gamle Bry'n" (or plata "Pela stein", 1993):

"Han va ein stabukk, vilde ha alt ved det gamle.

Han va stolt gamle bryn.

Likte ikkje skiheis, gjekk med sekk når han skulde handle.

Allergisk i mot folk frå byn."



Endå eit døme som eg kunde ha drege fram er songen "Mot straumen" (or "Spissrotgang", 2007):

*"Eg ha støtt kjempa mot straumen,
våre ein raufarga klut.*

E hakje bugga og skrapa,

for lensmann, prest eller fut."

I teksti i "Mot straumen" sviv det seg grunnleggjande sett um å taka grep um sitt eige liv. Å nytta tidi si medvite, å gjera medvitne val um kva ein ynskjer i livet sitt og ikkje minst kva ein ikkje ynskjer. Her tel handlingar meir enn ord. Det hev visselegt sin pris å gå imot straumen, å vera eit menneske med ryggrad og karakter. Men livet varar ikkje ævelegt, og kva gagnar det å gå "trygt" igjennom livet dersom ein aldri fekk høve til å vera seg sjølv?

"Måle ha vore mi friheit,

den som vil styre sitt liv,

kan ikkje sjå, på livet som tidsfordriv."

Hellbillies-karane hev halde på i snart 30 år no, og er ikkje lenger ungdommar. Men nett av di dei faktisk stend for noko, so gjeng ikkje visone deira av moten. Tvert imot, medan andre musikarar var populære i eit år eller tvo og so var dei gløymde, so hev Hellbillies bygd seg opp eit stamm-publikum som trufast kjøper musikken og møter fram på konsertar.

Ikkje alt må diskuteras

"Du vert kjappare i heilen av i bu i ein by", fekk urbanisten Erling Fossen seg i si tid til å segja. Fossen hevda at byfolk var vande med å møta nye folk og nye

kulturuttrykk og at dei soleides hadde lært seg til å stødt få fyrestellingane sine utmana. Slik vart dei mindre fordomsfulle enn bygdefolk. Bygdementaliteten skriv seg frå skort på kunnskap og røymslor, skal me tru urbanistane.

Spursmålet er um dette verkeleg stemmer, og eg vil svara klårt nei. Visst ser ein heimstaden sin med andre augo etter å ha vore litt ute i verdi, men det heiter ikkje at ein treng um å kasta vrak på upphavet sitt. Tvert imot so er me mange som kann segja med Tor Jonsson at "borte fann eg bygda att".

For kva er fordomar og kva er verdiar? Det finst sume fyrestellingar som me vel å halda fast ved, same kva slags fakta og statistikk som skulde verta lagt fram for oss. Eg tykkjer til dømes at masseinnvandring som gjer nordmenn til minoritet i eige land er ein uting, og det same um det skulde få velferdsstaten til å kollapsa eller ikkje. Ja, um det so var "arbeidsinnvandring" som skulde vera det som berga norsk økonomi, so vilde eg vera imot det.

Det er med andre ikkje tala um "fordomar", men um verdiar som ein vel å stå fast ved - norske verdiar - og som ein steller utanfor vidare diskusjon. Til forståsegpåarane som tykkjer at eg er heilt ute på jordet med denn artikkelen, so vil eg difor avslutta slik:

*"Hvis pengane vinn over tanken,
ligg jorda snart ribba som vrak.*

Men kan hende du vil diskutere,

då far kan du kysse meg bak.

Me prat dreg me berre ut tie,

og rota burt daga å år.

Snart kjæm d ein vår,

der fleire fær, berre kom."

“Refugees Welcome”: Kom krisa, kom!

Av Martin Sellner

„Me ynskjer oss ei krisa! Det umoglege må verta moglegt, og um me enno ventar oss eitkvart frå nasjonen vår, so kann det ikkje vera noko mindre enn det utenkjelege: At nasjonen bergar substansen sin, at han enno hev to i seg til å verta seg sjølv att og endå ein gong verta eit sentrum i Europa». Eg vil gjerne byrja innlegget mitt med desse provoserande ordi frå ein grunnleggjande tekst av nyhøgre-ideologen Götz Kubitschek.

Eg ritar her ned nokre «lovord til krisa», eit kall til å halda modet uppe, skrive i ei kjensla av sigersvisse – som dei seinaste vikene paradoksalt nok hev vokse fram i meg.

Eg veit ikkje lenger heilt kva det var som gjorde utslaget, kva som fekk meg til å gå frå upprådd til sigersviss. Var den «utløyssande handlingi» når me okkuperte motorvegen til Ungarn? Var hovudårsaki at stødt fleire godmenneske tok til å vakna upp – og at me hev byrja få ein slags «Rollback» av den offentlege meiningi? Hovudsaki er at det for meg var vorte krystallklårt – og det alt fyre den sokalla «grensestengingi» åt riksstyri i Austerrike og Tyskland – at summarvanivet med «Refugees welcome» var come til endes. No byrjar ein tysk haust – og «winter is coming» («Deutscher Herbst»), her refererar artikkelforfattaren openbert til hausten 1977 då kampen toppa seg millom RAF og tyske styresmakter).

Slavoi Zizek hev alt skyna litt av det. Aldri fyrr var det slik ein konsentrasjon av uppsamla masseinnvandring, fullstendig mediekontroll, røyndomsfjern «Willkommenskultur» og tyning av kvar ein kritikk. Denne totale yverspenningi kann ikkje vara for alltid. Mangkulturalistane hev satsa alt på eitt kort. Dei heldt og held med all si kraft på dei falske og lättvekkjande konsepti sine um «stakkars flyktingar», «uppriking» og «fårlege høgrekstremistar». Dei fyller kvart eit medieoppslag med febrilske foto av kvinner og born. Det vert tydelegare og tydelegare for alle at dei hev gjenge amok – imot røyndomen.

Samstundes gjeng ordskiftet seg heitt på sosiale media. Sidan eg sjølv stend i fronten i informasjonskrigen, so kann eg slå fast at eg aldri tidlegare hev upplivd slik ein viralitet, slik ein glød som no. Slik ein feber, kann eg segja – for no kokar det. På alle kanalar er aktiviteten større enn fyrr. Me kjenner at folk hev eit undertrykt sinne i seg. Det stig og ventar berre på eit høve til å verta utløyst. Mangkulturalistane hev sett



Det vert meir og meir klårt at ein stor mun av «flyktingane» er svoltne, unge menn med valdstendensar.

alt på eitt kort: Når lygnene um «flyktingar» og «refugees welcome»-svindelen fell, då kjem det til å riva mykje anna med seg.

Det vert meir og meir klårt at ein stor mun av "flyktingane" er svoltne, unge menn med valdstendensar.

Det vert meir og meir klårt at ein stor mun av «flyktingane» er svoltne, unge menn med valdstendensar.

Det vert meir og meir klårt at ein stor mun av «flyktingane» er svoltne, unge menn med valdstendensar. Truverdige kjeldor talar jamvel um at èin av 50 hev islamsk-terroristisk bakgrunn. Endå um ein ser burt frå alt dette, so er dei testosteronladde, unge mennene – som ekspertane segjer vil «vinna seg status snøggast moglegt», det heiter å finna seg ei dama – tikkande bombar. Den vestlege ideen um å gjera si plikt og krevja sin rett er tollegt framand for deim, og her er ikkje minst godmenneski sjølve skuld – med dei pedagogisk fatale «kranse-mottakingane» deira. Dei er, som Gunnar Heinsohn uttrykte det, «omsorgsflyktingar».

«Flyktingane» som er hamna i Tyskland må ha trudd at dei var komne til Slaraffenland. Framfor deim ligg eit velfylt kornkammer, «vakta» av etnomasoscistiske tåreturkarar – som freistar lesa kvart eit ynske frå lippone deira. Alt er gratis og vert gjort reidugt. Her er det fritt fram. Vandalisme og butikktjuveri fær ingen fylgjor.

Og straks so hev dei lært seg, saman med vinstreradikale fotografar, korleis dei kann nytta bilætmakti til å spela med kjenslone åt folk. Dei nyttar seg medvite av dei fåe borni sine, desse held dei framfor kamera som um dei skulde ha vore nyttegjensandar. Heilt målretta so dreg dei dei fåe kvinnone – som heilt klårt ofte er per-

manent valdtektstruga – fram på jarnbaneperrongen eller inn i ei tåregass-sky. Slik fær dei nett dei bilæti som dei treng. Snart hev dei med lært seg dei tvo trylleordi som bringar vanlege borgarar til tagnad, «Nazi» og «Auschwitz» – til liks med kvart eit sympatisk tidsvitne.

Hundrattusundtals av desse folki er i Tyskland alt no. Tallause andre er ute i Europa og kjem til sjuande og sist – grensestengingi er den reinaste farsen – til å hanna hjå oss, dei med. Denne kunnskapen finn vegen ut til alle verdsens kantar. Ordet um Tyskland trengjer inn i alle flyktinglæggjer, busetnader og favelaer. Det kjem til ei «uppbrotsstemning», slik Raspail skildrar i «Camp of the Saints». Det pådraget som «refugees welcome» hev vore med på å akselerera, kjem ikkje til å taka slutt med det fyrste (ein tysk neofolk-artist hev samanfatta vanvitet i ein eigen song).

Alt dette er, slik eg ser det no, ei gudegjevi gåva for oss patriotar, konservative og identitære. Det er eit ferdigdømt straffespark som me berre treng å få sparka i mål – og det kjem me til å gjera!

Alle dei vurderingane og utrekningane som me tidlegare hev gjort oss kring masseinnvandringi, dei syner oss klårt at undergangen for vår eigen etnokulturelle identitet – og soleides den demokratiske rettsstaten med – einast er eit spursmål um tid. Dei prognosane som for det meste talar um at «fleirtalet bikkar» ein gong kring år 2030-2040, dei er i røyndi langt meir dramatiske enn som so når ein berre gjeng i djupni på deim. Um ein ser realistisk på stoda, og tek med «innvandartilskotet» åt den komande generasjonen, so ser me at dei komande 5-10 åri er det siste tidsvindauga for ein snunad. Me er alto den siste ættleden som kann gjera noko.

Nett i dette tidsvindauga er det at «refugees welcome» kjem inn. I denne historiske sumaren so ballar det seg saman, alt det som høyrer til det store komplekset knytt til masseinnvandringi: Frå islamiseringsproblematikk til meiningdiktaturet i media – og vidare til den skortande politiske kontrollen yver det som skjer. Det byggjer seg opp til eit klimaks. Det er vorte openbert at politikken ikkje fører nokon stad og at alt pratet um humanisme og menneskeverd ikkje er anna enn tomprat. Dette kjem til å skapa ei medvitsending hjå folk. Me lyt setja ord på det som menneski uppliver og nytta det til å mobilisera folk.


Alt no byrjar fasaden å slå sprekkor. Liberale godmenneske som til dømes grunnleggjaren av den austerriske bloggen «Fisch und Fleisch» berrlegg seg under hastaggen #wirwachenauf (me vaknar opp). Ho legg fram si eigi nakne redsla for det som skjer.

Ho skriv: «Eg er redd, eg kjenner på ei stor redsla. For berre ei vika sidan hadde eg framleis ytra meg til studnad for flyktningane (...). Ei veninda, psykiater, tek seg av flyktningar. Ho fortalde meg at mange mannlege flyktningar hev utvist eit stort valdspotensiale, ho tala heilt konkret um kring 30 prosent av deim. Dei er pågåande, aggressive.»

Fru Jelincic sannar vidare at etter måten mange «refugees» er radikale islamistar og at dei alt er i gang med å rekruttera andre.

Ho medgjev at «journalistar og leidande media vert tilrådde å lata vera å skriva um slikt, for å ikkje skapa angst». Likevel er ho sjølv vorti full av angst og kjenner seg nøydd til å bryta tagnaden. I millomtida er ho vorti stempla som «svikar» hjå sine eigne. Ho hev drege innlegget sitt attende for å få «prøvd det juristisk», og hev i god sosialistisk tradisjon teke sjølvkritikk og «orsaka seg».

Med tidi kjem me til å få mange fleire slike. «Identitetsspursmålet» kjem, takk



Nytt bilde viser grusomt åsted på Bataclan etter massakren



«Identitetsspursmålet» kjem, takk vere tilspissingi og dei importerte problemi, til å vera permanent til stades i massemedia”

vere tilspissingi og dei importerte problemi, til å vera permanent til stades i massemedia. Det kjem til å verta naudsynt å føra høgorienterte parti til makti yveralt i Europa – eller gjera dei so sterke som dei nokon gong kann verta, sidan dei er dei einaste som hev eit svar reidugt på alt dette. Patriotiske rørslor som dei identitære kjem ein til å få uppliva heile tidi. Til slutt kjem dei til å ha plassert seg i midten av samfundet, og det ein gong for alle. Alternative media kjem til å utvida den alt no so sterke makti si – og verta i stand til å setja ein dagsetel i offentlegt ordskifte.

Den upprådde kasten av «antifascistiske» godmenneske og etablerte politikarar derimot, dei kjem til å verta til spott og spe. Dei kjem til å verta til hatobjekt som folket avskyr. Fru Jelincic og andre av hennar slag er ein forsmak på det som Gramski hev kalla for intellektuelle yverlauparar. Ein dag kjem den fyrste av dei «prominente» til å fylgja etter, og steg for steg so kjem stemningi til å bikka. Me kjem til å sjå heilt nye alliansar og frontlinor.

Alt dette er naturlegt nok prognosar og «ekstrapolasjonar» som ein i politikken stødt skal vera varsam med. Kor som er so fær flyktningstraumen det til å knaka i bjelkane åt systemet, og det alt no. Korleis

skal det gå um ein berre held fram med å taka folk inn? Den rådande politikken er ikkje berande.

Me liver i ei tid med umskifte. Me uppliver sluttspellet og den endelege fasen for den mangkulturelle ideologien. Og me kann – og det er poenget med dette innlegget – vera i stand til å yverliva som folk.

Takk vere flyktningstraumen, so gjeng ikkje den store folkeutskiftingi fyre seg som ein lineær auke, tvert imot so ser me at «y-aksen» slær ukontrollert mot uppsida. Det kjem til ei permanent yverfløyning, der berre småting er nok til å løysa ut reaksjonar. Den åndelege og politiske tilskjerpningi er ikkje lenger nokon langfristig plan som må mødesamt byggjast opp. Folk er svoltne etter henne, dei forlangar henne rett og slett – og me skal gjeva deim henne: Ideane, plotti, parolane og mytedaningi som må til for å få folket til å ta til gatone. Eit Kairos opnar seg.

Dei politiske løysingane for ein snunad på folkevandringsstraumane ligg reiduge. Endå er eit «point of no return» langt i frå nådd. Ja, kvar hen ligg i grunnen dette punktet? Kva tid var den mauriske hertakingi av Spania fullført ein gong for alle? Kven segjer at oppvakningi og snunaden lyt henda yver natti? Me kjempar ikkje for eit under, snarare for eit nytt tildriv, ei «tendens-vending». Eit skifte i den kursen som i dag fører oss i avgrunnen. Tidi lækjer alle sår og me må få snudd traumen slik at han arbeider for oss. Soleides lyt me løysa oss frå romantiske revolusjonsdraumar. Visst so vonar me på ei spontan atterføring, men det er «kunsten åt det moglege» som legg råmone for politisk handling.

Logistisk og økonomisk so er ei «Festung Europa», ei minus-innvandring, fullt mogleg. Og det jamvel i råmone åt det rådande systemet. Til dømes so vandra det i det siste året heile 800.000 menneske ut frå Tyskland. Då reknar ein naturlegt nok med



«Um ein ser realistisk på stoda, og tek med «innvandrartilskotet» åt den komande generasjonen, so ser me at dei komande 5-10 åri er det siste tidsvindauga for ein snunad. Me er altså den siste attleden som kann gjera noko.»

utvandring til andre europeiske land, men i alt so vandrar mange ikkje-europearar «heilt naturleg» attende til sine egne heimland. Med politisk diskuterte åtgjerder som innvandringsstogg, konsekvente utsendingar, statsborgarskapsupphøving for kriminelle og arbeidslause – og dessutan åtgjerder som gjer det mindre attraktivt økonomisk å vera innvandrar i Europa – so kunde ein ha greidd å snu straumen.

Alle dei åtgjerdene eg nemner no er ikkje berre til for å halda uppe den etnokulturelle identiteten vår, det er dessutan tvingande naudsynt for å halda uppe den demokratiske rettsstaten og halda hjuli i gang økonomisk. Tryggingpolitisk og økonomisk so trengjer desse åtgjerdene seg på, og dei fær stødt fleire «nøytrale» og liberale talsmänner. Likevel – og det er det springande punktet: Denne tendenssnunaden, denne oppbyggingi av ei retteleg «Festung Europa» – med tilhøyrande remigrasjon – er med dei rådande politiske aktørane heilt utenkjelegt. Til det hev dei alle lent seg altfor langt ut vindauga. Dei hev gjenge «all inn» i mangkultur-eksperimentet, og det med altfor dårlege kort. Mangkulturalistane er ikkje i stand til å riva seg lause frå sitt eige tenkjesett. Korkje dei vinstreestreme «no-border»-ideologane, med sine Antifa-bråkmakarar som dei driv framfor seg – eller dei importerte og kravstore «selfugees».

Den sjølvmorderiske trongen å den vinstrestradikale «moraliske eliten» kjem fyrr eller seinare til å støyta imot den byråkratiske forvaltaråndi å dei statlege systemmenneski. Spørsmålet er berre kva tid dette skjer. Heile det vanvitet som er vorte skapt med «refugees welcome», det gjer at dei vestlege statane nærmar seg den stoda der dei må gå i «forsvarsmodus». Assimilera dei som kann assimilera, integrera dei som ein kann integrera – og få alle dei hine ut att: Det er den kalde, nykterne formelen som eit veksande tal med «kritiske røyster» frå midten av samfundet steller seg attum. Det er slett ikkje umogleg å få ein sovoren «uppvekt Golem» til å handla slik at det ikkje berre er staten han bergar, men jamvel identiteten vår.

Eg høyrer frå so mange at det byrjar å murra i ombudsverket, i politiet og i herstelllet. «Tenestemennene» som fær arbeidsdagen sin midt uppi det som dei verdsframande og moralsk sjølvupphøgde politikk- og funksjonselitane hev vedteke – desse tenestemennene kjem ikkje til å halda ut for alltid. Samstundes er det for seint for dei politiske partii å taka til ords for ein berekraftig innvandringspolitikk. Dei kann

ikkje lenger slå inn på eit økonomisk og statspolitisk fornuftig politisk spor. Di meir einskaplegt og samla desse system-partii steller seg attum lagnene sine, di meir brutalt og umfemnande kjem det politiske fallet deira til å verta. Her ventar alt andre politiske aktørar på å få taka yver.

Kvart eit terroråtak, kvar ei valdtekt, kvart eit «flyktningsslagsmål» – og alt dette kjem til oss heilt av seg sjølv no – det kjem i vikes- og månadsvis til å verta «vårt tema» i media. Kvart eit slag kjem til å setja meiningssdanarane i sjokktilstand (me hev Charlie Hebdo friskt i minnet). Stødt fleire liberale godmenneske kjem til å verta usikre, og tidlegare so avslappa liberalarar kjem til å verta drivne yver til «vår sida». Den usunne spaningi millom røyndom og ideologi, som dei hev manøvrert seg sjølv inn i, ho er i lengdi ikkje til å halda ut. For desse menneski er det ingen veg attende, ingi «avspenning», ikkje noko kompromiss lenger. Det kjem til å slutta i ein smell.

Visst kann det vera at eg tek i miss. Stemningi kann ha narra meg. Det kann vera at det ikkje kjem til nokor tilspissing og byråkratane kann endå ein gong finna ei løysing for det vanvitet som ideologane hev stelt i stand. Men alle teikn i tidi og prognosane å alle økonomar talar eit anna språk (eit endå tydelegare språk talar den ferske videoen å ein SPD-funksjonær). Det hev alt kome so langt at det er ingen som hev kontroll lenger, og det er ingen annan utveg å sjå på det heile enn ein Reconquista. Dette er ikkje nokon Reconquista som utlendingar og andre randgrupper treng å vera redde for. Det eg talar um er framfor alt ein slutt for den herskande makteliten. Me skal taka den kulturelle makti i samfundet attende, det er det som me identitære og patriotar stend for.

Me kjem ikkje til å gløyma. Me hev åtvare i årevis, me hev kjempa og me hev lide. Me hev synt fram fredeloge og humane framvegar som kunde ha hindra dei komande katastrofane. Me hev sagt frå um alle fārane som truga, og for det er me vortne utskjelte og forfylgde. Dei hev halde seg for øyro og valt sin eigen veg – vegen inn i kaoset. No fær dei kaoset sitt. Når dei som berre for nokre vikor sidan song med i «welcome»-koret på ein gong byrjar å «kjenna på ei stor redsla», då er det berre rettferdi som vert fullenda. Det som dei i årevis ikkje vilde høyra snakk um frå dei «høgreestreme», det er no røyndomen som råt og brutalt slær deim i andletet.

Ein ting er visst: Me kjem ikkje til å berga deim. Når dei til slutt «vaknar upp» i den mardraumen som dei sjølv hev lagt grunnlaget for, når dei til slutt bed oss um



«Han som ikkje vert aktiv no, han syndar mot lagnaden sin.»

hjelp, so kjem me ikkje. Me hev betre ting å gjera. Sottofasciasempleice hev med den geniale låti si, «Come Mai», sett skåpet på plass. Det er ein slags musikalsk «Camp of the saints» som er so god at eg ikkje vågar meg på nokor umsetjing frå italiensk, men nøgjer meg med dette utdraget:

*Vi chiederete: «Come mai? Come ...
ma noi non vi risponderemo,
veniteci a cercare,
ma noi non ci saremo*

Kallet mitt lyder: Lat oss gle oss yver krisa! Lat oss anda lufti hennar inn i fulle anddrag. Det er dette som lungone våre er laga til for. Det er vår tid no og me er fødde til dette. Den køyvande keidsemdi blæs burt og lufti vert skarpare og klårare. Ho verkar giftig for dei andre og forfriskande for oss. Dei komande ti åri kjem til å verta ei storarta tid. Ei tid full med tumultar, demonstrasjonar, okkupasjonar, offensivar, atterslag, lidingar og lidenskap, vonbrot og sigrar.

Dei neste 10 åri kjem til å verta so grunnleggjande og irreversibelt avgjerande som me nokon gong hev sett. Desse avgjerdene er det me som ber på og som set ut i livet – me er fødde rett inn i Kairos. Og teikni i tidi tyder på siger. „Nur kein Rückfall ins Siechtum, ins Latente, ins Erdulden.“

Han som ikkje vert aktiv no, han syndar mot lagnaden sin.

(Teksti stod opphavlegt på prent i tidskriftet Sezession, og er umsett frå tysk med løyve frå forfattaren)

Spredid høgnorsk lesnad!

Kva er verdfullt - og kva er verdlaust? Tankar um framtidi

Av Hans Gehler

Ein lesar frå Tyskland, Hans Gehler, hev sendt oss eit innlegg der han ser nærare på måten storkapitalen freistar å profitera på flyktningkrisa. Næringslivstoppane i Tyskland ynskjer å nytta flyktningane til billeg arbeidskraft, og politikarar og media let vel um ideen. På denne måten vert folk og nasjonar på flukt gjorde til varor med marknadsverde. Verdien av eit fritt folk let seg kor som er ikkje mæla i pengar, slær Gehler fast.

I namnet åt storkapitalen og den globaliserte økonomien so vert det tyske territoriet endå ein gong yverfløymt med kulturframande asylsøkjarar – ein kann nær sagt tala um ein invasjon. Der vanlege folk ser problemet som ventar, der ser næringslivstoppar og systempolitikarar sitt snitt til å skaffa seg billeg og ferdigutdanna arbeidskraft. Til dømes hev sjefen for bilgiganten Daimler, Dieter Zetsche, nyss kome med eit utspel der han hevdar at flyktningkrisa kann gjeva Tyskland eit nytt “Wirtschaftswunder” Folk som hev reist i frå alt det dei hadde er sterkt motivert arbeidskraft, og det er Daimler alltid på jakt etter, hevdar han (det kann elles nemnast at Daimler ikkje lenger er på tyske hender, den største eigaren er ein investor frå Kuwait – ein av dei sunni-statane som styd upp um IS i Syria).

Storkapitalen vil profitera på krig og terror

Me veit at meir enn 80 prosent av “flyktningane” er unge mannfolk med muslimsk bakgrunn, og det er nett slike som toppar statistikken for grove brotsverk som til dømes gruppevaldtekt. Likevel gjeng næringslivstoppane og politikarane ut frå at me ikkje skal få store problem med på kjøpet når me vel å importera og integrera all denne “arbeidskrafti”. Eller er det kanskje nett difor at tyske styresmakter hev freista få EU med seg på å “umfordela” 160.000 flyktningar yver heile EU-sona? Kompetent og motivert arbeidskraft til Tyskland – og ressursveike og arme menneske til dei austuropeiske EU-landi som so langt er vortne skåna frå dei problemet som masseinnvandringi hev ført med seg?

Under alle umstende sviv det seg um ein himmelropande kynisme: I staden for å freista ta tak i dei problemet som hev gjeve oss flyktningstraumen, so er dette



«Framandgjerung fører folket i døden...»

noko som ein skal profitera på.

Heile nasjonar vert i våre dagar lagde i grus, og folkegrupper som i tusundtals år hev budd i Midtausten vert frårana heimlandet sitt. Desse menneskei vert rykkte upp med roti og skal nyttast som ei EU-vara. Alt dette medan det tyske folket må sleppa ned eller umdefinera sin eigen identitet.

Det tyske folket hev eigenverdi

Etter det som rikspolitkarane fortel oss, so er ikkje tyskarane lenger eit eige folk med si eigi soga, sin eigen kultur og sin eigen etniske eigenart. Tyskland er snarare vorte til ein smeltedigel for menneske frå alle verdsens kantar, der det einaste som er sams er eit sett av “grunnleggjande sams verdiar”. Desse påståtte “verdiar” reduserar oss alle til egoistiske einskindmenneske som ikkje er til for noko anna enn oss sjølve, og der meiningi med livet ikkje er anna enn å tilverka og forbruka materielle gode. Men um dette er det einaste me skal ha å tilby dei menneskei som kjem til landet vårt, korleis kann me venta oss nokon “integrasjon”? Dei store innvandrargruppene frå Tyrkia, Syria og Somalia hev ingi interessa av å sleppa ned eigen tradisjon og kultur – og det medan kulturen og identiteten åt oss innfødde tyskarane må reduserast til alt og ingen ting, i redsla for at me ikkje er “inkluderande” nok. Dette er ikkje noko anna enn det siste ladegrepet fyre det tyske folket fær nådeskotet!

Me som er sosialt medvitne tyskarar, me godtek ikkje at verdien på folket og heimstaden vår skal fastsetjast ut frå reint økonomiske omsyn. Identitet er ikkje

nokor handelsvara! Helder ikkje gjer me noko krav på det verdfulle territoriet åt andre folk på jordi, slik dei globale elitane i mange tiår hev gjort – med folkerechtsstridige krigar og inngrep i det eine framande landet etter det andre.

Når me talar um verdiar, so talar me ikkje um verdiar som skal vegast og målast i gull eller petrodollars. Den verdien som finst i eit fritt folk er mykje større enn den som ein til kvar tid skulde kunna henta ut frå manipulerte aksjekursar og verdipapir som kann gå tapt yver natti. Kor som er: Dei verdiane me lyfter fram, dei er det einast moglegt å realisera dersom folket kastar av seg den mentale tvangstrøya som 68-generasjonen hev vorte fanga i.

Alle folk lengtar etter fridom

Berre slik kann Tyskland liva vidare. Og berre slik kann andre folk og nasjonar få liva vidare, dei med – for eit samfund tufta på folkehopehav og andsvarlege einskindmenneske, det er ikkje berre noko som Tyskland treng å byggja upp att. Det er ein fyresetnad for alle folk og nasjonar som ynskjer å taka lagnaden sin attende i eigne hender, framfor å verta manipulerte av ein liten og pengesterk elite. Alternativet er ein nedettergåande spiral der verdssamfundet gjeng frå den eine krisa til den andre. Heilt til dess at det ikkje er fleire land att å leggja i ruinar eller meir natur att å øyda.

Um me vågar å ta tak i dei grunnleggjande problemet, framfor å slåst mot symptomi – ja, då sviv det seg ikkje lenger berre um Tyskland. Då er me tvrt imot på lag med alle folk på jordi. Me lengtar alle etter å bryta lekkjone!

Intervju med Thomas Sattelberg frå Haus Montag

Av Hans Gehler

“Haus Montag” i Pirna i Sachsen er eit nasjonalsinna husprosjekt der tanken attum er å byggja upp eit slags “frirom” for tjodlynde menneske. Nokre av ideane er henta frå det italienske Casa Pound. Målmannen hev teke ein prat med upptaksmannen, Thomas Sattelberg, som sa seg viljug til å svara på spursmål.

God dag Thomas! Heilt til å byrja med, kann du fortelja oss litt um din eigen politiske bakgrunn og - dersom du ynskjer det - gjerne litt meir personlegt um deg sjølv?

Eg vart fødd i 1974 i ein liten småby i tjukkaste DDR. Det “kommunistiske” regimet hev eg alltid upplivd som falskt og tufta på lygner. Menneski tala alltid onnorleis heime enn det dei gjorde ute i ålmenta. Alt i barneåri bygde det seg upp ein mishug mot dette systemet. Då “die Wende” kom, so var eg 15 år gamal, og det var ei hending som merkte meg sterkt.

På den tidi hadde eg fyrst og fremst rekna meg sjølv for antikommunist. At “Aust-blokk” ikkje berre kom til å gå under heilt av seg sjølv, det hadde regimet sjølv slege fast i sin eigen propaganda, og instinktivt forstod mange av oss det. Alt i denne oppbrotstidi var eg vorten med i “Wiking Jugend”, ein organisasjon som hadde i seg mykje av dei gamle “völkische” ungdomstradisjonane. Der lærde eg meg korleis det fungerte å arbeida i gruppor, me song tradisjonelle songar og me fekk kjensla av å høyra til i eit hopehav. Wiking Jugend vart forboden i 1994, men alt fyre forbodet hadde eg drege meg ut or den “völkische” rørsle. Det var ein einsretta måte å liva og tenkja på som eg til sjuande og sist upplivde som fråstøytande. Dessutan hev eg stødt rekna meg som europear, og det samsvara dårlegt med den avgrensande sjåvinismen som eg upplivde der.

Den skinnskallekulturen som eg sidan valde å uppsøkja, han var på den tidi både moderne, vill og europeisk. Saman med nokre andre vener so høyrdde me til den andre skinnskallebylgja i det tidlegare DDR. Me organiserte fritidi vår sjølv, me grunnlagde musikkgruppor og fanzinor - og me festa og hadde det moro. Dei statlege tryggleikstene-stone var ikkje serlegt oppglødde yver at det voks fram ein sjølvstendig ungdomskultur som var utanfor deira kontroll og som jamvel var patriotisk innstilt, og me vart soleides førde framfor retten - tiltala for å ha “grunnlagt ein kriminell organisasjon”. Etter 50 dagar med rettstingingar so valde me å segja oss skuldige etter tiltalen, i byte mot å

sleppa undan med fengsel på vilkår. Me slapp dimesd å sona noko.

Rettsprosessen hadde ikkje øydelagt ven-skapan vår, og naturlegt nok heldt me fram å møtast som fyrr - jamvel um me ikkje lenger rekna oss for skinnskallar. Dimesd fekk rettsstellet det påskotet dei trong for å hevda at me heldt fram den påstått kriminelle verksemdi, og eg vart sjølv nøydd til å sona eitt og eit halvt år i fengsel...

Alt i skinnskalle-tidi var eg vorten med i det tyske nasjonaldemokratiske partiet (NPD), og eg engasjerte meg der med. Etter at eg ikkje lenger hadde lov frå styresmaktene til å møta dei gamle venene mine, og sidan den “ville” ungdomstidi mi gjekk mot slutten, so vart eg endå sterkare engasjert i partiarbeidet. Det hev eg halde fram med sidan den gongen. Nett no er eg krinsleidar og organisasjonsleidar i Sachsen. Og forresten, i millomtidi hev eg og kona mi fenge tri flotte born!

Du er aktiv i det sokalla “Haus Montag” i Pirna i Saksiske Sveits, og det vil me gjerne fortelja dei nordiske lesarane våre meir um. Kann du fortelja oss litt meir um korleis du kom på ideen um å grunnleggja eit slikt hus og kva de nyttar dette huset til?

Skal ein få folk med i politikken, so må ein tilby dei politiske opplevingar. Då må me gjera terskelen til det politiske lågare enn det han er i dag, til dømes med musikk og med aksjonar. Me må nytta oss av heile den rømdi som umgjev den “vanlege” politikken. Kor som er so hev styresmaktene dei seinaste tiåri arbeidd systematisk med å øydeleggja denne rømdi. I dagsens Tyskland er det ikkje moglegt å driva med nasjonalsinna ungdomsarbeid eller kulturarbeid (jamfør Wiking Jugend og det etterfylgjande Heimatreue Deutsche Jugend som i tur og orden er vortne forbodne).

Partiorganisasjonar hev ein serstatus i grunnlovi, og det er einast innanfor råmeverket åt eit parti at det framleis er råd å gjera noko. I Tyskland er alt dette naturlegt nok strengt lovregulert, og byggjereglar og byg-gjeforskrifter er ikkje noko undantak. Difor so er Haus Montag det offisielle krinskontoret åt NPD i Saksiske Sveits. Attåt det vanlege partiarbeidet so hev me andre tilskipingar som musikk-kveldar, fyredrag og småe festar. “Haus Montag”, det er sjølv “åndi” i bygning, det som gjer partikontoret til noko meir enn berre eit partikontor.

Inne i huset disponerar me yver eit tilskipingsrom, eit trivelegt kjøken og dessutan eit treningsrom. Me hev laga til dei ulike rommi



slik at kvart eit menneske skal kjenna seg vel der inne. Me hev alt havt vitjing frå ymse slags journalistar og andre nyfikne som var på jakt etter eitkvart som kunde stadfesta fordome deira, men dei fann ingenting.

Kvifor hev de valt å kalla huset for “Haus Montag”?

Namnet på huset er henta frå framtidromanen “Fahrenheit 451”. Mykje av det som romanen tek fyre seg er vorte til røyndom i dag (sjå umtala av “Fahrenheit 451” i fyrre nummer av Målmannen, red.). I motsetnad til dei hine klassikarane, “1984” og “Brave New World”, so endar denne boki endar likevel med ein glimt av framtidsvon. “Haus Montag” hev henta mange av ideane sine frå italienske “Casa Pound”, og det er vår freistnad på å gjera det same - måte etter den tyske røyndomen og det som er moglegt å få til her. Huset er sers lite og einfelt, men nett det er vorte bodskapen vår: Finn dykkar eigi øy! Det treng ikkje vera noko palass, men det er dykkar eigen stad. Jamfør Håvamål: “Lite bu betre enn inkje. Heime er kvar mann herre”.

Ofte lyt ein berre byrja ein stad. Det gjeld um å skapa samlingspunkt som i neste umgang legg grunnlaget for noko større. Grunnlegg ei gruppa, ein familie, ei nettsida, ei musikkgruppa, gjer noko!

Som kommunikasjonsmedium nyttar de dykk framfor alt av ei Facebook-sida. Rekrutteringsmaterialet som de legg ut på denne sida, som til dømes bilæte og t-trøyor, minnar lite um den utformingi som ein elles ser på tradisjonelle nasjonalsinna medium i Tyskland. Tvert imot so hev de lagt dykk til ein estetikk som syner fram ein moderne, tidstilmåta nasjonalisme - langt undan den gamle skinnskallekulturen som du tidlegare var inne på. Gjer denne framgangsmåten det lettare å få unge folk med seg?

Verdi hev i dei seinaste 20-30 åri vore igjenom ei stor umdaning. Den stygge

tvillingsysteri åt liberalismen, kommunismen, er vorten nedkjempa, og alle nasjonalistar hev hjelpt til med dette. Skinnskallane var dei lovause antikommunistane. Unge karar og kvende stod reiduge til å kjempa, og det andsynes ein motstandar som arbeidde gjennom dei tradisjonelle maktstrukturane. No er det berre liberalismen som stend att, han kann kjenna seg mindre trykkjande å liva under, men han er dimeir utspekulert og er til sjuande og sist like øydeleggjande.

Målsetnaden åt ultraliberalistane er å skapa eit nytt diktatur, denne gongen med nye maktstrukturar og kommunikasjonsmedium. For nokre tiår sidan kunde nasjonalistisk motstandskamp vera “lovlaus”, sidan resten av samfundet framstod som “normalt”. I våre dagar hev liberalismen øydelagt so mykje av det gamle folkehopehavet og det tradisjonelle samfundet at det er viktugt at me nasjonalistane er dei som framleis er “normale”. Me må vera klippa som stend fast i brottsjøane av desinformasjon og normløysa.



Maktmidlane åt liberalismen kann ein naturleggt nok nytta imot honom sjølv. Men det krev meir ånd og karakterstyrke, for fienden arbeider subtilt og ikkje med rå makt lenger. Me lyt syna at me er normale folk og at vårt alternativ, nasjonalstaten, er det som fungerer - eller i minsto hev funksjonert, tidlegare. Me lyt få folk til å skyna at liberalismen er skadeleg for alle huslydar, religionar og folk. Det er naturleggt nok ikkje so lett å gjera dersom ein nyttar seg av framgangsmåtar, språkbruk og

symbol som folk i Vest-Europa er vortne opplærde til å automatisk reagere på med skrekk og avsky.

Me som er europeiske nasjonalistar, me høyrer til eit verdsumfemnande alternativ til det liberale verdsdiktaturet. Jamvel um me i fyrste umgang skulde mislukkast og det yveralt i Vest-Europa snart skal sjå ut som i Columbia eller Brasil, so lyt me leggja grunnlaget for ei ny byrjing. Dette grunnlaget må me leggja no.

Papirtidskriftet document.no: Usamanhangande um islamisme

Av Olav Torheim

Nettstaden document.no treng neppe nokon umfemnande introduksjon. Den drivande krafti attum nettstaden hev sidan 2003 vore den tidlegare journalisten Hans Rustad, og nettstaden hev stødt fenge aukande tilslutnad – med eit yrande og til tider sers hugvekkjande kommentarfelt. Den islamkritiske nettstaden kom i hardt ver etter 22. juli 2011, men makta rida stormen av og koma seg upp att i kneståande. I det seinaste hev dei jamvel byrja gjeva ut sitt eige papirtidskrift, og nylegt kom det tredje i rekkja. Me hev sett nærare på dette nummeret.

Det siste nummeret er kløyvd upp i tri hovudbolkar. Etter mitt syn er den fyrste bolken heilt klårt den veikaste og den andre bolken den desidert beste. Den fyrste bolken tek fyre seg den islamske brorskapen medan den siste bolken tek fyre seg det ytringsfridomsordskiftet som kom i kjølvatnet av Lars Vilks sitt fyredrag på Deichmanske tidlegare i år. Den tredje bolken er ein slags oppsamlingsbolke der ein finn artiklar um ei rad ulike emne som ikkje høver so godt inn i dei tvo fyrste.

“Islamsk fascisme”, kva er det?

I den fyrste bolken freistar gjesteskribenten Hamed Abdel-Samad å spinna ein tråd frå den europeiske fascismen på 1930-talet og fram til den islamske brorskapen i vår tid (“Den islamske fascismen” er elles titelen på ei bok av Abdel-Samad som document.no nyss hev gjeve ut og aktivt reklamerar for på nettstaden

sin). Sjølv tykkjer eg artikkelforfattaren lukkast dårleggt med dette. Artikkelen vert til ein langhalm full med anekdotar og avstikkerar. Det gjer det vandslegt å halda tråden, kann henda av di han rett og slett vert for tynt?

Det som er klårt er at det finst ingen autoritativ definisjon på “fascisme”. Kva som er fascisme skil seg på kven det er ein spyrr. Um “fascisme” i det heile er eit meningsfullt umgrip å nytta på det som upp gjennom soga hev vore svært ulike politiske rørslor og straumdrag med nasjonalistisk tilsnitt, det er i seg sjølv umdryftelegt.

Skulde det gjeva meining å tala um ein islamsk fascisme, so laut artikkelforfattaren ha byrja med ein analyse som gjorde greida for det ein sjølv meiner skulde vera hovuddragi i fascismen, og deretter ettervisa at ein finn dei same hovuddragi i islamismen. Kor som er, dette gjer artikkelforfattaren aldri. I staden kjem Abdel-Samad med ei rad anekdotiske jamføringar yver heile lina: Nokre gonger er det Italia under Mussolini som skal tena til referanse, andre gonger er det med utgangspunkt i høgst diskutabile påstandar um stoda i Hitler-Tyskland.

Å skjera tvo vidt ulike regime som det fascistiske Italia og det nasjonalsosialistiske Tyskland yver ein kamb som ein og same “fascisme” er i seg sjølv problematisk. Men i staden for å problematisera denne samanstillingi, so freistar artikkelforfattaren å utvida henne til å gjelda ei heilt onnor politisk

ovring, den moderne islamismen av vår tid.

Slik eg tolkar artikkelforfattaren, so meiner han at islamismen og fascismen hev det sams at det er ein reaksjon mot det moderne og liberale samfundet. Det er motstand mot opplysning og fornuft, krav um at ein blindt skal underkasta seg ein autoritet. At dette er kjennemerke på den wahabittiske islamismen som råder i det USA-allierte Saudi-Arabia er sikkert og visst, men skal dette verkelegt vera samlande både for den islamske verdi i sin heilskap – og for heile det store mangfeldet av nasjonalistiske politiske straumdrag i Europa som er vortne freista presse ned i sekkeumgripet “fascisme”?

Ikkje ein gong um me gjeng til dei tvo landi som i vanleg, vinstreorientert språkbruk hev vorte karakteriserte som “fascistiske”, Italia og Hitler-Tyskland, so gjev det serlegt meining å jamføra fascisme og islamisme. Nokre kjensgjerningar som ligg upp i dagen er til dømes at:

I det wahabittiske Saudi-Arabia fær ikkje kvinner lov til å køyra bil. I det tredje riket var det Hanna Reitsch som var testpilot for dei nye jagarflyi.

I Irak og Syria freistar IS å fjerna alle spor etter tradisjonar frå tidi fyre islamiseringi. I Italia og Tyskland land var det derimot ei sterk interessa for det fyrkristne og heidske.

Medan IS knuser gamal og verdfull kunst, so hadde ein i det tredje riket nyskapande bilæthoggarar som Arno Breker – for ikkje å snakka um Italia sine futuristiske kunstnarar

som til dømes Alfredo Gauro Ambrosini.

Nei, i møtet med fundamentalistisk islam so er det ikkje noko attersyn korkje med det fascistiske Italia eller det nasjonalsosialistiske Tyskland. Det er snarare eit møte med noko som alltid hev vore oss europearar framandt. Religion og spiritualitet hev me alltid havt i Europa, jamvel lenge fyre kristendomen kom. Men europearar hev aldri vore motstandarar av teknologi og framsteg – grunnleggjande sett. Visst hev me upp gjennom soga havt både inkvisisjon og heksebrenning, men kjensgjerning er at europearane alltid hev kome seg vidare – endå um det ofte hev teke både tid og energi. Kristendomen hev kunna endra seg når ein såg at det ein trudde kom i konflikt med fornuft og vitenskap, problematiske skriftstader hev ein kunna tolka på nyo. Slik er det ikkje med delar av islam: Di meir røyndomsfernt eit forbod eller eit påbod er, di frummare er den muslimen som likevel insisterar på å underkasta seg det. Og det er nett dette som stend so skarpt i motstrid til ein lov-religion som den islamske, og som gjer den europeiske religiøsiteteten so grunnleggjande ulik frå den som kjem frå Midtausten.

Artikkelforfattaren freistar vidare å gjera eit stort nummer ut av at stormuftien i Jerusalem, Haj Amin Al-Husseini – som var onkelen til den seinare PLO-leidaren Yassir Arafat – skal ha samarbeidd med Hitler og vore med på skipa ein bosnisk-muslimsk SS-divisjon, Handschar. Denne divisjonen vart operativ heilt på slutten av krigen og vart aldri den suksessen som tyskarane hadde vona på. Likevel er det nett stormuftien av Jerusalem og SS Division Handschar som både document.no og mange andre “islamkritikarar” hev freista nytta som bindelekkjen millom PLO og nazismen. Det er her eg byrjar falla av lasset: Kvar vart islamismen av? Var ikkje PLO ein sekulær og nasjonalistisk paraplyorganisasjon for ei rad ulike palestinske grupper? Fatah og PFLP er døme på nasjonalistiske og kommunistiske grupper, ikkje islamistiske. Den islamistiske rørsla Hamas kom mykje seinare, og det var i fråværet av ei politisk løysing med dei nasjonalistiske og sekulære palestinske gruppene som tidlegare rådde grunnen åleine.

Her kjem då heilgarderingi: Den islamske verdi er ingenting anna enn eit hav av diktatur, meiner Abdel-Samad: “Man kan forestille seg den arabiske verden som et multi-diktatur, en løk som består av flere lag av diktaturer. [...] Hvert lag av løken er en høy mur som isolerer den islamske verden fra den øvrige verden”. Anten det er Saddam Hussein sitt Irak, Hafez Al-Assad sitt Syria eller Ghadaffi sitt Libya. Det er vestlegt demokrati mot islamsk diktatur som vert gjorde til motsetnadspari.

Gjev dette meining? Ja, det gjev meining



dersom ein vil driva apologi for USA og Vesten sine intervensjonar i Irak, Libya og Syria – slik document.no hev gjort både tidt og ofte. Det gjev meining for dei som meiner at liberalt demokrati er den universelt rette styreformi som “me” hev rett til å tvinga på andre. Derimot gjev det ikkje serlegt meining dersom ein freistar å forstå den komplekse maktbalansen som hev vore millom dei ulike etniske og politiske gruppene i den muslimske verdi. Det var til dømes Irak under Saddam Hussein som var den sterkaste stydjespelaren åt dei kristne i Libanon under borgarkrigen på 1980-talet. Og det er det nasjonalistiske Baath-regimet åt Bashir Al-Assad, alliert med den islamske republikken Iran, som vernar dei kristne og alawittiske minoritetane mot dei islamistiske opprørarane i Al Nusra-fronten og Den Islamske Staten.

Og den islamske staten, kva kann det amerikanske militærnojsnarstellet fortelja um deira stydjespelarar? Jau, i eit dokument frå 7. august 2012 heiter det at “there is the possibility of establishing a declared or undeclared salafist principality in Eastern Syria (...), and this is exactly what the supporting power to the opposition wants”....

“Terrormilitser med SA og SS som forbilde”, skriv Abdel-Samad um dei islamistiske opprørsgruppene, men er denne analogien noko meir enn eit billegt retorisk grep?

Sakleg vert den “islamofascistiske” vinklingi åt Abdel-Samad i alle fall ikkje. Ho vert ståande att som ein leik med ord, og det er berre trøyttande i lengdi for lesarar med ei opi og sanningssøkjande tilnærming til problematikken.

Sjå elles vår eigen artikkel, “Nei, islamismen er ingen fascisme” av Raoul Fougoux, som me umsette frå fransk og publiserte på maalmannen.no tidlegare i vår.

Kunst, politikk og ytringsfridom

I den andre bolken av Document-tidskriftet er

me attende i vårt eige Noreg – og til det oppstusset som kom i samband med Lars Vilks sitt fyredrag på Deichmanske tidlegare i år. På dette møtet, som Antirasistisk Senter og Radikal Portal fäfenget freista å stogga, so skulde kunstteoretikaren Vilks greida ut um arbeidet åt den svenske kunstnaren Dan Park – ein kunstnar som i det politisk korrekte Sverige hev upplivd å få kunstverki sine konfiskerte frå galleriet av Politiet, og som jamvel er vorten dømd for kunstverki sine.

Det er i denne andre bolken, der ein freistar problematisera tilhøvet millom kunst og ytringsfridom, at tenkjaren og polemikaren Hans Rustad endelegt kjem til sin rett. I stykkjet “Ytringsfrihet er ikke å gjøre noen en tjeneste” so kjem han med eit knusande svar til Antirasistisk Senter og alle dei hine som freista å stogga Document.no sitt debattmøte med Lars Vilks um kunst og ytringsfridom. Eit fritt og ope ordskifte er ein fyresetnad for å kunna ha eit fritt og ope samfund. Kor som er, dei sjølvutnemnde meiningsvaktarane gjer nett det som dei skuldar andre for: Dei gjer politikk til estetikk.

Kva slags meiningar som kann ytrast og kva slags fakta som kann presenterast vert hjå dei vinstretradikale til eit spursmål um politisk smak. Dreg ein fram ufjelge fakta, då hev ein dårleg smak. Det er vulgært. Me er soleides attende der at det er visse ting som ein ikkje kann snakka um dersom ein vil vera “ans-tendig”, nett som i Viktoria-tidi. Men no er det ein raud og ikkje ein blå besteborgarskap som set dagsetelen.

Likeins er det med kunsten. Aktivistane som vilde stogga debattmøtet med Vilks hevda at det ikkje var noko å diskutera. Kunsten til Dan Park er ingen kunst, det er hatytringar. Ein spade er ein spade og ein nazist er ein nazist, hevdar dei um Dan Park. Men kven er det som avgjer kva eit kunstverk representerar? Er det alltid slik at ein spade er ein spade? Rustad dreg “La trahison des

images” (Bilætsviket) av den surrealistiske bilætkunstnaren Rene Magritte fram som eit døme. Det er eit bilæte av ei pipe, og innunder pipa heiter det at “Ceci n’est pas un pipe” (dette er ikkje ei pipe).

I litteraturvitskapen er det grunnleggjande å kunna skilja tema frå motiv, og likeins er det med bilætkunsten. Kunst og politikk hev det soleides sams at det sviv seg um representasjon. Kva eit bilæte representerar skil seg på augo som ser. Kva slags verdiar og interessor ein politikar eller samfundsdebattant målber kjem det stødt til å vera ulike meiningar um. Den einaste måten å finna det ut på er å ta debatten. Men det er nett det som dei sjølvupnemnde meiningvaktarane ikkje vil. Dei ynskjer å sjølv avgjera kven det er som er verdige til å vera med i det offentlege ordskiftet, og det på grunnlag av deira eigne meiningar um kva andre “eigenlegt” stend for (so kann dei sitja der og diskutera med seg sjølv um “ekkokammeri” som finst der ute...).

Um eg skulde ha gjeve Rustad ei utbødning på den siste bolken um ytringsfridom, so skulde eg gjerne ha lika å vita kva Rustad meiner um den politikken som styresmaktene og rettsstellet i Tyskland og Frankrike hev ført mot personar som Horst Mahler og Dieudonne M’Bala M’Bala? Å be for si eigi sjuke mor er ein ting, å føra eit konsekvent forsvar for ytringsfridomen er noko anna. Ein kann meina kva ein vil um ytringane til dei nemnde personane, men fakta er at ingen av desse personane hadde vorte dømde for ytringane sine um dei hadde budd i Noreg. Horst Mahler fekk 12 års fengsel – i praksis livsvarig fengsel når ein tek alder og helsetilstand med i reknestykkjet – berre på det grunnlaget at hans eigne tankar og meiningar i seg sjølv er for brotsverk å rekna.

I Noreg hev ytringsfridomen framleis eit sterkt vern, samstundes pressar EU på med råmevedtak som skal slå ned på “hatefulle ytringar” yver heile Europa. Kvar hen document-redaksjonen steller seg i denne saki hev me framleis til gode å sjå.

Ein altfor grunn analyse

Hans Rustad og Document-miljøet er sterke på å skildra og kommentera stoda i “det nye Noreg”. Når dei freistar setja stoda inn i eit større samanheng, tykkjer eg derimot at analysen kollapsar. Dei problemene me ser i dag med masseinnvandring, islamisering og normuppløysing er ein konsekvens av at det hevdvunne, tradisjonelle samfundet er vorte bytt ut med eit moderne forbrukarsamfund. Ein kann ikkje klaga yver vantande integrasjon frå innvandarane si sida når det einaste “me” sjølv hev å tilby er ein rotlaus materialisme.

Fascismen i Europa vart nedkjempa i 1945 med brutal våpenmakt, og det er ikkje “fascismen” å takka at velferdsstaten i dag knakar under vekt av folkegrupper som aldri hev lært seg ord som “dugnad” eller “spleiselag”. Document.no hev i 12 år gjort ein bra jobb med å “documentera” dei problemene som masseinnvandringi fører til, og då serskilt innvandring frå muslimske land, men svaret på dette kann ikkje vera å slå ring um den samfundsmodellen og dei maktene som hev gjeve oss desse problemene i utgangspunktet.

Ein må gjerne arga seg yver vitlause utspel frå islamske leidarar og aktivistar på ytste vinstrevingen, slik document-redaksjonen gjer både tidt og ofte, men kva hadde dei i grunnen venta seg, og er det ikkje tid for å setja innvandringsdebatten inn i eit større perspektiv? Hjelper det å klaga yver vantande handlekraft hjå rikspolitikarane når det alt er åt å verta lenge sidan Noreg var eit sjølvstendig land på det økonomiske og utanrikspolitiske umkvervet? Er ikkje den liberale høgresida minst like medskuldig i masseinnvandringi som det ekstremvinstre skulde vera? Med FrP i riksstyret hev innvandringi vorte rekordstor, og um løyndespelet kring TISA/TTIP skulde lukkast so kjem handlingsromet for å gjera noko med desse problemene berre til å verta endå mindre i tidi som kjem.

Og sist, men ikkje minst: Er det verkelegt eit einseitig, negativt islamsfokus som fører innvandringsdebatten vidare? Hadde masseinnvandring som gjer nordmenn til minoritet i eige land vore heilt i orden berre innvandarane var kristne afrikanarar frå Kongo og Angola? Slik eg ser det, so var det den vinstreorienterte miljøvernaren Steinar Lem som sette skåpet på plass i det han slo fast at norsk kultur og identitet var minst like verneverdig som den til tibetanarane. Vårt språk, vår kultur, vår etniske eigenart, det er noko eksklusivt og verdfullt som me både hev rett og plikt til å taka vare på. I denne konstateringi ligg det ikkje nokor nedvurdering av andre kul-

turar og folk, og nett difor kann me helder ikkje få oss til å tru at alle kjem til å verta gode sosialdemokratlar eller liberalkonservative humanistar berre dei kjem til oss.

Nei, vår kultur og våre verdiar er ikkje noko universelt som må trykkjast på alle andre folk med bombor og våpenmakt, slik apoletetane for USA og NATO sine intervensjonar i Serbia, Irak og Libya ser ut til å meina. Tvert imot, eit truverdig forsvar for norsk og europeisk kultur inneber at ein styd den kampen som andre folk yver heile verdi fører for å liva sine liv på sine vilkår. Og med åtakskrigen mot Libya, islamist-infiltrasjonen i Syria – og dei etterfylgjande flyktningestraumane yver Millomhavet – so byrjar samanhengane å verta tydelege nok for mange av oss.

I informasjonsteorien er det grunnleggjande at ein må skilja millom data og informasjon. Skal ein gjera data um til informasjon, so treng ein fornuftige utvalskriterium. Skal ein ikkje drukna i datastraumen, so lyt ein filtrera, ekstrahera, analysa. Å produsera «documentasjon» yver mangkulturens konsekvensar slik den nemnde nettstaden hev gjort i eit tiår no er rett og slett ikkje nok! Det trengst ein analyse som set stoda i samanheng, både demografisk, økonomisk og geopolitisk, ein analyse som skaper rom for handling. Vinstreestremistar og fundamentalistiske muslimar kann gjera mykje ugagn, men det er til sjuande og sist ikkje desse som sit med mediemakti, det er ikkje desse som styrer dei store internasjonale finansinstitusjonane, det er ikkje desse som er i posisjon til å avgjera kva for regime og statsleidarar som hev livsens rett og kven som ikkje hev det («Me kom, me såg, han døydde», sagde Hillary Clinton um Muhammad Gadaffi etter at han hadde vorte bestialsk drepen og sodomisert med kniv). Dei som ynskjer å finna desse samanhengane lyt leita andre stader enn på document.no. I millomtidi pressar røyndomen seg meir og meir på...



«*Terrormilitser med SA og SS som forbilde*», skriv Abdel-Samad um dei islamistiske opprørsgruppene, men er denne analogien noko meir enn eit billegt retorisk grep? Kva hadde desse gruppene vore utan statane og njosnartenestene som væpnar og finansierar dei?

Fotball og identitet

Av Christian Veland



I dagsens toppfotball er det dei grunnleggjande kapitalistiske og postmoderne verdiane som rår grunnen. Det er ikkje lenger det organiske samspelet som det ein gong var mellom fotballklubben og lokalmiljøet som klubben spring ut frå - eller mellom tilhengjarane på tribunen og spelarane som ber klubben sine fargar ute på banen medan kampen stend på. Slik vert toppfotballklubbane til reine pengemaskinar utan lokalt rotfeste. Som me skal sjå i dette stykkjet so finst det likevel klubbar som vel å leggja vinn på den lokale tilknytningi og som nett difor stødt maktar å hevda seg sportslegt.

Frå gamalt av var det slik at dei fleste spelarane, um ikkje alle, var byen eller bygdi sine eigne karar. Vålerenga-speararane var frå Oslo Aust, nett som Rosenborg-speararane var trøndarar. Det er ikkje so lenge sidan Rosenborg under Nils Arne Eggen var eit lag som kunde taka kven som helst på sengi i Champions League, og det med ei yvervikt av trøndske fotballspelarar. Kor som er: I dag er fotballspelarar fyrst og fremst ei vara med pengeverdi. Alle varor kann umsetjast på ein marknad, det gjeld berre for kjøparen å blada upp nok pengar.

Utan lokale fotballspelarar døyr det lokale fotballengasjementet

I god, postmoderne ånd er fotballspelarane nær sagt vortne for sjellause atom å rekna. Brann kann fint stella med tvo-tri norske spelarar og fylla upp resten av startupstillingi med utanlandske spelarar. Det er ikkje noko sersyn, men snarare tildrivt i resten av det norske fotballmiljøet i lang til no. Serlegt fyre finanskrisone dei seinaste åri so hev det vore ein nær sagt sjukleg tendens til å setja dei utanlandske spelarane fremst, og det jamvel um den norske ligaen ikkje er mykje å snakka um i utlandet. Til dømes hev ein nytta seg av stødt fleire afrikanske spelarar i laguppstillingi, og det på kostnad av dei

norske spelarane.

Kva hev dette ført til? Både fallande tilskodartal og eit dårlegare sportslegt nivå når ein jamfører med dei hine europeiske lagi i dei ulike europacupane. Unge norske fotballspelarar hev slite med å få sleppa til på lagi, og det hev hemja den sportslege voksteren åt ein heil ættled med fotballtalent.

Dessutan hev Noregs Fotballforbund selt TV-rettane til betalingskanalar som til dømes Cmore, og desse hev mykje dårlegare dekningsgrad enn det ålmennkringkastarane hev. Dette gjev økonomisk vinning på stutt sikt, men i lengdi fører det til at færre fylgjer med på fotballkampane på TV. Dei auka inntektene frå TV-rettar hev fotballklubbane nytta til å kjøpa inn utanlandske spelarar som ikkje er serskilt gåverike, men som krev skyhøge løner.

Slik kann ein - til lukka - ikkje halda fram i det endelause. Aukande kostnader og fallande inkomor hev ført mange norske fotballklubbar til kanten av stupet økonomisk. I mellomtida hev engasjementet frå lokalmiljøet gjerne dabba av. Dei lokale stydjespelarane zappar helder innum engelsk Premier League i staden for å leggja ut hundrardtals kronor for å sjå ein haupt middelmaßige utanlandske spelarar iførde ei lokal fotballdrakt. Ironisk nok er det like logisk for ein fotballinteressert bergensar å halda med eit engelsk fotballag frå til dømes Manchester enn det er å bry seg serlegt med det som Brann til kvar tid held på med. Ironisk sidan den engelske Premier League er krundømet på ein fotballkultur på full fart inn i den sjellause apokalypsen finansiert av russiske mafialeidarar og oljesjeikar frå Qatar.

Norsk fotball kjem visselegt aldri til å kunna tevla sportslegt med ligaer frå store europeiske nasjonar. Men kanskje ein då skulde ta til å tenkja stuttrest og økologisk, her som på andre omkverve? Er det logisk at ein norsk fotballklubb tilset ein afrikansk fot-

ballspelar som er vorten vurdert som ikkje god nok av tjuge ulike europeiske fotballigaer fyre han hamnar i Sogndal? Bør ikkje norske klubbar helder primært satsa på å hjelpa fram norske fotballspelarar? Kann det vera at publikum av einkvan uforklårleg grunn kjenner ei serskild tilknytning til ein klubb der grannen en høgrebakk? Eller der supertalentet som herja på smågutelaget til Trane faktisk hev teke steget og iført seg den raude Brann-drakti?

Lokal spelarrekruttering: Baskiske Athletic Bilbao gjeng mot straumen

I dagsens atomiserte verd finst det sume subkulturar og lummor av motstand mot massesamfundet. Eit døme på ein fotballklubb som hev teke vare på bandi mellom lokalmiljø og spelarar er Athletic Bilbao. Klubben er som namnet segjer frå den baskiske parten av den spanske føderasjonen og er ein av toppklubbane i den spanske La Liga. Klubben hev i dei seinaste åri vore med i Champions League etter måten mange gonger. Det som er eineståande for Bilbao er at klubben eine og åleine hev baskiske spelarar i stallen. Dette er endskapen på eit medvite val som den medlemstyrde klubben hev teke: Å kjøpa spelarar som ikkje er baskiske er brot på vedtektene åt klubben. Dei seinaste åri hev klubben utvida litt i jakt på nye spelarar og mellom anna henta spelarar frå Sud-Amerika, men då einast spelarar med baskiske anar.

Dette må ein forstå innanfor den politiske konteksten åt den spanske føderasjonen, med store regionale spaningar og spaning mellom sentralmakt og utkantar. Athletic Bilbao vert reint symbolsk det næraste ein kjem eit baskisk landslag i fotball. Men det sentrale poenget her er at det er moglegt for ein spansk toppklubb å medvite rekruttera nye spelarar eine og åleine frå ei folkegruppa på tri millionar baskarar og samstundes hevda seg sportslegt. Stydjespelarane elskar laget sitt, og Athletic Bilbao er den einaste spanske toppklubben - attåt gigantane Real Madrid og FC Barcelona - som aldri hev rykkt ned frå den spanske toppdivisjonen.

I ei verd der det sveitsiske fotballandslaget kann stella med spelarar med albansk bakgrunn - og som nektar å taka straffespark mot nett Albania - so er det hugssvalande å sjå slike kulturelle motpolar som det Bilbao målber. Og for å vera litt lite politisk korrekt: Er det i grunnen logisk for ein vestlending å halda med det norske fotballandslaget når dei spelar mot Island?

Statsgrensone brest, men kva med dei mentale barrierane?

Av Olav Torheim

Medan den ovstore asyltilstrøymingi vert møtt med resignasjon og greinaløysa i Europa elles, so set folk i Ungarn og Finland seg til motverje. I Ungarn hev styresmaktene stengt grensone og i Finland hev store folkemassar laga ei menneskekjeda på svenskegrensa for å stogga asylstraumen. Det er verdt å merka seg at desse to landi ikkje berre stikk seg ut politisk, dei stikk seg ut språkleg med. Kann det vera ein samanheng her?

Det som er sikkert er at professor Frode Jens Strømnes i si tid kunde ettervisa at ulike språk svara til ulike måtar å tenkja på – ulike måtar å konseptualisera og organisera røyndomen ikring seg på. Frode Strømnes studerte framfor alt skilnadene millom svensk og finsk, og han kom fram til at den svenske fyrestellingsverdi (indo-europeisk) var ein vektorgeometri som lagde vinn på rørslor i eit tridimensjonalt rom, medan den finske (finsk-ugrisk) var ein tvodimensjonal topologisk modell som lagde vinn på tilhøvet millom grensor.

Kva er det so me ser i dag? I land som Austerrike, Tyskland og Sverige – sistnemnde land tek no imot 2000 asylsøkjjarar kvar einaste dag – so heiter det at den store menneskestraumen er noko som ikkje let seg stogga. Det er einast noko ein kann kanalisera og leggja til rettes for med asylmottak, umfordelingslyklar og integreringstiltak. I Ungarn og Finland, som baa høyrer til den finsk-ugriske språkfamilien, so ser ein det derimot onnorleis: Der set dei seg ned og ser på kartet (2D), dei teiknar upp grensone og dei sikrar desse med gjerde og vakttårn. Det må vera grensor, er både finnar og ungararar tydelege på.

Det er med andre ord likt til at finnar/ungarar og svenskar/tyskarar tek hand um asylproblematikken på ein måte som svarar til dei mentale modellane som språki deira byggjer på. I Tyskland er ein uppteken av å kanalisera flyktningstraumen vidare inn i dei vesteuropeiske samfundu (styra rørslor) medan ein i Ungarn og Finland er uppteken av å gjeva migrantane ei klår melding um at her kjem dei ikkje vidare (relasjonar millom grensor).

Både Ungarn og Finland hev det dessutan sams at dei kjempa mot Sovjetunionen under den andre heimskrigen, allierte med Tyskland. Kor som er: Medan Tyskland i dag er både kraftlaust og mak-



Torneå på svenskegrensa: «Trygt Finland». Ein menneskemasse sperrar grensa mot Sverige, med krav um stogg i asylstraumen.

teslaust i møte med dei nye folkevan-dringane, so er stemningi ei heilt onnor i våre finsk-ugriske granneland i aust. Der let ein ikkje ei vanskeleg fortid vera til hinder for å møta flokar som kjem upp i dag.

Me veit at i eit rørslebasert vektorsystem so stend kausaliteten sentralt: Verknad fylgjer årsak heile vegen. Når tyskarane aldri kjem seg vidare frå skuldkomplekset etter andre heimskrigen, so kann det kanskje ha noko med dette å gjera? Spursmålet er verdt å stella seg.

I Finland og Ungarn treng ein i alle fall ikkje å skjemmast for å vera nasjonalist. Til dømes hev ein i Finland store festivalar der nasjonalsinna svartmetallgrupper fær stå på scena – og i Ungarn hev den tjodlynde musikkfestivalen Magyar Sziget samla titusundtals menneske kvart einaste år. Denne festivalen er vorten skipa til av den ungarske ungdomsrørsla HVIM, som hev vore leidd av Laszlo Toroczka. Det er nett den same Laszlo Toroczka som for snaude to år sidan – med meir enn 70 prosent av røystene – vart vald til borgarmeister i ein by på grensa til Serbia, Ásotthalom. Og det er takk vere det politiske arbeidet som han og rørsla hans hev gjort at det både vart bygt eit grensegjerde og sytt for vakthald av dette.

Her kjem me til endå eit poeng: «Det er ittnå som kjem tå seg sjøl». Når styresmaktene i Ungarn faktisk stend på barrikadane for heile Europa og freistar stogga den massive asylstraumen frå Nord-Afrika og Midtausten, so er det av di det er vorte lagt eit kulturelt og politisk grunnlag for dette i lang tid fyreat.

No spelar dei ballen vidare til resten av

Europa...

Er det noko i den finsk-ugriske mentaliteten som gjer at ein ikkje berre let ting skje, men at ein faktisk reiser seg og kjempar? Kva då med vår mentalitet, kva hev hendt med den? Vikingane var ikkje finnar eller ungarar, dei var skandinavar – og det å lyfta sverdet til strid er då ei tridimensjonal rørsle so godt som noko! Kann henda moderne vest-europearar hev bygt seg upp nokre kunstige mentale barrierar som det er tid for å bryta?

Språk er nevralt program, og fyremålet deira er å syta for at me yverlever. Det er i utgangspunktet ingenting ved den indoeuropeiske fyrestellingsverdi som hindrar oss frå å taka hand um asylstraumen eller andre problem som skulde melda seg – det er den vesteuropeiske soga full med døme på. Når me i dag likevel ikkje er i stand til det, so skriv det seg frå den mentale umprogrammeringi som 1968-generasjonen sine ideologar, psykologar og teknologar hev stade for. Dei som stod for denne umprogrammeringi kom flestalle frå Tyskland («Frankfurterskulen»), og det var den tyske og indoeuropeiske fyrestellingsverdi som dei kjende og som dei tok utgangspunkt i. Men nett som eit datavirus for Windows-maskinar kjem til kort når det møter ein Linux-maskin, so er det likt til at dei nedbrytande programmi ikkje vil køyra i heilane på folk med finsk-ugrisk «operativsystem». I Ungarn og Finland syner reaksjonane hjå folket at nasjonalkjensla og yverlevingsinstinkt framleis er sterkt til stades. No gjeld det um å vekkja upp att vårt eige!

“Ein makt demonstrasjon”

“Gode Bladstyrar,

Eg har nett site på do og lese så auga er blitt stort og vått (Dei beste leseøkterne gjer eg på do, no for tida – ingen refleksjon på lesestoffet).

Dette dobbeltnummeret av Målmannen vil eg gjerne få kalla ein makt demonstrasjon av Bladstyraren.

Fyrst kjem ”Den høgnorske livbåten”, som eg enno ikkje er heilt sikker på om eg har svalt, men som likevel gjev god mein- ing for oss som trur på, at alt godt, som språket vårt, krev arbeid og omtanke, skal det leva. (Eg har lenge vore arg på ”leikeskulen” på dialekt.) Tankevekkjande og rett oppfatta, tykkjer eg.

Så kjem artikkelen om mentale model- lar. Her var det ting som var heilt nye for meg, men som treffe meg på den måten, at mange lause tankar som eg har gjort meg om språk og pedagogiske tilnærmingar kom i orden, og fall på plass. Eg har lenge vore fascinert av Chomsky, men eg har aldri heilt sett kor han har føtene sine. No ser eg at han til sjuande og sist kanskje har vore fotlaus all sin dag. No ser eg óg at skulen har tapt svært mykje på å erstatta gjenstandar og demonstrasjonar i undervis- ninga, med preik og digitale symbol, i pengesparsemd og IT-svimling. (Eg ser ikkje sjølv den siste lina som sjølvmot- seiande). Dette må eg sjå nøyare på.

Artikkelen om dialektromantikkk og nynorsk realisme ser eg óg som eit blinkskot. Eg har lenge prøvd å læra ele- vane mine, at det er skilnad mellom skrift- mål og talemål, og at me har berre to vari- antar av skriftleg norsk – bokmål og nynorsk. I desse har dialektane ingen plass, dersom vi ynskjer å bevare norsk som eit nasjonalt språk, slik både Aasen og Knud- sen kjempa for. Dialektinnblanding verkar fragmenterande og polariserande, og set att omgrepet ”rettskriving” som meiningslaust. Slikt skadar ikkje berre ordbruken, men sjølve tankemodellane som ligg i botn.

Eg er nok ikkje mogen for å svelgja alle argumenta i innvandringsordskiftet på s.14, men eg tykkjer argumentasjonen er heilskapleg og god, med viktige moment som visst bør høyra heime fremst i debat- ten.

Dette var så langt som eg kom i denne sesjonen (sic), men eg ser fram til neste besøk på lokaliteten. Eg såg fleire interes- sante overskrifter baketter i bladet.

Om Bladstyraren held fram slik, kjem mine bladpengar ikkje til å skorta.”

-Bjarte Rundereim

Politispoet 22. juli: Ein fårleg fiksjon

Av Olav Torheim



TERROR: Stolar frå ein kafe i Torggata, på hovudet med stolbeini stikkande gjennom den utblæsne vindauga (Foto: Torstein Viddal).

Torstein Viddal er skribenten som kann takka norsk politi for at han i 2013 tok steget inn i fiksjonen og debuterte med si fyrste skjønnlitterære bok, ”Politispoet”. Den nye forfatterskapen er resultatet av ei rad hendingar som Viddal brått og uventa berre vart kasta inn i...

Sjølve romanskrivingi tok til i november 2012, etter at kommisjonsrapporten um 22. juli var vorten lagd fram. Titelvalet ”Politispoet” skaper straks assosiasjonar til mordet på Olof Palme, og nett Palmemordet vert i Viddal si bok sett opp som ein viktug parallell til det som hende 22. juli 2011. Det gjeld både terroråttaket, politiarbeidet og granskingsi etterpå.

For Torstein Viddal byrja det heile den 22. juli 2011, i tri-tidi på ettermiddagen. Viddal var heime i husværet sitt i Oslo, berre eit steinkast frå Regjeringskvartalet, då han kjende på smellen frå det han fyrst trudde var eit ljonnedslag som hadde gjenge rett ned i grannebygget. Det sterke lufttrykket fekk stoveglaset til å springa ut, men utan å knusa eller gå av hengslone. Det var trykkbylgja frå eksplosjonen i Regjeringskvartalet...

Enno visste ingen kven som stod attum åttaket, men Viddal henta straks fram kameratet sitt, tok seg ut på gata og heldt fram mot regjeringsbygget. Stogga av polititeip og avsperringar vart han augevitne til terroristen sine herjingar. Viddal kom sjølv med på nokre av dei aller fyrste TV-upptaki (NRK) frå Akersgata.

Viddal var i tidi etter terroraksjonen

ikkje serlegt nøgd med måten media og styresmakter tok hand um saki. Millom anna undra han seg yver at det vart sett ned ein ”granskingskommissjon” der mandatet var at det ikkje skulde granskast noko som helst um kven som stod bak eller eventuelt hadde vore medhjelparar til terroraksjonen. Viddal freista difor å samla mest mogleg informasjon på eigi hand.

Politihelikopteret som ikkje fekk ta av

Under arbeidet sitt med å samla informasjon, både frå norske og utanlandske nyhendekjeldor, gjorde Viddal seg ei rad observasjonar som han tykte var underlege. Det mest graverande var det at Vernebu- ingstroppen (Beredskapstroppen) hadde vorte nekta å nytta Politiet sitt helikopter på ettermiddagen den 22. juli. Tvo gonger denne ettermiddagen hadde Vernebu- ingstroppen bede Oslo-politiet um løyve til å nytta helikopteret, og bae gongene hadde dei fenge nei. Politihelikopteret som Vernebu- ingstroppen ikkje fekk lov å nytta vart seinare på kvelden sendt ut på eit ruti- neoppdrag yver Oslo Sentrum. Fyrst i 23- tidi um kvelden vart det til slutt sendt til Utøya for å leita eller fleire moglege terror- istar...

Kvifor skulde ein ikkje få nytta seg av politihelikopteret medan det enno var bruk for det? Helikopteret hadde vorte lakkert dagen fyreåt, vart det sagt, men var det vik- tugare å lata lakken turka på helikopteret enn å hindra at ungdomar vart drepne? Det er makabert berre å tenkja tanken. Helikopteret hadde dimeir vorte lakkert på

Rygge Flystasjon og sidan fløge til Gardermoen flyplass der det vart sett på bakken, so det hadde paradoksalt nok alt vore i luftromet yver Utøya!

Korkje media eller den offisielle granskingskommisjonen vilde ut med namnet på personen som hadde nekta Vernebuingsstroppen å få nytta politihelikopteret. Torstein Viddal greidde kor som er å resonnera seg fram til kven han meinte laut vera den andsvarlege, og han la denne informasjonen ut på sin eigen blogg – dette i von um at andre kann hjelpa honom med å få fakta på bordet. Det som hender då er at Kommunikasjonsavdelingen i Oslopolitiet kontaktar Viddal på telefon og e-post med bøn um at identifiseringi skal fjernast. Når Viddal segjer nei, vert den audmjuke bøni formalisert til eit krav. Viddal vert ilagd ei bot på 50.000 kr, pluss dagbøter for um lag 25.000 kr!

Saki hamnar i Forlikrådet, og Viddal hev ikkje anna val enn å sletta informasjonen. Kven som sa nei til å setja politihelikopteret i lufti skal kort og godt få verta verande ein godt vakta løyndom. Soleides kjem me til slutten på granskingi åt Torstein Viddal, og byrjingi på det fiktive arbeidet til bergensarane Karlsten og Mjelde...

Ein bergensar tek saki

Karlsten er ein arbeidsledig bergensar som nyttar dagane sine til nettsurfing, kaffidrikking og røykjing. Nokon Varg Veum er han nok ikkje, snarare ein dagdrivar. Men med terroraksjonen 22. juli fær han eit oppdrag å setja ut i livet: Han vil finna kva som verkelegt hev hendt, og korleides. Til dette fyremålet allierar han seg med ein gamal kompis, Mjelde, og saman publiserar dei resultati sine på ei nettsida som dei kallar for Pro-Demokratisk Union. Mjelde er litt av ein dagdrivar, han med, og soleides hev dei nok av tid til å setja seg inn i alle detaljane som kjem fram um saki i media – detaljar som ikkje alltid stemmer med einannan og slett ikkje med det store, offisielle bilætet som vert skapt i massemedia.

Kvifor Vernebuingsstroppen ikkje skulde få lov å nytta politihelikopteret er eitt av spursmåli som Karlsten freistar å få greida på. Men han nøgjer seg ikkje med det. Av andre spursmål som han tykkjer at han ikkje fær gode svar på hev ein til dømes:

Korleis kunde det ha seg at Vernebuingsstroppen den 22. juli øvde seg på nett det same scenarioet som på Utøya? Øvingi tok slutt klokka 15, berre minutt fyre



«Toppjobb i NATO» var ei av VG-yverskriftene som ein kunde lesa gjennom den knuste glasruta i Akersgata. 3 år seinare var det nett det som venta mannen som var statsminister i Noreg den 22. juli 2011...

bomba gjekk av på regjeringsbygget.

Korleis kunde det ha seg at Politiet faktisk fekk tilgang til registreringsnummeret åt attentatmannen sin bil, men samstundes let registreringsnummeret verta liggjande att på ein papirlapp og ikkje leidd vidare til politipatruljane kring Oslo?

Korleis kunde det ha seg at politipatruljane på strekket millom Oslo og Utøya rett og slett ignorerte ordren frå operasjonsleidararen um å setja upp vegsperringar? Kvifor berre sleppte dei trafikken forbi?

22. juli skulde vera dagen då alt svikta, vert det sagt. Kvifor denne himmelropande inkompetansen til å løysa eit problem som ein hev øvd seg på den same dagen?

Sams for alle desse sakene er at media helst ikkje vil skriva um dei, og i alle fall ikkje nemna namni på dei personane som tok desse lagnadstunge avgjerdene. Um registreringsnummeret på bilen ikkje berre hadde vorte krota ned på ein papirlapp og lagd burt, so kunde ein ha hindra heile Utøya-massakren. Um politihelikopteret hadde vorte sett i lufti i tide, so hadde ein kunna stogga masse mordaren fyre talet på dødsoffer vart det største i Noreg i fredstid.

Alt dette stend i sterkt kontrast til den medfarten som Fjordmannen, Peder Nøstvold Jensen, skulde få i media etter 22. juli. Fjordmannen vart nøydd til å reisa frå landet – som fylgja av ei grufull hending som han heilt uskuldig vart dregen inn i. Men dei som hev det ytste andsvaret for lagnadstunge avgjerder som kann ha kosta hopetal med menneskeliv, dei skal skjermast i ålmenta. Skyna det den som kann.

Hit, men ikkje lenger...

Karlsten skynar helder ikkje mykje av dette, men kanskje ikkje so rart? Det arbeidslause livet på hybelen i Bergen, der dei einaste gledjone er nokre spanske gjentor som han hev møtt på myntvaskeriet, det er gjerne slikt som fører til gruvling yver saker og ting som gjennomsnittsborgaren helst ikkje vil tenkja på. Eg fær ein tendens til å keida meg når eg umatt og umatt lyt lesa um dei same kaffikoppene og sigarettane. Kor som er, so mykje anna enn dette er det vel ikkje som ventar dei som nektar ta til takke med A4-livet sine offisielle versjonar. Å vera dissident hev sin pris, jamvel i “verdsens beste land”.

Soleides kjem Karlsten til det punkt der han skynar at han veit det han treng å vita, og samstundes kjem han ikkje noko lengre. Dørene er stengde. Meiningsmuren hev reist seg. Jamvel Didrik Søderlind og John Færseth fær sagt sitt um Karlsten sine samfundsnedbrytande granskingar, og domen frå dei liberale systemvaktarane er ikkje nådig: Dette er konspirasjonsteoriar. Eg bladar fåfengt til den neste sida i boki, fyre eg ser at eg alt er komen til den siste. Meir skulde ha vorte skriva, men det er stopp no. Sporet er framleis for ferskt. Kanskje um 10 år?

*Torstein Viddal,
“Politisporer”,
Glohug Forlag,
2013*

Er amatørboxing ein trygg eller fårleg idrott?

Av Olav Torheim



Denne artikkelen tek fyre seg amatørboxing og ser nærare på kva moderne forskning kann fortelja oss um moglege langtidsskader ved boksing. Når eg hev skrive denne artikkelen, so er det fyrst og fremst av di det er ein artikkel som eg sjølv kunde ha tenkt meg å lesa - og det helst alt for mange år sidan. Dette både av di eg sjølv hev drive med boksing og av di eg til dessar ikkje hev greidd å finna nokon norskspråkleg artikkel som i si fulle breidd tek fyre seg problematikken kring amatørboxing og moglege langtidsskader.

Når ein leitar på nettet med søkjeord som “boksing” og “hjerneskode”, so fær ein treff på etter måten mange diskusjonsforum der nybyrjarar spyrr um det kann vera fårlegt med boksing. Svari som dei fær tykkjer eg verkar nokso dårlegt underbygde og ikkje serskilt yvertydande...

Sunn fornuft: Eit slag mot hovudet er aldri bra for hovudet

Endå um forskingi sumtid gjev oss yverraskande konklusjonar, so kjem ein som regel langt berre med å bruka heilt vanleg og sunn fornuft. Her er ein ting sikkert: Slag mot hovudet er aldri sunt for hovudet. Det er like sikkert som at eit spark mot kneet aldri er sunt for kneet - eller at ein sigarett aldri er sunn for lungone. Spørsmålet som forskingi kann gje oss eit nøgnare svar på er soleides av kvantitativ art: Kor skadelegt kann eit slag mot hovudet vera, og er det i det heile so fårlegt at det er noko ein treng å bry seg um? Det gjev oss

grunnlaget til å sjølv vurdere um boksing er verd risikoen eller ikkje.

Når ein spyrr nokon um kor fårlegt det er med passiv røykjing, so er ein neppe nøgd med svaret um ein berre fær høyra at røykjeromet kann vera bra for det sosiale miljøet på arbeidsplassen. Likeins er det med boksing: Når ein spyrr trenaren sin um kor stor faren er for å verta heiletskadd, so fortener ein eit betre svar attende enn at “all fysisk aktivitet kann vera fårleg” eller at “det er mykje fårlegare å berre sitja i ro framfor fjernsynet og drikkja øl og eta potetgull”. Det siste er visselegt heilt sant, men so er det helder ikkje slik at det å vera passiv og liva usunt er det einaste alternativet til det å driva med boksing. Det er ingen tvil um at mange hev kome seg ut or passiviteten og fenge seg betre livskvalitet av å driva med boksing eller kickboksing. Like fullt so tykkjer eg at dei som vurderar å byrja med denne idrotten skal vita kva slags risiko dei gjev seg inn på.

Kva slags skader kann so slag mot hovudet føra til? Til liks med andre helseskadelege ovringar som giftstoff og radioaktiv stråling, so kann ein skilja millom akutte og kumulative skadeverknader. Den akutte verknaden er den verknaden som ein straks kann uppliva etter å ha motteke eit slag. Den kumulative verknaden er den verknaden som ein fyrst kjenner på kroppen etter å ha teke imot slag i årevis.

Akutte skadeverknader: Heiletskaking

På same måten som med giftstoff og stråling,

so kjenner ein einast nokon akutt verknad dersom den påførde skaden er yver ein viss terskel: Ein må ha fenge so harde slag mot hovudet at ein er påførd ei heiletskaking (hjernerysting) - altso at heilen vert akselerert so sterkt at han stongar imot kraniet (heilen er so blaut at han ikkje toler si eigi vekt, han ligg og flyt i eit buffer av saltvatn inne i kraniet).

Ei heiletskaking treng ikkje um å føra til medvitstap, men ho fører som regel alltid til minnetap og reduserte kognitive evnor - endå det som regel berre er for ei avgrensa tid på nokre dagar eller vikor. Um ein skal koma seg att etter ei heiletskaking, so treng ein framfor alt fred og ro - og for all del ikkje endå fleire heiletskakingar fyre ein hev kome seg att etter den fyrste. Dette er grunnen til at ein amatørboxsar som vert slegen ut alltid vert pålagd ei karantenetid fyre han kann halda fram med sparring.

Her kjem me med ein gong til noko av det som gjer profesjonell boksing til noko langt fårlegare enn amatørboxing. Ein amatørboxsekamp er berre på tri rundar og domaren kann avbryta kampen dersom ein av boksarane syner teikn på heiletskaking. Ein profesjonell boksekamp varar derimot i heile 12 rundar, men ikkje berre det: Kampen er ikkje forbi um ein av boksarane vert slegen ned. Tvert imot, han gjeng då “ned for teljing” og kann velja å reisa seg att for å taka imot endå fleire slag mot hovudet etter at han alt er påførd ei solid heiletskaking. Dette er livsfårlegt!

Det som gjer amatørboxing tryggare enn proffboxing er framfor alt at ein gjeng færre og stuttare rundar og at ein hev betre høve til å avbryta kampen når ein ser at ein utøvar er åt å verta skadd. Mange tenkjer seg at amatørboxing er tryggare enn proffboxing av di amatørboxsarar nyttar seg av hjelm, men det er ein myte. For nokre år sidan vedtok det internasjonale amatørboxseforbundet, AIBA, å taka burt hjelmen for seniorar. Noko av grunnen til dette var nett det at nyare forskning syner at hjelmen ikkje er anna enn ein falsk trygggleik. Hjelmen hjelper mot kutt og augeskader, men han hjelper ikkje det minste mot heiletskaking. Tvert imot, med hjelm vert det effektive volumet på hovudet større slik ein fær større treff-flate. Ein vert dimed råka av fleire slag enn det ein hadde vorte utan hjelm, og den kinetiske energien som vert avsett når ein knyttneve stoggar i hovudet er nett den same, anten ein hev hjelm eller ikkje. Men med hjelm so kjenner ikkje slaget seg lenger so hardt som det hadde gjort um det

råka rett i auga eller øyra, og sparringi kann dimed verta hardare enn ho elles hadde vorte.

Kumulative verknader: CTE og “boksedemens”

I motsetnad til dei akutte verknadene av slag mot hovudet, so er dei kumulative verknadene slik at ein gjerne fyrst merkar dei eit titals år etter at ein byrja å boksa. For mange kjem pågåne fyrst etter at ein hev lagt boksekarrieren på hylla - og framleis er i den trui at ein ikkje tok nokon skade av det. Boksedemens, “dementia pugilistica”, vart vitenskapleg dokumentert so tidleg som i 1928. Det er summen av alle slag opp gjennom alle år som her byrjar gjera seg gjeldande - og her syner nyare forskning at alle slag yter sitt, ikkje berre dei som er harde nok til å valda heileskaking.

I nyare forskning kallar ein det for Chronic Traumatic Encephalopathy, CTE. Det som hender hjå CTE-pasientar er at store mengder med tau-protein samlar seg opp i heilen, og desse proteini “et upp” nervecellor. Det er ein prosess som kann verta sparka i gang og som deretter berre rullar vidare hjå folk som hev fenge etter måten mange heileskakingar. Ein kann berre påvisa denne proteinupphopingi ved obduksjon, men det finst prosessar som er assosierte med dette og som kann mælast. Dei fyrste teikni på at ein CTE-prosess er i gjære kjem som regel fyrst ei 10-15 år etter at ein er byrja å boksa. På lag 20 prosent av profesjonelle bokssarar utviklar CTE, medan andre ser ut til å sleppa undan dette problemet. Det er likt til at det er ein genetisk disposisjon for det å utvikla CTE.

Noko av det skumle med CTE er at ein gjerne fyrst merkar det lenge etter at boksekarrieren er lagd på hylla. Me misser alle nervecellor når me vert eldre, og aldersdemens er eit døme på kognitiv svikt som ikkje skriv seg frå so mykje anna enn at ein byrjar verta gamal. Men ein bokssar som gjennom ein lang karriere alt hev øydelagt etter måten mange nervecellor, han hev also ein mindre reserve å gå på fyre han merkar verknadene av at hjernen byrjar verta gamal og skøyr (Sjå til dømes “The evidence for chronic traumatic encephalopathy in boxing”, McCrory et al, Sports Med. 2007;37(6):467-76).

Kumulative verknader på profesjonelle bokssarar

Når det kjem til langtidsverknadene av boksing, so er det å ta verta klårt at det sviv seg um meir enn berre risiko for CTE. Jamvel slag som ikkje fører til heileskaking gjev ein verknad. Dette let seg mæla, både på profesjonelle bokssarar og - som me skal sjå - jamvel på amatørbokssarar.

Det finst eit ferskt studium som hadde

fylgt eit hundraddtals profesjonelle bokssarar, og der dei jamførde resultat frå både fysiske mælingar og kognitive testar med den tidi som dei hadde vore aktive proffbokssarar. Her kom ein til interessante resultat. Uavhengig av intensiteten på treningi, so fekk ein ingen utslag i testane hjå dei som hadde boksa mindre enn seks år. For dei som hadde boksa meir enn seks år, so var det derimot ein klår, lineær samanheng millom redusert hjernevolum og talet på år som ein hadde boksa.

For dei som hadde boksa meir enn 12 år, so kom det jamvel til ein klår lineær samanheng millom resultat på kognitive testar og talet på år ein hadde drive med boksing (Kjelda: Charles Bernick og Sarah Banks, “What boxing tells us about repetitive head trauma and the brain”, *Alzheimers Res Ther* 2013, doi: 10.1186/alzrt177, <http://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC3706825/>)

Det verkar also som um det er ein terskel for kor lenge ein kann boksa fyre det er sikkert at ein byrjar å merka det i testar. Det heiter likevel ikkje at hjernen ikkje tek skade av slag i dei fyrste åri ein er aktiv. Tvert imot, hjernen hev i utgangspunktet ein ovstor kapasitet. Endå heilen i snitt ikkje veg meir enn 1,5 kg, so inneheld han på lag 100 milliardar hjerne-cellor, og ein reknar med at det berre er um lag 20 prosent av hjernekapasiteten som heilen til kvar tid nyttar seg av. Det er also ein stor reserve av nervecellor som kann verta øydelagde fyre det byrjar slå ut i testar. Men er ein fyrst komen til det punktet, so er det mykje mindre att å gå på.

For å ta eit døme frå kvardagen, so kann dette jamførast med eit avlaup i kjøkenvasken som langsamt held på å gå tett. So lenge røyret framleis er stort nok, so kjem ein ikkje til å merka at det held på å gro seg tett: Alt vatnet som ein tømmer nedi renn ut at like snøgt som det kjem inn. Det er fyrst når røyret er vorte so tett at det ikkje lenger greider å taka undan alt vatnet som kjem inn, at ein byrjar å merka det: No byrjar vatnet i avlaupsvasken å stiga. Frå dette punktet av, so merkar ein direkte korleis det grør seg til: Di tettare røyret vert, di snøggare stig vatnet i avlaupsvasken.

Kumulative verknader på amatørbokssarar

Det finst mange tiår med forskning på amatør-boksing og hovudskader, og det vert i offentlege ordskifte som regel hevda at forskningi ikkje kann påvisa nokon samanheng millom amatørboksing og heileskade (Sjå til dømes “Amatørboksing - risikomomenter, etikk og Legeforeningen”, av P. J. Faugstadmo i Tidsskrift for den norske legeforening eller “Neuropsychological Consequences of Boxing and Recommendations to

Improve Safety: A National Academy of Neuropsychology Education Paper” av Heilbronn et al i Archives of Clinical Neuropsychology 24 (2009) 11 – 19).

Kor som er, dette er ei sanning med modifikkasjonar.

Det er gjort etter måten mange etterrøkjingar der ein hev freista røkja etter um amatør-bokssarar gjer det dårlegare på kognitive testar enn det som andre idrottsfolk gjer. Her hev ein ikkje vore i stand til å påvisa at bokssarar gjer det signifikant dårlegare enn andre. Litt av problemet her hev kor som er vore å finna ei høveleg gruppa å jamføra med. Finst det idrottsgrupper som hev same sosiale bakgrunnen som bokssarane og der det einast er slag mot hovudet som skil idrotten deira frå boksing? Fotballspelarar hev vorte nytta i sume etterrøkjingar, men korleis veit ein um dette er ei relevant referansegruppa?

Framdrift i saki kom det fyrst for eit par år sidan då ei svensk forskingsgruppa byrja med å kopla fysiske mælingar saman med dei kognitive testane. Då fekk dei resultat som på den eine sida stadfeste tidlegare forskingsresultat og på den andre sida kom til nokre nye og interessante observasjonar:

Den svenske forskingsgruppa gjorde fyrst ein test der dei jamførde 30 bokssarar - alle på eit høgt elitenivå med minst 45 boksekampar attum seg - med 25 kontrollpersonar. Her syntet det seg at amatørbokssarane faktisk gjorde det signifikant betre enn kontrollgruppa på sume av dei kognitive testane.

Slik sett so kunde den svenske studien ha landa på same konklusjon som tidlegare forskingsarbeid: Boksing gjev ingen signifikant nedsett kognisjon jamført med annan idrott. Men svenskane gjekk eit steg vidare: Dei nytta seg av fysiske mæleresultat til å jamføra bokssarar med bokssarar - i staden for å jamføra dei med fotballspelarar eller andre slags referansepersonar slik ein tidlegare hadde gjort. Då byrja resultatet å verta litt meir interessant...

Ein reknar det som ein indikasjon på nevronskade i heilen dersom ein kann finna sokalla “neurofilament light”-protein som hev leke ut i ryggmergen. Forskarane freista difor å leita etter desse proteini i ryggmergsvæska åt bokssarane. Dei oppdaga då at dei kunde finna desse biomarkørane hjå 80 prosent av bokssarane rett etter at dei hadde gjenge ein boksekamp. Jamvel 3 vikor etter at bokssarane hadde slutta å boksa, so kunde ein framleis finna biomarkørane hjå 40 prosent av bokssarane. Det tok heile 3 månader fyre ein ikkje lenger kunde finna slike markørar lenger.

I staden for å jamføra bokssarane med ei kontrollgruppa som ikkje dreiv med boksing, so nytta ein dei fysiske mæleresultati til å

kløyva boksarane upp i tvo ulike grupper: Her skilde ein millom dei som 3 vikor etter siste boksekamp framleis hadde biomarkørar og dei som ikkje hadde det. Dei 40 prosent som hadde påviselege biomarkørar hamna i ei gruppa for seg, og dei hine 60 prosent tente til kontrollgruppa for den fyrste gruppa.

Når ein no kørde ein ny runde med kognitive testar på dei tvo gruppone, so såg ein at den gruppa som hadde påviste biomarkørar gjorde det dårlegare på flestalle dei kognitive testane, og jamvel signifikant dårlegare på sume av deim (Kjelda: "Neurological Assessment and Its Relationship to CSF Biomarkers in Amateur Boxers", Neselius et al, PLoS One, 2014).

Korleis skal ein forstå desse relativt nye resultat? Eg trur ein kann summera deim upp slik:

Ein ser ein at 80 prosent av amatørboxarane hev biomarkørar i ryggmergen - fysiske indikasjonar på heileskade - etter at dei hev gjenge ein boksekamp, men desse skadene ser ikkje ut til å vera store nok til at det let seg ettervisa med kognitive testar dersom ein jamfører med ei kontrollgruppa. Tvert imot ser det ut til at boksarane gjer det betre enn kontrollgruppa. Kann det vera at boksing fungerer som ei slags mental trening som oppveg dei fysiske skadene som ein påviseleg pådreg seg?

Ein ser at sume boksarar ser ut til å ha fysiske teikn på heileskade mange vikor etter at dei hev gjenge boksekamp, og desse boksarane gjer det signifikant dårlegare enn andre boksarar når ein jamfører deim i kognitive testar. Er det also slik at visse personar toler slag mot hovudet bra medan andre treng færre slag fyre det let seg mæla både i fysiske og kognitive testar?

Her trengst det meir forskning fyre ein kann segja noko sikkert. Det som ein i alle fall ser er at amatørboxing kann - for sume - føra til heileskade og nedsette kognitive evnor. Ogso utan at ein hev pådreg seg nokor retteleg heileskaking.

Kor mykje boksing kann framleis reknast for trygt? Ein freistnad på å kvantisera

Det å råka ut for ein hovudskade er ikkje til å kimsa av. Statistikken syner tydeleg at det å få kognitiv svikt som fylgja av hovudskade er nært korrelert både med tap av førarkort, tap av arbeidsplass og tap av ektefelle. Når eit kne vert skadd, so er det ein del av kroppen din som vert skadd. Men når heilen vert skadd, so er det sjølve personlegdomen din som vert endra. Du er vorten ein annan person enn det som du var tidlegare - både minnet og evna til å læra og planleggja kann ha tapt seg - og dette fær fylgjer for heile kringværet som du



til dessar hev fungert i. Klarar du framleis å fungera i ein jobb som krev mykje tenkjing og mykje andsvar? Kjem vener og kjende til å takla at du er vorten ein annan person enn han som dei kjende tidlegare? Det finst nok av personlege vitnemål frå folk som ikkje opplivde det heilt lukkelege utfallet...

Det hev vore gjort ein del forskning på amatørboxing der ein hev freista få amatørboxarar til å gjennomføra ymse slags kognitive testar fyre og like etter at dei gjekk kamp. Desse testane greidde ikkje å påvisa nokon nedsett kognisjon hjå boksarane etter at dei hadde gjenge kampar - med undantak for boksarar der domarane hadde avbrote kampen undervegs, also der boksarane mest sannsynleg hadde pådreg seg ei heileskaking. Det er also ikkje råd å ettervisa nokon akutt innverknad på kognisjonen, so sant ein ikkje er vorten heileskaka (sjå til dømes Heilbronner et al, "Neuropsychological consequences of boxing and recommendations to improve safety", Archives of clinical neuropsychology 24, 2009).

Når det kjem til kumulative effektar hjå amatørboxarar, so hev det - som me hev sett - ikkje vore råd å påvisa at amatørboxing generelt veikjer dei kognitive evnone når ein jamfører dei med andre kontrollgrupper av idrottsfolk.

For proffboxarar ser det derimot ut til at det er råd å påvisa ein samanheng millom reduserte kognitive evnor og kor mykje ein hev boksa upp gjennom åri i alt. Her ser det ikkje ut til å spela nokor stor rolla um ein er vorten heileskaka eller ikkje. Det er also dei kumulative skadeverknadene som ein boksar

verkelegt hev grunn til å vera redd for. I eit forskingsarbeid som tok fyre seg profesjonelle boksarar, so sette forskarane upp det som dei kalla for ein "Cumulative Sparring Index" (Stiller et al, "Sparring and neurological functions in profession boxers", Front Public Health 2014, doi: 10.3389/fpubh.2014.00069, <http://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC4104643/>).

Den kumulative sparringsindeksen kunde reknast ut på denne måten:

$CMI = (\text{sparringsycter pr vika}) * (\text{rundar pr ykt}) * (\text{intensitet pr ykt}) * (\text{total tal år med trening})$

Intensiteten vart då fastsett i eit intervall på 1 til 4, der 1 var med minimal eller ingen kontakt og 4 var same intensitet som i ei røyneleg tevling.

Forskarane kom fram til at det let seg gjera å mæla ein signifikant nedsett kognisjon hjå dei som hadde ein CMI på 150 eller meir.

Den kumulative sparringsindeksen kann vera nyttig for å kunna gjera seg ei vurdering av kor mykje boksing som kann reknast som trygt og kva tid ein bør gje seg medan leiken er god.

Kva so med amatørboxarar? Endå kor stor skilnaden er millom ein boksekamp på amatørnivå og proffnivå, so treng ikkje den daglege treningi um å vera so ulik. Det er nøgje regulert kor ofte ein kann gå amatørkamp og kor mange rundar ein kann gå i ein kamp, men når det kjem til sparring, so er det som regel upp til klubben og trenaren sjølv kor ofte og kor intens ein driv med sparring. Jamvel for amatørboxarar kann den kumulative sparringsindeksen soleides vera ein god mælestav på kor risikabel treningi er på sikt.

Um ein til dømes driv med lett sparring (intensitet=2) ein gong i vika, med 3 rundar pr ykt, so kjem det til å taka 25 år å nå ein CMI på 150. Um ein derimot driv med intensiv sparring (intensitet=3), med 12 rundar pr ykt og tvo gonger i vika, so tek det berre tvo år å nå denne grensa...

Forskning gjev fakta, men valet er ditt

Um ein vil driva med lett sparring ein gong i vika, attåt eit allsidig treningsprogram som sikrar at ein hev kondisjon og snøggleik nok til å verna seg slagi som kjem, so kann ein soleides konkludera med at boksing er ei rimeleg trygg tidtrøya. Kor som er: Um ein trenar i ein klubb so vil ein som regel oppliva at trenaren freistar motivera dei beste til å trenar meir og oftare. Det er ikkje serlegt rart, sidan det å trenar berre ein gong i vika rett og slett er for lite for dei som vil gjera framgang og verta skikkelegt gode. Det er like fullt ei

grensa for kor ofte og kor intensivt ein kann trenar fyre ein må ta ein høgst røyndleg risiko for langtidskadar med i reknestykkjet.

Det må nemnast at endå statistikken byrjar verda tydeleg på at det er ein samanheng millom amatørboxsing og nedsett kognisjon, so gjeld dette framleis berre eit mindretal av boksarane. Det er likt til at det fleste toler etter måten mange slag mot hovudet, medan det er eit mindretal som toler lite. Spørsmålet er vel då: Torer du å ta sjansen på at du ikkje er millom dei som berre toler nokre fåe slag? Um boxsing verkelegt er det som du er god på og du trur du kann nå langt med det, so er det kanskje berre dumt å ikkje gå ut frå at ein høyrer til det fleirtalet som toler det. Um ein derimot er eit eineståande talent innanfor realfag med von um å vinna nobelprisen i matematikk, so trur eg derimot ikkje at fritidsaktiviteten boxsing er verd den risikoen. Kor som er, i våre tider med individuell fridom og "informert samtykke", so er dette spørsmål som kvar og ein lyt vurdera for seg sjølv.

I alle fall so er det fullt moglegt å koma i form med teknikkar frå boxsing og samstundes halda seg undan det som er risikabelt. Boksetrening er langt meir enn berre kampar og sparring, det er ogso heile det treningssupplegget som er laga til for å få folk opp på det nivået at dei er i stand til å gå ein retteleg boksekamp: Kondisjonstrening, styrketrening, tekniske øvingar, trening av magemuskulatur. I det seinaste er det difor vorte meir og meir populært at treningsstudio tilbyr treningsprogram som er meir eller mindre like dei som boksarar nyttar seg av. Det er dessutan kome til nye aerobic-liknande treningssystem som inkorporerer teknikkar frå boxsing og annan kampsport, til dømes Tae Bo.

Er det moglegt å boksa tryggare?

Skader i boxsing knyter seg mykje til kva slags boksestil ein vel å nytta seg av, kva slags kroppstype ein hev - og ikkje minst livsstilen elles, og då serskilt um ein nyttar seg av alkohol eller ikkje.

Mange av dei beste boksarane er kjende for å vera totalfråhaldsfolk, sidan løysemiddel alkohol er ei pårøyning på lekamen og serskilt for dei flyktige feittstoff i heilen. Det er dessutan viktugt å drikk nok vatn so ein ikkje er dehydrert når ein trenar (hugs at heilen din flyt ikring i saltvatn inne i kraniet).

Vidare so er det stor skilnad på um ein trenar i eit proffboksarmiljø med mykje "infighting" og mange harde slag - eller i eit amatørmiljø som legg mest vinn på det tekniske.

Um ein nyter alkohol og hev ein nærgående boksestil, so er skaderisikoen større enn um ein er ein fråhaldande fråstandsboksar som legg vinn på eit godt forsvar.



Fysisk fostring, kameratskap, meistringsglede: Fyremunene som boxsing gjev oss er mange. Samstundes er det viktugt å tenkja yver den risikoen som kampsport alltid fører med seg.

Her spelar jamvel kroppsbygningen inn. Boxsing ser ut til å favorisera dei høge med lange armar. Er ein kraftig med stutte armar, so lyt ein byggja seg opp meir uvanlege eigenskapar um ein ikkje skal verda råka mykje.

Karrieren som amatørboksar varar ikkje ævelegt. Ein kann vera med i tevlingar til dess at ein fyller 40, deretter er det slutt. Det kann vera traumatisk for boksarar som heile livet hev livd på å vera fysiske einarar - når umgjevnadene ikkje lenger respekterar deim av di dei hev mist ungdomen og styrken sin.

Soleides gjeld det um å velja ein boksestil og eit treningsregime som ein kann slita med helsen, og ein lyt byggja opp andre kvalitetar enn dei reint sportslege - som sosiale evnor og kunnskap som ikkje gjeng ut på dato. Ein må læra seg å vera audmjuk. Framfor alt so lyt ein fokusera på å vera ein allsidig idrottsmann. Kor mykje pårøyning som ein toler og kor mykje tid ein treng for å koma seg til hektene att, det skil seg mykje på kosthaldet og helsesituasjonen elles. Um ein likar å boksa, so gjer ein samstundes klokt i å studera eventuelle skadesymptom og å øva seg på kontrastrategiar som positiv tenkjing - og kognitive og sosiale øvingar.

Ikkje alle må vera krigarar

For å setja det heile i litt perspektiv, so vil eg avslutta med å slå fast at det er mange ulike rollor ein kann ha i eit samfund, og det gjeld å finna seg den plassen der ein høver best. I det tradisjonelle indoeuropeiske samfundet hadde ein eigne kastar for bønder, krigarar og prestar. Både prestar og krigarar er det sers fåe

att av i vår tids marknadsstyrde forbrukarsamfund, men dei verdfulle sidone ved det å verda initiert inn i det krigerske tykkjer eg ikkje kann undervurderast. Når ein tileignar seg ein kampsport, ikkje minst ein fullkontaktsport, so tileignar ein seg samstundes verdfulle innsyner i det å vera menneske. Å friviljugt gå i ringen og møta det som ventar ein der - å verda stressa og pressa til det ytste - det gjev ei meistringskjensla som mange ikkje vilde vera forutan.

Eitt års fyrstegongstenesta i militæret var det ein gong slik at ein meinte alle mannfolk hadde godt av. Samstundes var det berre nokre fåe som var dugande og motiverte nok til å gå vidare med ein militær offiserkarriere. For å draga ein parallell til boxsing, so tenkjer eg at alle hev godt å læra seg grunnleggjande sjølvforsvar, og der er framfor alt boxsing den kampidrotten som er greidast for alle å tileigna seg. Samstundes er det slik at vil ein verda verkelegt god i denne idrotten, so krev det årevis med kampar og sparring. Då er det samstundes ikkje til å koma i frå at det er ein risiko for kumulative hovudskader som må takast med i reknestykkjet.

"Alderdomen gjev ingen mann fred, um spjut honom sparde", heiter det i Håvamål. Denne artikkelen er ikkje skriven for å åtvare nokon mot å driva med boxsing eller annan kampsport, men for at dei som driv på med eller vurderar å driva med det, veit kva dei gjev seg ut på.

Norske polititroppar i Sverige

Av Lars Bjarne Marøy

I norske framstillingar av krigen vert det ofte framstelt slik at krigen utsette folk for forflygging og vandemål som gjorde at dei måtte flykta yver til Sverige, men der sluttar soga. Enden på eventyret var at nordmennene kom seg velberga yver til Sverige, men so hende det ikkje meir, men i denne samanhengen skal me derimot taka for oss korleis motstandskampen arta seg for dei som kom yver til Sverige. Det var langt frå alltid slik at livet som norsk rymling i Sverige arta seg som ein so lukkeleg slutt som ein ser på film eller les um i bøker. I startfasen av krigen kunde fleire nordmenn til og med verta tilbakesende. Nordmennene hev naturleg nok lenge interessert seg for krigen, men i Sverige hev nok ikkje interessa i ettertid vore like sterk.

Utefrontens innsats kan elles sjå ut til å koma sterkt i bakgrunnen i norsk historie, og den svenske delen av utefronten hev bolkevis kvorve fullstendig ut. I den norske historieboki Portal, Det norske Samlaget, stend det fylgjande um utefronten:

Den viktigaste militære motstanden var utefronten og heimefronten. Utefronten bestod av nordmenn som fekk trening i militære basar i Storbritannia, USA og Canada, og som skulle setjast inn i militære operasjonar, helst i Noreg. Til utefronten hørte også dei over 24 000 sjøfolka i handelsflåten, som gav det største norske bidraget til den allierte sigeren ved å frakte krigsviktig utstyr og forsyningar. Inga gruppe hadde lengre samanhengande krigsinnsats enn desse sivile sjøfolka...

Meir vert det ikkje sagt om utefronten. Ein må undra seg yver um mange av utefrontens folk i USA og Canada i røyndi kom nærare kamphandlingar i Noreg enn det folk i Sverige må ha vore. I ei tidlegare norsk historiebok stend det derimot:

Naboskapet til Sverige hadde stor betydning for den norske motstanden. Mange nordmenn drog til Sverige, på flukt fra tyskerne eller for å komme videre og delta i krigen. Sverige ble etter hvert også et viktig utgangspunkt for støtte til hjemmefronten. Fra 1944 fikk nordmenn militær utdanning i Sverige. Ved krigens slutt stod «Polititropper på til sammen 15 000 mann klar til å delta i frigjøringen av Norge.

I ei slumpesamt utvald svensk historiebok som Alle tiders historia, Bergström, Löwgren og Almgren kan me mellom anna lesa: *Tusenttals norrmän flydde til Sverige, där många fick militär utbildning inför den kommande befrielsen.*

Ei anna svensk historiebok av Sten Elm og Birgitta Thulin er ikkje mindre interessant.

	London/Storbritannia	Stockholm/Sverige	Oslo/Noreg
Politiske aktørar	London-regjeringi frå juni 1940	Den Norske legasjonen i starten med ein minister	Leidingi av heimefronten
Forsvarsleiding	Forsvarets overkommando, Hærens overkommando, Forsvarsrådet	Ole Berg, militærattasje	Mil. orgs leiding
Operativt personell	Hersoldatar og marinesoldatar.	Polititroppane, oppstart, hausten 1943	Gutta på skauen. Folk som var trent til militært arbeid heime eller i utlandet.

Figur 1. Arbeidskløyvingi åt den sokalla "utefronten"

Boka heiter kort og godt Historia. Her heiter det:

I krigets slutskede kunde Sverige också göra en humanitär insats. Flykningar från de nordiska länderna, men också från Baltikum sökte seg hit. Från Sverige organiserades också hjälpinsatser i tyska koncentrationsläger. I första hand skandinaver men också judar och andra folkgrupper hämtades i slutet av kriget från tyskkontrollerade områden till Sverige. Den svenska diplomaten Roul Wallenberg, som senare forsvann i Sovjetisk fångenskap, lyckades rädda 10 000-tals ungerska judar genom att ge dem svenska skyddspass. Man var också beredd på en militär insats i Danmark og Norge om de tyska truperna där i slutet av kriget skulle agerat...

Her fær den norske historieoppfatningi eit breidare utsyn. Det var ikkje berre nordmenn som rymde til Sverige. Her er det svenskane som arbeider menneskekjærleg og som stend for dei militære råemni og var viljuge til å koma Danmark og Noreg til hjelp. Noreg stend att som eit avmechtig land utan store råemne til å kunna strida mot tyskarane, men tyskarane gav seg utan strid, så nordmennene var heldige.

Me stend att med vidt forskjellige inntrykk etter å ha lese desse lærebøkene. Den eine norske versjonen nemner ikkje Sverige som ein del av den norske utefronten. Den andre viser til at 15 000 nordmenn fekk militær utdanning Den svenske historieboki slær fast som ei kjensgjerning at tusentals nordmenn fekk militær utdanning i Sverige og at svenskane var klare til å gå inn i Noreg for å få tyskarane ut av landet. Det er ingen tvil um at når ein ser kor tilfeldig og sprikjande lærebøkene kan vera, so er det grunn til å gå til

andre kjeldor for å finna ut kva som var dei verkelege kjensgjerningane.

Sverige må ha spela ei sterk rolla i norsk motstandsarbeid og i arbeidet for å få til ei mest mogleg fredeleg maktyvertaking alt frå 1943 og fram til i mai-dagane i 1945. Den gruppa som stod for denne viktige krigsinnsatsen var knytt til det som vart umtala som dei norske politistyrkane i Sverige.

Det fyrste ein må få kasta ljøs yver er kor stor utefronten var. So må ein finna ut meir om forholdet mellom Noreg og Sverige og til slutt må ein finna ut korleis den militære utdanningi i Sverige i realiteten gjekk føre seg. Då vil me truleg òg finna ut kor viktig Sverige var.

Utefronten i det store og heile

Historikaren Olav Riste hev laga eit oppsett som kann tyda på at talet på flykningar i Sverige gjekk frå 2851, i januar 1942 og steig til 10 367 1. jan. 1944, 1. mai 1945 vert talet sett opp til å vera mellom 42 eller 43 000. Det kann tyda på at den svenske utefronten hev vorte svært viktig mot slutten av krigen. Men me treng å vita meir um utefronten. Kor stor var den norske utefronten i det store og heile? Riste tek for seg utefronten samla sett, slik det såg ut ved årsskiftet 1942-1943. Han definerer utefronten slik: Alle nordmenn som på grunn av krigen levde i eksil. Alle som på den eine eller andre måten hadde engasjert seg i arbeid for Noregs frigjering. På bakgrunn av denne umgrepsavgrensinga meiner han at det kan ha vore snakk om so mange som 50 000 ved inngangen av 1943 og nærare 80 000 fyrr krigen var slutt. Det vil segja at nordmenn i Sverige må utgjera um lag halvparten av heile

utefronten, ein formidabel del. Men vil det vera nok å slå fast dette. Storbritannia er truleg det landet som kjem nærast opp til å vera ein samlingsstad for nordmenn i utlegd. Kor mange nordmenn kan ha vore der?

Nordmenn som kom yver til Storbritannia kann plasserast i tvo hovudkategoriar:

- 1) Dei som kom yver Nordsjøen med båt
- 2) Dei som kom med fly frå Stockholm.

Bernt Balchen dreiv frakt med amerikanske transportfly frå Stockholm til England. Han frakta kannhenda so mange som 1500 yver frå Stockholm. Meir enn 3000 vart frakta yver til Storbritannia frå Stockholm i tillegg til Balchens flygingar. Opp mot 3000 kom med båt yver Nord-sjøen. Yver 1500 norske sjøfolk kom frå sjøen og gjekk i land i Storbritannia under krigen. Med desse tali kjem ein opp mot 9000 menneske. Totalt var det snakk um 12 739 menn og 1037 kvinner og 413 barn som kom til Storbritannia, men den norske utefronten utanfor Sverike må då ha vore større?

Gjeng ein til væpna styrkar gjorde 5000 mann teneste i marinen, um det då er snakk em yverlappingar med flyktingar hev eg ikkje kunna klårgjera. I 1942/43 var det iallfall 58 farty i Den kgl. norske marine. Mange skip gjekk til vern mot konvoiane i den austlege delen av Nord-Atlantaren, med hovudkvarter på vestkysten av Storbritannia. Vidare hadde hæren 2500 mann stasjonerte i Skottland ved årsskiftet 1942/43.

Same korleis ein reknar, vil ein her liggja på kring 20 000 mann i England. Det som derimot er meir interessant er den norske handelsflåten. Den norske handelsflåten var ein av dei største i verdi, og den norske innsatsen i denne flåten hev fleire gonger vorte understreka. Riste har med eit tal som er rekna utfrå dei som var knytte til handelsflåten 1. januar 1943. Då skal det ha vore 25 000 mann og 566 skip.

Ser ein på polititroppane slik dei vert umtalte av Magne Skodvin, kann me slå fast med Skodvin frå Store norske leksikon på nett at polititroppane var ei nemning på den norske militære styrken i Sverike under den andre verdenskrigen. Polititroppane vart skipa offisielt i desember 1943. Polititroppane var organiserte i 8 reservepolitibataljonar, 8 rikspolitikompani og stabs- og støtteavdelingar – den samla styrken var på kring 13 000 mann. Delar av polititroppane var med på frigjeringskampen av Finnmark 1944 til 1945. Dei andre vart yverførte til Noreg ved krigens slutt i mai 1945. Dette er dei faktiske kjensgjerningane, slik dei vert sette opp av ein av krigshistorikarane i Noreg, so må ein spørja seg um det ikkje er eit emne for seg å gå inn i eit slikt tema som polititroppane er. Polititroppane

utgjorde eit mannskapstal noko a la halvparten av mannskapet i den norske handelsflåten. Dette mannskapet spela nok ei lang og viktigare rolle enn polititroppane kunde gjera. Den norske handelsflåten frakta krigsviktige varor yver heile verdi.

Når ein ser på Storbritannia som var eit krigførande land, skulde ein vel venta seg at det var større norske mannskapar der, men med marine- og herpersonell og kanskje også flyvåpenpersonell kjem ein neppe til meir enn 10-12 000 mann. Av desse hadde truleg svært mange vore innoom Sverike, um enn ikkje fenge opplæring i politistyrkane. Kor vidt ein kann trekka inn Canada eller andre land, veit eg ikkje, men det ser ikkje ut til å rikka ved at politistyrkane må ha vore ein viktig militær ressurs i den norske utefronten, kanskje den viktigaste militære ressursen Noreg hev rådd med i utefronten. Ein må soleis segja at politistyrkane hev utgjort ein viktig einskildlekk i arbeidet for norsk frigjeringskamp.

Krigen reint ålment

Millom 1942 og 1943 snur krigens gang. Tyskland er i tilbakegang. Slaget ved Stalingrad, tapet ved El Alamein og den allierte framrykkingi i Italia fører til at Tyskland mister vurdning og prestisje millom både nøytrale og krigførande land. Denne utviklingi er serleg interessant når ein studerer den norske London-regjeringi og den norske utefrontens situasjon i heilo (totalt). Det var naturleg at den norske utefronten møtte skynsemd i Storbritannia. Storbritannia var eit krigførande land og ynskte å samla alle samgangsmaktene (dei allierte). Den norske handelsflåten vart viktig i tilhøvet til USA, då USA kom inn i krigen i 1941 og varor skulde frakast kringum i verdi. At det fanst norske marinefolk var viktig i lengjingslinone av det. Marinefolk trongst når ein skulle frakta varor i konvoiar eller utføra andre tenestor i tilknytning til sjøferdsla.

Sverike derimot var nøytralt. Når det galdt skipstrafikk hadde Sverike plikt til å halda seg innanfor nøytraliteten. Og ferdsla millom Noreg og Sverike på sjøen måtte offisielt sett berre gå føre seg millom det tyske styret av Noreg og Sverike. Det skapte naturleg nok vanskar for den norske utefronten. På den andre sida var det lett for nordmenn å taka seg over til Sverike yver landjordi. Den norsksvenske grensa er svært lang, og det vil vera nærast uoverkomleg å halda kontroll over alle grensestrekkingar som ofte er svært tunt folkesette (glåsbygde) og ofte fulle av skog. Sverike kunde heller ikkje avvisa dei fleste norske rymlingane. Ein del vart rett nok sende tilbake og fleire med urette, men fram til 1945 kom kannhenda so mange som 50 000

gjennom nålauga. Det er trass i alt eit stort tal. Men ein ting var at nordmenn kom seg yver til Sverige, noko heilt anna var kva som skulde skje i etterkant. I starten av krigen var det få som kom, men mot slutten vart det lang fleire. Det skapa utfordringar både for utefrontens leiding i London og for svenske styresmakter. For å forstå korleis forholdet millom utefrontens leiding i London og Sverike utvikla seg, må me fyrst setja oss inn i korleis viktige hendingar millom nordmennene og Sverike vart påverka av det handlingsrommet som var millom landi.

Tilhøvet millom Noreg og Sverike

Sverike hadde fyre krigen vore sterkt prega av krigen millom Finland og Sovjetsamveldet. Ein var mistruisk til påverknad frå Sovjet gjennom kommunistar, so kommunistar vart samla og haldne i forvaring i egne lægjer. Tyskvenlege herfolk og politikarar og svenskar som vilde halda strengt på nøytraliteten, kom i klar motstrid med nordmenns interessor som nok helst skulde ha vore full støtte bak nøytralitetens vern.

I fyrste halvdel av krigen var altså Sverike nøytral til gagn for Tyskland. Når ein kjem til 1943 vender det om. Då vert Sverike nøytral til gagn for Noreg. Kva hadde skjedd fram til då? Kva vanskar hadde den svenske lina skapa fram til vendepunktet?

I den fyrste halvlekken av krigen var det tri saker som skapte spenning millom Sverige og Noreg.

- 1) Tyske troppeyverføringar via jarnvegen
- 2) Disposisjonsretten yver norske farty i svenske hamner
- 3) Norsk diplomatisk representasjon i Sverige
- 4) yverføring av tyske troppar og utstyr via Sverige

I samband med kampane kring Narvik vart det opna for at sanitetspersonell kunde reisa yver svenskegrensa. Tyskarane utnytta dette og fekk sendt inn spesialpersonell. Etter at kampane var yver fekk ein yverføra krigstilgangar og militære einingar m.m. Denne utnyttingi av å kunna kryssa svenskegrensa heldt fram i 3 år. 2 millionar tyske soldatar vart overførte med svenske tog. Svenskane var klare yver at dei braut med nøytralitetetspolitikken. Per Albin Hansson, svensk statsminister skriv i dagboki si: "Så bröts vår kära och strikt hållna neutraliteteslinje av insikten om det orimliga att i detta läge taga risken av krig." Sumaren 1941 fekk ei heil militær eining "Division Engelbrecht" reisa yver svensk mark. Det er det mest eklatante brotet med svensk nøytralitetspolitikk.

I august 1943 la Sverike um nøytralitetspolitikken til gagn for norske interessor. 1.

august 1943 vart Tyskland nekta sokalla tranistering. Når Tyskland no hadde kome i tilbakegang på slagmarka, vart politikken frå svensk sida lagt um.

2) Disposisjonsretten yver norske farty i svenske hamner

Den norske regjeringi hadde rekvirert alle norske skip i utanlandske hamner og kravde at norske skip i svenske hamner skulde sendast yver til England. På den andre sida kravde Tyskland at alle norske skip skulde kontrollert av tyske reidarar i Noreg. Det vil i røyndi segja av Tyskland.

Sverige freista å løysa noko av problemet med å taka over ni skip som skulle gå i fart millom Sverige og Tyskland, medan dei andre skipi skulde verta liggjande i svenske hamner. Noreg godtok den svenske rekvireringi av ni skip, men kravde skadebot.

Både Storbritannia og Noreg protesterte mot at dei andre skipi skulle verta liggjande i Sverige. Vintaren 1941 greidde fem skip å koma seg yver til England.

Deretter vart det strid om ti andre skip. Ein rettskraftig dom i mars 1942 gav britane rett til skipi. Seks av skipi vart søkkte, tvo kom seg over til England og tvo kom seg tilbake til svenske hamner. 19 norske skipsmenn døydde, 236 vart tekne til fange og 43 av dei døydde i fangenskap. Dette førde til ei tilsuring av tilhøvet mellom Noreg og Sverige.

Norsk representasjon i Stockholm

Noreg hadde ein ministar i Stockholm. Då han døydde nekta svenskane å gjeva den nyupnemnde den same statusen. Svenskane vilde heller ikkje nemna ut ein diplomatisk representant ved den norske London-regjeringi.

Svenskane hadde eit negativt syn på den norske regjeringi i London. London-regjeringi fekk til slutt hjelp frå dei allierte. Dei allierte pressa på for å få til ein representasjon, og det vart det greidd opp med i 1943.

Vendepunktet i 1943

Det neste ein kann sjå på er kva som hender når det vender. Fram til då hadde dei norsk-svenske relasjonane vore på eit lågmål. No vert det sett inn sterke krefter frå norsk sida på å få i stand eit samarbeid med svenske styresmakter. Aktørane her er knytte til den norske legasjonen i Stockholm som igjen er underlagd London. I fyrste umgang må ein gå varsamt fram og finna ulike kanalar inn til svenske styresmakter, men på haustparten i 1943 i november/desember hev den norske saki nått heilt opp på svensk regjeringnivå. Kva er det som har skjedd?

Det som kjem i denne delen byggjer på Kersti Blidbergs artikkel, Polistrupper och operation

«Rädda Norge». Militær hjelp till Norge et svenskt intresse.» Artikkelen er trykt i boki Broderfolk i ufredstid – Norsk-svenske forbindelser under annen verdenskrig, Stig Ekman og Ole Kristian Grimnes, Universitetsforlaget 1991. Eg hev sett saman stoffet utan beintframme kjeldetilvisingar.

I London hadde den norske regjeringi skipa seg med Forsvarets yverkommando under leiding av sjefen Wilhelm Hansteen og stabsjefen oberst Bjørn Christophersen. Det skjedde i februar 1942. I tillegg vart det skipa til eit forsvarsråd, og det var nært hopehav millom forsvarsdepartementet ved Oscar Torp, Herens overkommando ved sjefen Johan Beichmann, oberstløytnant og Forsvarets overkommando og forsvarsrådet. Desse aktørane kunde ikkje påverka det som skjedde i Sverige beinveges. Det var òg vanskar med å få svenskane til å godtaka at dei skulde ha offisielle målmenn ved legasjonen i Stockholm. Men til slutt fekk dei sendt Ole Berg til Stockholm i april 1943. Ole Berg skulde med tidi verta ein svært sentral mann i tilknytingi/millomværet millom den norske forsvarsleidingi i London og svenske styresmakter når det galdt oppbyggingi av politroppane.

Dei norske planane om organisert utnytting av norske rymlingar i Sverige var ikkje nye i 1943, men det er då det byrjar å skje ting i Sverige. Karl Semb ein norsk lækjar får samla norske menn i helselegrar i juni 1943. Det var ein glup måte å få undersøkt helsetilstanden og samstundes få registrert mennene med tanke på seinare militær mobilisering.

I juli 1943 har ein fått svenske styresmakter sopass på glid at det let seg gjera å starta i det små med utdanning av ordenspoliti. I august 1943 sit like fullt sjefen for Forsvarets overkommando Wilhelm Hansteen med ålvorlege vanskar i høve til korleis ein skal få utnytta dei norske rymlingane på beste tenkjelege måte. Korleis skal ein få rymlingane klar for og inn i militær innsats i Noreg. Ein hev svært fåe menn med militær skulering, og det var ikkje nokor god samordning av dei norske rymlingane i Sverige. Ein måtte etter Hansteens oppfatning få betre kontroll yver nordmennene. Ein tenkte seg at nordmennene kunde slutta seg til allierte styrkar eller verka som ordensvakter. For at det skulde lukkast måtte ein byggja opp eit kontrollsystem yver rymlingane og skipa det til slik at rymlingane kunde flyttast rundt i samla flokkar. Det måtte altså setjast opp eigne lægrar.

I september er Rikspolitisjef Aulie, Justisministar Wold og stabsjef for forsvarets yverkommando Christophersen samla i Sverige. Dei konkluderte her med at ein såg

fyre seg tre typar oppgåvor:

- 1) politioppgåvor
- 2) militære vaktoppgåvor
- 3) militære stridsoppgåvor.

Dette var slottsatsen etter møtet millom legasjonen og leidarane frå London hadde bore til. Frå yverkommandoen i forsaret måtte ein alto vidare til den svenske legasjonen som var den som kunde setja planane i verk.

Nordmennene hadde fåe kontaktar inn mot svenske styresmakter. Den svenske sjefen for c-byråen ved forsvarschefens underrätelsesavdeling, Carl Petersén, var so godt som den einaste som ein hadde millomvære med. Harry Söderman ved Statens kriminaltekniska anstalt vart eit svært viktig millomledd millom svenske militære og sivile styresmakter og legasjonen i Stockholm. Han vart òg ein medspelar til Ole Berg. Berg var i utgangspunktet militær inspektør ved legasjonen i Stockholm.

Hausten 1943 etter møtet mellom Forsvarets yverkommando og den norske legasjonen i Stockholm, samlar Ole Berg, Carl Semb og Harry Söderman seg til eit møte. Dei lagar ein plan der målet er å utdanna 1200 mann til ordningspoliti og 10 000 mann til reservopolitifolk. 10. november kjem denne planen upp i den svenske regjeringi.

Planen hev tydelegvis vore uventa for den svenske regjeringi, for det var berre sosialministar Möller som var «benågen» til å godkjenna planen. Regjeringi hadde elles mange innvendingar. Etter fleire rundar med revideringar og understrekingar kunne ein koma fram til ein plan som den svenske regjeringi godtok 3. desember 1943.

Den svenske regjeringi sette upp Sosialdepartementet ved ministar Möller til yverordna leiding. Den utnemnde vidare Harry Söderman til utdanningsjef og Gustav Persson til inspektør for politilægrane. Kvar læger skulle ha eit umbod som skulde koma med rapportar til Söderman ein gong i veka. Umbodi hadde fullstendig kontroll med dei som var i lægrane. Utdanningsjef Söderman og Gustav Persson kunde reisa rundt på gjennomgangar/kontrollar i lægrane. I tillegg til desse vart sjefen for den svenske armeavdelingi, Nils Swedlund og Ole Berg involverte. Berg tenestegjorde som militærattasje frå 1943 for nordmennene, men vart fyrst godkjend av den svenske samlingsregjeringi i 1944.

Vegen vidare for nordmenn frå illegalt arbeid via flukten til seinare status i Sverige kann ein få eit inntrykk av i figur 2.

Tilhøvet til Tyskland og nøytraliteten

Tyskland fekk naturlegvis greida på kva som

gjekk fyre seg i lægrane. Periodevis hev det nok endåtil vore tyske spionar i lægrane, slik sett kjem vel den offisielle tyske protesten vel seint når den tyske regjeringa 13. April 1944 yverleverte ein note til Sverige der dei slår fast at det er med undring dei hev røynt at den svenske regjeringi hev samla 10 000 norske og 1000 danske flyktingar til militær utdanning i fleire lægrar. Ein hadde skaffa seg detaljerte opplysningar om utdanningi i ein norsk lægjer og visste at dei var utstyrde med svenske våpen og ammunisjon. Tyskland slo fast at dette var i strid med folkeretten og at dette sette til side Sverikes plikter som nøytral stat, og ein viste til Haag-konvensjonen. Tyskarane vilde ha slutt på dette brotet på nøytraliteten.

19. april svara svenskane. Dei peika på fåren for at tyskarane skulde flykta til Sverige. I so tilfelle vilde dei unngå at det vart fullstendig kaos, og difor hadde dei sett i gong utdanning av velutdanna politifolk. Det var ikkje snakk om militærtjeneste. Det var derimot tale om ei utdanning til ei rein politiutdanning der det var med ein del utdanning i skyting.


Det er kjent frå svensk sida at tyske fly flaug over Öreyslægren og fotograferte. Den tyske etterretningstenesta var veletablert i Sverige under krigen og fylgde nøye med i utviklingi av lægrane. Det var òg norske quislingar med i flyktingestraumen yver grensa. Dei spionerte og rapporterte.

Uppbyggnaden åt polititroppane

Sjølve inndelingi i rikspoliti og reservepoliti var grunnlaget for utdanningi. Lat oss fyrst sjå på rikspolitiutdanningi. Rikspolitiutdanningi gjekk fyre seg etter tvo linor. Ei lina for kriminalpolitifolk med hovudvekt på kriminalteknikk, forhøyrsteknikk og rapportskriving. Kurset som gjekk fyre seg over 3 månader vart lagt til Statens polissskola i Stockholm og var under leiding av dei lærarane som fanst der. Rekrutteringi skjodde i fyrste hand millom dei norske flyktingane som var politifolk eller hadde militær utdanning og millom dei som hadde juridisk utdanning.

Den andre lina hadde retta seg inn mot å utdanna ordenspoliti. Den vart lagt til Johannesbergs herregard i Gottröra, millom Stockholm og Uppsala. Kursi vart laga etter mønster frå den svenske utdanningi av feltpolitifolk i dei militære einingane (förbanden). Desse studentane skulde kunna klara å vera både ordenspoliti og infanteristar i ei lett infanteri-eining. Ein stor del av utdanningi umfatta våpenkunnskap og skyteøvingar. Desse studentane måtte ha god fysikk og helsa.

Totalt kom talet upp til 1500 mann som tok



Figur 2. Innslusing av menneskelege ressursar.

denne utdanningi i januar 1944. Dei vart fordelt i 8 kompani under det samlande namnet "Rikspolitiet".

Ole Berg og Harry Södereman hadde tanken om å utdanna unge nordmenn til reservepoliti alt i august 1943. Det skulle ikkje vera ei personleg utdanning, men vera ei utdanning i eigne einingar. Ein enda opp med 9 feltbataljonar av reservepolitiet.

Harry Södereman skaffa våpen

Alt i juli 1943 hadde Harry Södereman sett i gong med politiutdanning. Den svenske regjeringi var redd for tyske tilbakeverknader, men hadde vanskeleg for å bremsa Harry Söderemans framferd. I juli 1943 var det snakk om ein lægjer i Gottröra, der hadde ein sett i gong med utdanning av 70 politifolk. Södereman fekk lov til å henta ut 10 kulsprutepistolar og 60 pistolar frå armeens forråd. Men Södereman hadde langt djervare planar. Det er verd å studera nærmare korleis svenskane såg på desse innspeli frå Södereman og nordmennene. Tage Erlander arbeidde under stat-

sråd Möller i socialdepartementet. Erlander skriv i memoarane sine:

Jag var inte säker på att statsråden riktigt gjort klart för sig vad man nu givit sig in på. Ingen av dem kände den dynamiske och expansive Harry Söderman. Det gjorde Möller och jag, och vi forstod att 70 pistolar inte skulle tilfredsställa honom mer än någon vecka.

Söderman skrev i ett brev vid den blygsamma starten av ordningspolis kursen att den skulle bli något mycket stort. Den 30. Augusti fick jag ett brev från honom, där han anhöll att få 1000 kulsprutepistolar, 750 gevär och 750 automatpistolar. De var ingen dålig utrustning för de 70 man han hade tillstånd att utbilda.

Men jag som följt utvecklingen från hälsölägrens tilkomst blev inte överraskad. Redan efter fyre dagar var i klara för beslut och lyckades förmå en tillförordnad regering bestående av Per Albin Hansson, Sköld, Bergquist och Rosander att bifalla Södermans framställning. Formellt säkerligen det besynnerligaste

beslut som jag varit med om at förbereda. Det fanns ingen offentlig uppgift om att det gällde norska poliser, endast att det gällde "viss" polisutbildning. Det fanns inga beslut om antalet poliser. Det fanns ingen uppgift om varifrån vapnen skulle komma. De flesta inköptes på öppna marknaden och resten anhöll Söderman att få köpa från arméns förråd för norska pengar.

Regeringen, särskilt försvarsminister Sköld, var inte tilfredsställd med Socialdepartementets och Harry Södermans handläggning av detta ärende. Frågan tillmättes nu den viktiga att statsministern själv övertog beredningen av och förhandlingar om den norska polisutbildningen."

Erlander får godt fram kor uvisst og innfløkt heile upplegget kring politiutdanningi var. Det var tydelegvis um å gjera å halda alle opplysingar um lægrane på eit minstemål. Men det var so mykje løydemakeri at det vart uforsvarleg. Tilstanden betra seg utyver hausten i 1943 som me hev sett ovanfor, men likevel må all denne uvissa og løynleghaldet ha påverka livet i lægrane.

Örerydslægjeren

Ein av stadene der det var etablert ein lægjer var i Öreryd, ikkje langt frå Jönköping.

Alle lægrane som vart bygde fekk ein likearta standard. Dei skulle drivast mest mogleg sjølvstendig. Der Socialstyrelsen hadde vore med helselægrane, kom det no inn norsk forvaltning. Brakker som fyrr hadde vore nytta av norske skogsarbeidarar fekk no ein ny verkemåte. Lægjeren hadde sjølv bakeri, vaskeri (tvätter), skreddarar, skomakarar, snekkarverkstad, våpenverkstad og reperasjonsverkstad for køyrety (fordon). Arbeidsformidlinga vart flytta til Kjesäter når Öreryds-lægren voks fram. I Öreryd og Mossebo like ved vart det samla 1200 mann, itillegg kom administrasjonspersonell som gjorde at ein på det meste kom heilt opp på 1400 mann. Dei som ikkje fekk plass i brakkene vart sende rundt på gardane i området. Mossebo-lægjeren var i slutten av 1943 og fram til juni 1944 ein uppsamlings- og ventelægjer for nykomne flyktningar frå mottakingsentralen i Kjesäter. Det var dei som var uttekne til å gjennomgå politiutdanning, men enno ikkje var plasserte som kom hit.

Den 15. Juni 1944 vart Mossebo ein spesiallægjer for utdanning av dei som skulde greida opp med telefon- og telegraftenester i Noreg etter krigens slutt.

Våpenutrustning var viktig når ein skulde driva militær oppskulering. I desember 1943 vart det opna for at våpen, ammunisjon og sprengemne skulde utleverast frå svenske mil-

itærlager. Våpni vart lånde, men ammunisjon og sprengemne vart betala som forbruksvare. Nordmennene fekk i starten vakt yver utstyret i lægrane, men etterkvart kom det opp som eit problem at utstyr vart lurt undan og truleg smugla yver til Noreg. Då kom det inn svenske vakter. Likevel vart det nytta urimeleg mykje ammunisjon og sprengemne ved øvingane, so her har nordmennene òg kunna smugla ut krigstilfang til heimestyrcane i Noreg.

I starten hadde ein tilgang til pistolar, kulsprutepistolar, mausegevær og lette granatkastarar. I november 1944 fekk Öreryd lov til å bruka tyngre våpen i utdanningi. Dei vart då utrusta med millom anna 80 mm granatkastarar, 20 mm kombinerte luft- og panservernsskanon og 37 mm panservernsskanon. Den IV bataljonen i polititroppane vart no godt utrusta for krig gjennom Gottröra.

Samla mobilisering mot slutten av krigen

Det offisielle samarbeidet millom det svenske militæret og leidingi av polititroppane utvikla seg i 1944. Frå hausten 1944 trong ikkje nordmennene lenger å bruka Söderman som millom-mann. Dei kunne forhandla beint fram med den militære leidingi i millom anna utrustnings- og utdanningsspursmål.

Svenske instruktørar vart leigde ut til nordmennene for å utdanna dei norske soldatane. Svenske offiserar tenestegjorde som ein slags rådgjevarar for dei norske bataljonsjefane, slik at dei kunne leida bataljonsøvingar. Svensk befall medverka som spesialinstruktørar i øvingar med tunge våpen, luftvernsskyting, pionerteneste, signalteneste m.m. Instruktørane kunne ikkje få ordre om å arbeida i dei norskelægrane, men dei var oppmoda om å melda seg frivilligt og fekk permisjon frå den ordinære tenesta.

Norske soldatar fekk til og med utdanning ved svenske militære skular. Til dømes fekk ein tropp frå militærforleggingen Skålmyra i Ore utdanning i bruk av luftvernsskanonar ved den svenske luftvernsskytteskolan ved Garsås. Den låg inntil Siljan i Mora kommune. Her dreiv norske og svenske avdelingar militære øvingar under same leiding.

Den norske militærleidingi hadde stor mangel på befall. Dei fleste norske offiserane i Sverige hadde lite røynsla. Svensk befall hadde 4 vikors intensivkurs, der kunnskapane for det norske befalet vart friska opp att. Utdanningi gjekk mykje på svenske våpen. Bataljons- og kompanisjefar fekk endåtil utdanning i militær taktikk. Underoffiserar mangla ein nesten fullstendig, so vanlege soldatar som viste seg duglege vart snøggutdanna i tvomånaderskurs.

Dei norske polititroppane var lenge spreid-

dde i ulike lægrar yver heile Sverige. Den fyrste fellesøvingi vart halde i Dalarna 1. – 8. Desember 1944 med ein styrke på 4800 mann. Den gongen var ikkje IV bataljonen frå Öreryd med. Derimot var den med ved ein stormanøver i Hälsingland. Denne manøveren vart halde 4.-14. April 1945 og umfatta umlag 6000 mann. Den øvste leidaren for manøveren var militærattasjen Ole Berg. Øvingsleidaren var Nils Svedlund som hadde med ein stab av svenske og norske offiserar. Denne manøveren vart hard, men var betre planlagt enn Dalamanøveren. Ein hadde ein fastare organisasjon, og avdelingane var meir samøvde enn tidlegare.


Samla sett kan ein segja at dei svenske instruktørane gjorde ein stor innsats for dei norske styrkane, både når det galdt befals- og rekruttutdanningi. Dei var for det meste svært umtykte, for dei var yrkesbefal og fagfolk på området – i mykje høgare grad enn tilfellet var med det norske befalet. Yrkeskunnskapane gav dei vyrdnad, men dei norske soldatane var òg uvanleg godt motiverte.

Spenningane var sterke i dei norske militærlægrane kring 1944/1945. Mange rekna med at ein no var mogen for å gå saman med heimefronten og allierte styrkar om å driva ut tyskarane frå Noreg.

Alt undervegs under utdanningi kunde ein åskoda at nordmennene var glohuga for utdanningi. Harry Söderman var på mange inspeksjonsreiser, og han heldt talar der han vilde kveikja opp mannskapet. Han skildrar stemningi i lægrane slik at folk der var fulle av fosterlandskjærleik og offervilje. Ei brakke hadde ein måla "Alt for Norge" på med store bokstavar. Det var ikkje berre eit tomt talesett, meinte Söderman. Dette var menn som var villige til å døy for Noreg, slær Söderman fast. Men på den andre sida var det burtimot 1000 mann som rymde frå lægrane.

Den svenske forsvarsstaben hadde yver lang tid planlagt ein operasjon Rädde Norge. Det var namnet på ein plan um militær inngriping for å redda Noreg um tyskarane nekta å kapitulera eller um det kom til harde stridar med motstandsørsla og kanskje til blodbad på sivile innbyggjarar. Operasjonsplanen kann sjåast meir på som ein militær plan enn som ein politisk affære. Fyrst i byrjingi av april 1945 tok regjeringi til å visa interesse for planen. Frå starten av var Rädde Norge berre ei sak for Sverige. Di nærare ein kom det nazi-tyske samanbrotet, di viktigare vart det med eit praktisk norsk-svensk samarbeid. Det vart sett i gong arbeid med å få eit godt hopehav millom den svenske og den norske forsvarsleidingi og Milorg i Noreg..

Det hadde lenge vorte samarbeid millom Ole Berg, den norske militærattasjen og Nils



Figur 3. Styringsmodellen åt polititroppane i Sverige.

Swedlund ved den svenske forsvarsstaben. Svenskar som var engasjerte i Rädde Norge var òg engasjerte i polititroppane. Dei var stort sett dei same personane.

Det interessante spørsmålet var korleis dei norske troppane skulle brukast ved ei svensk framrykking. Svenskane skulde få tilgang til norsk etterretningsinformasjon og norsk etterretningsbefal skulde fylgja dei svenske troppane. Gjennom polititroppane planla ein ein medverknad i operasjon Rädde Norge og knytte seg opp til mange av dei norske militære tankegangane om den rolla troppane skulde spela. Dette var planar som var vel gjennomdrøfte på norsk sida. Forsvarets overkommando i London var òg førebudde på at det kunde koma til ei svensk innrykking i Noreg. Det vart planlagt ein svensk-norsk militæravtale for å regulera ei rad praktiske og kjensluge spursmål, mellom anna kommandotilhøvet.

Ein må tru at sambandet mellom den svenske og den norske militærleiingi var formalisert på våren 1945. I mars 1945 vart Paal Frisvold send til Stockholm frå London. Han vart stabsjef for polititroppane. Rolf Erichsen kom som representant for heimefronten ved Mi IV som var det norske stockholmkontoret for Milorg i Noreg. Dei tvo skulde administrera inngangen i Noreg, samordna stabsarbeidet millom polititroppane og Milorg, og dessutan halda uppe sambandet mellom Polititroppane og Milorg og halda sambandet med den svenske forsvarsstaben.

Frå norsk side var ei alliert frigjeriing av Noreg det mest naturlege ut frå dei alliansetilhøvi som råda, og ei svensk inngriping vart nok rekna som ei dårlegare, men kanskje ei naudsynt løysing. Den svenske krigsmakti var likevel fullt fyrebudd på å gripa inn militært i full skala for å hjelpa Noreg i sluttfasen av kri-

gen, men det viste seg at dette ikkje vart naudsynt. Alt fekk ein fredeleg utgang den 7. Mai 1945. Då kapitulerte dei tyske styrkane. Dagen etterpå gjekk det ut ordre frå forsvarsstaben til militærumrådestabane at planleggjingi av operasjonen Rädde Norge skulde stogkast.

Tidleg styring av polititroppane

Leidingi av polititroppane frå hausten 1944, stytta ned modellen. Harry Söderman spelar ei meir sentral rolle enn ein får inntrykk av her. Dei norske kommandotilhøvi var meir samansette. Og Olaf Helseth hev havt ei sentral rolla i oppfylgjingi av norske soldatar serleg i Dalarnemanøveren. Og vert iallfall frå 1945 omtalt som «polititroppenes øverstekommanderende». Vidare undersøkingar må til for å få klarlagt når han vart det. Under Dalarnemanøveren skriv Anders Johansson at Olaf Helseth og Ole Berg leidde denne operasjonen. Thor Hoffsbro meiner at Olaf Helseth var vel så viktig som Ole Berg i mil-lomværet med soldatane.

Konklusjon/oppsummering

Det er grunn til å segja oppsummeringsvis at ein kann slå fast at Sverige truleg kan segjast å vera den nest viktigaste delen av utefronten. Det er berre handelsflåten som heilt klart var langt viktigare. Når det gjeld militær trening og utdanning var Sverige vel så viktig som England, trass i at England var ei krigførande makt. Det er mogleg at dei som tenestegjorde under london-regjeriingi hadde viktige oppdrag på alliert side under krigen, og ein skal på ingen måte undervurdere den krigsinnsatsen dei utførde, men dei norske polititroppane var store i talstyrke og viste seg som viktige på meir enn ein måte i å markera norsk vilje til sjølvstende og kamp.

Me hev sett at Sverige starta som tyskvenleg og at nordmennene måtte gå varsamt fram for å få gjennomslag for den hjelpi dei trong frå Sverige. Men etterkvart som ein fyrst fekk gjennomslag på svensk sida ser det ut til å ha vore svært godt samarbeid til dømes millom Nils Swedlund og Ole Berg. Det interessante er òg at den norske forsvarsleiingi frå London involverar seg. I tillegg til dei møti og personane som me hev vore inne på her, var det ei rad møte millom målsmenn frå norsk, svensk og britisk sida. Det kan vera eit heilt nytt studium i seg sjølv. Når ei norsk historiebok utelet Sverige frå utefronten so fullstendig som Portal, utgjeve at Samlaget, er det tankevekkjande og lite tillitsvekkjande. Elles er umtalen av krigen i både norske og svenske bøker mildt sagt yverflatleg.

Ikkje berre er det ille at den svenske delen av utefronten vert utelaten i ei norsk historiebok. Det er òg ille at det ikkje vert understreka at svenskane gjekk so langt i å hjelpa Noreg som dei gjorde. Sverige var trass i alt eit nøytralt land, og ein kunde ikkje venta at det utan vidare let seg gjera å hjelpa eit granneland, jamvel med store våpenforsyningar og militær trening som var heilt avgjerande for at polititroppane skulde kunna fungera som moderne og operativt militært personell. På slutten av krigen var det til og med på tale å senda inn svenske troppar mot Noreg. Det er litt av eit poeng når ein tenkjer på at Noreg og Sverige var på kanten av krig i 1905. Førti år seinare planlegg nordmenn og svenskar å invadera Noreg gjennom operasjon Rädde Norge.

Boklista

Abrahamsen Olav A, Dyrvik Ståle, Nielsen Ohman May-Brith, Andreas Aase, Portal, Det norske Samlaget, 2. utgåva 2007
 Bergström Berge, Löwgren Arne, Almgren Hans, Alla tiders historia, Grundbok för gymnasiet A-kurs, Gleerups förlag,
 Blidberg Kersti i Ekman Stig og Grimnes Ole Kristian, Broderfolk i ufredstid, Universitetsforlaget, Oslo 1991
 Elmoch Sten och Thulin Birgitta, Historia, Gymnasieskolan, Kurs A, Interskol, , Alvesta 1995
 Knorring Göran von, Ore i andra världskrigets skugga, Ore hembyggsförening, Ekenberg 2011
 Skodvin Magne, Norge i krig, Aschehoug, 6. opplag 2007 bind 7, s. 200
 Sven Johansson, Kyrkbyn som togs i beslag, Isaberg förlag, 2002
 Sejersted Francis, Sosialdemokratietis tid-salder : Norge og Sverige i det 20. århundre bind 2, Pax forlag, 2005



Og slik går no Dagan... Og Tidi...

Samrøda nedanfor er rein fiksjon og hev ingenting med verkelege hendingar å gjera. Alle samanfall med røynelege saker og personar er utilsikta og reint på slump...

-Goddag, kven er det som ringjer til min telefon – frå løynt nummer?

-Hei, det er Svanhild Hansen som ringjer frå avisa Dag og Natt. Er eg komen til Olve Storheim? (Ho er so fin i målet)

-Det stemmer det ja.

-Ja, som du veit, Olve, so hev me dei siste tri vikone sendt deg Dag og Natt gratis i posten, og no er me spent på um avisa hev falle i smak og um du kann tenkja deg å verta tingar hjå oss. Kva segjer du til det, Olve?

-Vel, vel, eg er glad for at du spyrr um dette. Sidan eg sjølv er redaktør for eit lite tidsskrift, Nordmannen, so veit eg kor viktig det er med god lesarkontakt. No er saki den at eg hev sendt dykk etter måten mange ulike lesarinnlegg i det seinaste året. Eg hev i tur og orden kome med innlegg både um nynorsk randsoneproblematikk, innvandringspolitikk i eit globaliseringsperspektiv og no til slutt nynorsk næringsutvikling og elektronikkutvikling. Kor som er, alt eg sender inn vert konsekvent avvist...

-No er det mange som sender oss stoff, Olve, og det er stor pågang...

-Det kann du segja, men dette er alle innlegg som andre hev oppmoda meg um å senda inn av di dei tykkjer dei er godt skrivne og fortener å verta lesne av fleire enn av dei som fylgjer min eigen vesle publikasjon. Når det gjeld artikkelen eg skreiv um elektronikkutvikling, so er dette eit fagfelt der eg jamvel hev ein doktorgrad å slå i bordet med, og eg skulde soleides vera kvalifisert so det held til å skriva um temaet.

-På meg verkar det som um det er det same kva eg sender inn, alt vert refusert. Dag og Natt framstår beint fram som ein blokkert kanal for min part – med einaste undantaket våren 2013 – då eg kunde nytta meg av min presseetiske rett til tilsvar på åtaki frå ein halvstudert røvar som media

hadde utnemnt til “ekspert” på ymse slags ovringar i myrke avkrokar på internettet – alto slikt som ikkje hev noko med meg å gjera.

-Til lags åt alle kann ingen gjera, Olve.

-Nei, men det sviv seg ikkje berre um meg her – og forresten so treng du ikkje segja fyrenamnet mitt i kvar einaste setning når du talar med meg. Eg hev til dømes kome i snakk med andre som hev sendt innlegg og stykkje til avisa, og som er vortne avviste av redaktør Kjeråker, dei med – med grunngevingi at de ikkje tek inn tilfang frå «folk me ikkje kjenner».

-Det var no litt spesielt...

-Ja, på meg lyder det som Catch22: For det er vel klårt nok at dersom det er redaksjonsmedlemene sjølv som er på jakt etter stoff, so kontaktar dei einkvan som dei kjenner til frå fyrr av – jamvel um vedkomande kanskje ikkje er den mest kunnige og kompetente som finst der ute. Normalt burde ein vera takksam um det er einkvan som på eige tildriv kontaktar avisa og kjem med tilfang, men her vert ein alto avvist berre av di ein ikkje er kjend hjå redaksjonen? I praksis heiter dette at nye skribentar ikkje slepp til i avisa dykkar – so sant ein ikkje finn dei ein stad i dykkar eige umland av «veners vener»... Men tykkjer de ikkje at ein bør gje nye skribentar ein sjanse, eller tek de berre inn kjendisar som media alt hev sett på pidestall i andre høve? Eg tenkjer då til dømes på den halvstuderte røvaren frå Samnanger som eg nyss hev nemnt...

-Eg skynar, men ta ikkje meg – eg arbeider berre med å selja bladet til folk... (Ho er ikkje so fin i målet lenger)

-So gå då, kunde eg ha sagt som trollet i eventyret. Det gjer eg ikkje. Det er nett de som skal selja bladet til andre som er i “frontlina” og som hev høve til å koma i dialog og få attendemelding um kva det er folk ynskjer å lesa og ikkje. Det er vel ikkje slik at det er vassette skott millom dei som skriv og dei som held kontakt med lesarane?

-Nei, det hev du rett i...

-Eg hev freista senda inn stoff um dei

mest mangslungne emne, og det heiter: Saker og ting som eg både interesserar meg for og som eg meiner eg kann skriva noko vitugt um. Når ingen av dei sakene som eg interesserar meg for er av interessa for Dag og Natt, kva er det då som fær dykk til å tru at eg kjem til å finna noko som interesserar meg når eg les bladet dykkar?

-Nei, no vert eg svar skuldig her...

-Ja, for det er vel slik at de faktisk ynskjer å formidla noko interessant og meningsfullt til meg og andre som de skal ha til å tinga bladet? Det er vel ikkje slik at det berre er pengane våre som de er ute etter?

-Nei, eg vonar no endeleg ikkje at du trur det...

-Nei, det trur eg ikkje. For det hadde rett og slett vore litt for frekt um det var slik å forstå at mine meiningar og mine perspektiv ikkje er noko som de vil vita av – men pengane mine, dei vil de ha! So vondt kann eg berre ikkje tru um den vyrde redaktør Kjeråker...

-Du, no trur eg at eg må ta neste person i lista her. Men eg skal bringa innspeli dine vidare til redaksjonen (ho byrjar verta arg i målet).

-Den er god! Du skal ha takk so mykje for at du hørde på meg. Ein avisredaksjon som stengjer seg inne i si eigi vesle bubla, dei kann ikkje halda det gåande i lengdi. Ikkje ein gong um ein vert halden kunstig i live med statsmidlar... I millomti veks alternative media fram, og den dagen statskrani stengjer kjem me til å vera sterkare enn dykk! Ha ein god dag!

Klikk sa det i røyret. Og snipp, snapp, snute, so var telefonsalet ute.

Forfattaren av denne fiksjonssamrøda hev framleis von um å få inn artiklar og innlegg i framtid og ynskjer difor å vera anonym

Sluttordet:

Du fær ingen harmoni um alle syng den same tonen.

Doug Floyd

**Målmannen er alltid open for nye skribentar.
Kom gjerne med innlegg og stykkje, du med!**